2. Kommunestyret viser til konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.
3. Tiltak skal gjennomførast i samsvar med framlegg frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:
Oppdatering av økonomireglement innan 1.7.2015.
Utarbeide eige innkjøpsreglement innan 1.4.2015.
Inngå fleire rammeavtaler gjennom SFFI løpande.
Opplæring av tenesteleiarar og bestillarar i innkjøpsreglement og lovverk innan 1.7.2015.
4. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga/framdrifta til kontrollutvalet i møte i mai 2015.»

Handsaming i Kommunestyret 10.03.2015:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke

KST-010/15 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport om revisjon av innkjøpsrutinar for Plan og næring i Jølster kommune til orientering.
2. Kommunestyret viser til konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.
3. Tiltak skal gjennomførast i samsvar med framlegg frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:
Oppdatering av økonomireglement innan 1.7.2015.
Utarbeide eige innkjøpsreglement innan 1.4.2015.
Inngå fleire rammeavtaler gjennom SFFI løpande.
Opplæring av tenesteleiarar og bestillarar i innkjøpsreglement og lovverk innan 1.7.2015.
4. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga/framdrifta til kontrollutvalet i møte i mai 2015.»

Saksutgreiing:

Det vert vist til saksutgreiing frå SEKOM og vedtak i kontrollutvalet 17.12.14, samt rapport frå Kryss Revisjon av 04.12.14.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

«JØL-024/14 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport om revisjon av innkjøpsrutinar for Plan og næring i Jølster kommune til orientering.
2. Kommunestyret viser til konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.
3. Tiltak skal gjennomførast i samsvar med framlegg frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:
Oppdatering av økonomireglement innan 1.7.2015.
Utarbeide eige innkjøpsreglement innan 1.4.2015.
Inngå fleire rammeavtaler gjennom SFFI løpande.
Opplæring av tenesteleiarar og bestillarar i innkjøpsreglement og lovverk innan 1.7.2015.
4. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga/framdrifta til kontrollutvalet i møte i mai 2015.»

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	03.04.2014	Kryssrevisjon	Innkalling til oppstartsmøte i samband med tinga forvaltningsrevisjon frå Jølster kontrollutvak
3	I	14.11.2014	Kryssrevisjon	Høyringsutkast på forvaltningsrevisjon.
2	U	27.11.2014	Kryssrevisjon	Forvaltningsrevisjon - Innkjøp. Rådmannen sine kommentarar til høyringa
4	I	18.12.2014	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjon - Innkjøpsrutinar for Plan og Næring i Jølster kommune - sak 024/14 frå Jølste rkontrollutval



Rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbod

Jølster kommune

Adressa til verksemda: 6843 Jølster
Tidsrom for tilsynet: 23.01-19.03.2015
Kontaktperson i verksemda: Kommunalsjef Kirstin Bruland

Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med Jølster kommune, Vassenden busenter, den 18.03. og 19.03. 2015 . Denne rapporten gjer greie for funn på området det var ført tilsyn med.

Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon og gjaldt følgjande område:
Rehabiliteringstilbodet til pasientar som er overført frå spesialisthelsetenesta til sjukeheim.

Tilsynet skulle undersøke følgjande fasar i rehabiliteringsprosessen:

- Handtering av relevant informasjon som følgjer pasienten
- Kartlegging av behov for rehabilitering
- Målsetting for- og planlegging av rehabilitering
- Gjennomføring og evaluering av rehabiliteringstiltak
- Utskriving/avslutting av rehabilitering

Det vart ikkje funne avvik under tilsynet i Jølster kommune.

Det blei gitt to merknader:

1. Jølster kommune bør nytte tverrfagleg samarbeid meir systematisk
2. Jølster kommune bør nytte internkontroll meir systematisk

Dato: 15.04.2015

Bjørg Eikum Tang
revisjonsleiar

Per Stensland
revisor

Innhald

Samandrag.....	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av kommunen	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta.....	4
5. Funn	4
6. Regelverk	4
7. Dokumentunderlag	5
8. Deltakarar ved tilsynet	6

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn i Jølster kommune, Vassenden busenter, 18.–19.03.2015. Tilsynet er eit av dei planlagde tilsyna som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomfører i år.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helsetenesta etter lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenesta § 2.

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Dette inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen, gjennom internkontroll, tek hand om ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfattar å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor ingen fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor alle områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, som ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynslaget finn grunn til å påpeike betringspotensial.

2. Omtale av kommunen

Jølster kommune har omlag 3000 innbyggjarar. Kommunen har to tettstader i kvar sin ende av Jølstravatnet, Skei og Vassenden. Skei er kommunesenter, kommuneadministrasjon og dei fleste kommunale tenestene er lokaliserte der. Sjukeheim, legekontor og helsestasjon med meir har hovudbase på Skei, men det er helsestasjon med kontor for skulehelsestenesta og eit busenter med fleire omsorgsbustader på Vassenden. For tida er det og sjukeheim på Vassenden, og alle rehabiliteringsplassane på sjukeheim er lokalisert der. Dette er medan dei ventar på at ny avdeling for rehabilitering skal verte bygd ferdig ved sjukeheimen på Skei. Då er det planlagt å opprette eige rehabiliteringsteam med ansvar både for rehabilitering i sjukeheim og i heimetenesta.

Helse- og omsorgstenesta er organisert med kommunalsjef i rådmannsstab. Under kommunalsjef er tenesta organisert med tenesteleiar for Skei og Vassenden bufellesskap, tenesteleiar for helse som omfattar helsestasjon, legetenesta og fysioterapitenesta, tenesteleiar for heimetenesta Skei, tenesteleiar for heimetenesta Vassenden og tenesteleiar for Nav.

Arbeidsleiar er stadfortredar for tenesteleiar på Vassenden busenter, og er ein del av leiarteamet i eininga. Arbeidsleiar har saman med tenesteleiar ansvar for å planlegge og organisere dagleg drift.

Fagleiar for fysioterapitenesta er ansvarleg for drifta på sitt område, og er direkte under tenesteleiar for helse. Kommunen har etablert koordinerande eining som er tverrfagleg samansett. Eininga har ansvar for å tilby og halde oversikt over kven som har behov for individuell plan, skaffe koordinatorar til dei som treng det, og å syte for opplæring for koordinatorane.

Kommunen har god dekning av fagfolk med relevant etter- og vidareutdanning. Ergoterapeut ligg inne som tiltak i økonomiplanen i 2017, og skal tilsettast i det planlagde rehabiliteringsteamet. Logoped kan leigast inn ved behov.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande:

Aktivitet	Dato	Kommentar
Melding om tilsyn	23.01. 2015	
Motteke dok. frå kommunen	18.02.2015	
Opningsmøte	18.03.2015	
Omvising	18.03.2015	
Intervju	18. og 19.03.2015	8 personar blei intervjuet
Sluttmøte	19.03.2015	

Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er teke inn i kapitlet om dokumentunderlag

4. Kva tilsynet omfatta

Ved tilsynet har vi undersøkt om Jølster kommune, Vassenden busenter, har styring og fører kontroll med at rehabiliteringstilbodet blir gitt i samsvar med krav i helselovgivinga. Vi undersøkte særskilt om kommunen sikrar forsvarleg:

- handtering av relevant informasjon som følgjer pasienten
- kartlegging av behov for rehabilitering
- målsetting for- og planlegging av rehabilitering
- gjennomføring og evaluering av rehabiliteringstiltak
- utskriving/avslutting av rehabilitering

5. Funn

Det vart ikkje funne avvik under tilsynet i Jølster kommune.

Det blei gitt to merknader:

- 1) Jølster kommune bør nytte tverrfagleg samarbeid meir systematisk
 - a) Kommunen har fleire pasientjournalssystem. Legejournal vert skrive i Win Med, medan sjukeheimen nyttar Cos Doc. Ikkje alle legejournalnotat vert gjort tilgjengelege i Cos Doc
 - b) Kommunen har ikkje etablert faste tverrfaglege møte, der rehabiliteringsarbeidet vert drøfta og evaluert av alle involverte faggrupper samtidig
- 2) Jølster kommune bør nytte internkontroll meir systematisk
 - a) Det er ikkje gjennomført systematisk Risiko (ROS)-vurdering av rehabiliteringsarbeidet ved sjukeheimen
 - b) Kommunen har eit system for melding av avvik. I intervju har vi fått opplyst at det ikkje alltid vert gitt respons til melder om korleis avviket vert følgt opp

6. Regelverk

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.
- Forskrift av 14. november 1988 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie
- Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene
- Forskrift av 12. november 2010 nr. 1426 om en verdig eldreomsorg

- *Forskrift av 16. desember 2011 om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator*

7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold, sendt over i samband med førebuing av tilsynet:

Følgjebrev med oversikt over vedlagt dokumentasjon;

- Organisasjonskart
- Informasjonsnotat: «Ny organisering helse og omsorg frå 01.10.2014
- Årsmelding 2013 Fysioterapitenesta
- Årsmelding 2013 Vassenden busenter
- Årsmelding 2013 Helse og omsorg felles
- Årsmelding 2013 Helse og omsorg
- Personallister: Administrasjon Vassenden, Vassenden busenter, Fysioterapi, Legesenter
- Stillingsomtale: Tenesteleiar Skei og Vassenden bufellesskap, arbeidsleiar, fagleiar
- Arbeidsomtale; sjukepleiar, hjelpepleiar/ omsorgsarbeidar, assistent
- Jølster kommune, Administrativ delegering
- Rapport: Samhandlingsreforma 2012, Lokale tiltak
- Saksutgreiing med vedtak: Samhandlingsreforma 2012, Lokale tiltak
- Verksemdsplan 2015: Vassenden busenter, Fysioterapitenesta, Helse og sosial felles
- Kompetanseplan: Fysioterapitenesta, Skei bufellesskap/ Vassenden busenter
- Tenestestandard: Institusjonsteneste Korttidsopphald i institusjon re/habilitering
- Prosedyre: Rehabilitering i institusjon, med vedlegg: Struktur for samarbeidsmøte – rehabilitering
- Prosedyre: Koordinerende eining
- Prosedyre: Personleg koordinator
- Prosedyre: Legetilsyn bufellesskap
- Prosedyre Årleg medisinsk kontroll av sjukeheimspasientar
- Informasjon: «Veilederen.no» med avtale om bruk av Veilederen – Pleie og omsorg»
- Innholdsliste: Acos CosDoc journalsystem, versjon 8.4
- Informasjonsnotat: Jølster satsar på rehabilitering
- Rapport frå rehabiliteringsgruppe Jølster kommune 2010
- Oversikt over personell som er knytte til rehabiliteringstenesta i institusjon

Dokumentasjon som blei gjennomgått/utdelt under revisjonsbesøket:

- Referat fra arbeidsmøte
- Sjekkliste nye pasientar
- Prosedyre for tverrfagleg samarbeidsmøte for å planlegge rehabiliteringsopphald
- Sjekkliste for koordinator
- Prosedyre for ventelistehandsaming for tenesteområde fysioterapiteneste

10 pasientjournaler blei gjennomgått under tilsynet.

Vi fekk omvising ved Vassenden busenter.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- 23.01.2015 melding om tilsyn til Jølster kommune
- 18.02.2015 dokumentasjon til tilsynet frå Jølster kommune
- 02.03.2015 utkast til program for tilsynet
- Diverse e-postar som omhandlar tilsynet (endring av program og praktiske opplysningar mm.)

8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over kven som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Petra Felde Skrede	Fagleiar fysioterapitenesta, leiar koordinerande eining	x	x	x
Siv Osvoll Årdal	Arbeidsleiar	x	x	x
Kirstin Bruland	Kommunalsjef	x	x	x
Wenche Farsund	Tenesteleiar	x	x	x
Stine Marie Sunde	Sjukepleiar	x	x	x
Magny Flaten	Hjelpepleiar	x	x	x
Hina Tariq	Tilsynslege	-	x	-
Britt Lovise Støfring	Sjukepleiar	x	x	x
Britt Sissel Sunde	Tenesteleiar for heimetenesta, Vassenden	-	-	x

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok:

Seniorrådgjevar Bjørg Eikum Tang, revisjonsleiar

Fylkeslege Per Stensland, revisor

Rådgjevar Beate Tollefsen, revisor

Ass. fylkeslege Kristine Brix Longfellow, observatør



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Formannskapet

Kommunestyret

Møtedato

14.04.2015

28.04.2015

Saksnr

013/15

022/15

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-212	Arkivsaknr 15/202
-------------------------------	------------------	----------------------

Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Enøk-tiltak 2013 prosjekt 2319

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.04.2015	Sak 004.15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap Enøk-tiltak 2013 prosjektnr. 2319.pdf	60053
22.10.2014	Sluttrekneskap/prosjektrekneskap ENØK-tiltak 2013	56608
12.12.2014	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt Enøk- tiltak 2013	58048

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrekneskap 2319 Enøk-tiltak 2013. Unyttå låneopptak med kr. 4.488,03 vert overført ubunde investeringsfond.

Handsaming i Formannskapet 14.04.2015:

Rådmannen presisering: Prosjektrekneskap 2319 Enøk-tiltak 2013 vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med presiseringa vart samrøystes vedteke

FSK-013/15 Vedtak:

Prosjektrekneskap 2319 Enøk-tiltak 2013 vert godkjent. Unytta låneopptak med kr. 4.488,03 vert overført ubunde investeringsfond.

Handsaming i Kommunestyret 28.04.2015:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

KST-022/15 Vedtak:

Prosjektrekneskap 2319 Enøk-tiltak 2013 vert godkjent. Unytta låneopptak med kr. 4.488,03 vert overført ubunde investeringsfond.

Saksutgreiing:

Vi syner til vedlagde sakstilfang. I vedlegget ligg kontrollutvalet si tilråding sak 004/15, utgreiing til kontrollutvalet, revisjonsuttale og prosjektomtale frå Jølster kommune.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.02.2015	SEKOM- sekretariat	Sak frå Jølster kontrollutval til kommunestyret: 004/15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Enøk-tiltak 2013 prosjekt 2319



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Formannskapet

Kommunestyret

Møtedato

14.04.2015

28.04.2015

Saksnr

014/15

023/15

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-221	Arkivsaknr 15/201
-------------------------------	------------------	----------------------

Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Brannalarmanlegg Skei skule prosjekt 2329

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.04.2015	Sak 003.15 Sluttrekneskapprosjektrekneskap - Brannalarmanlegg Skei Skule prosjekt 2329.pdf	60051
14.10.2014	Sluttrekneskap / prosjektrekneskap brannalarmanlegg Skei skule (2013)	56344
26.11.2014	Prosjektrekneskap-prosjekt 2329-Sluttrekneskap/prosjektrekneskap brannalarmanlegg Skei skule (2013)	57611

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrekneskap 2329, Brannalarmanlegg Skei skule vert godkjent. Unytta låneopptak med kr. 69.395,- vert overført ubunde investeringsfond.

Handsaming i Formannskapet 14.04.2015:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FSK-014/15 Vedtak:

Prosjektrekneskap 2329, Brannalarmanlegg Skei skule vert godkjent. Unytta låneopptak med kr. 69.395,- vert overført ubunde investeringsfond.

Handsaming i Kommunestyret 28.04.2015:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KST-023/15 Vedtak:

Prosjektrekneskap 2329, Brannalarmanlegg Skei skule vert godkjent. Unytta låneopptak med kr. 69.395,- vert overført ubunde investeringsfond.

Saksutgreiing:

Vi syner til vedlagde sakstilfang. I vedlegget ligg kontrollutvalet si tilråding, sak 003/15, utgreiing til kontrollutvalet, revisjonsuttale og prosjektomtale frå Jølster kommune.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.02.2015	SEKOM- sekretariat	Sak frå Jølster kontrollutval til kommunestyret: 003/15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Brannalarmanlegg Skei skule prosjekt 2329



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Formannskapet

Kommunestyret

Møtedato

14.04.2015

28.04.2015

Saksnr

015/15

024/15

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-212	Arkivsaknr 15/203
-------------------------------	------------------	----------------------

Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Gang- og sykkelveg Vassenden prosjekt 1790

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.04.2015	Sak 005.15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap gang- og sykkelveg Vassenden prosjekt 1790.pdf	60055
22.10.2014	Sluttrekneskap / prosjektrekneskap gang- og sykkelveg Vassenden	56606
23.12.2014	Revisjonsuttale - sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt gang- og sykkelveg Vassenden. Prosjekt 179/1790	58341

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrekneskap 1790, Gang- og sykkelveg Vassenden vert godkjent.

Handsaming i Formannskapet 14.04.2015:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FSK-015/15 Vedtak:

Prosjektrekneskap 1790, Gang- og sykkelveg Vassenden vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyret 28.04.2015:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

KST-024/15 Vedtak:

Prosjektrekneskap 1790, Gang- og sykkelveg Vassenden vert godkjent.

Saksutgreiing:

Vi syner til vedlagde sakstilfang. I vedlegget ligg kontrollutvalet si tilråding sak 005/15, utgreiing til kontrollutvalet, revisjonsuttale og prosjektomtale frå Jølster kommune.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.02.2015	SEKOM- sekretariat	Sak frå Jølster kontrollutval til kommunestyret: 005/15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Gang- og sykkelveg Vassenden prosjekt 1790

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 014/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/232
---	-------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon - Oppfølging av sjukefråvær - Jølster kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.05.2015	Forvaltningsrevisjonsrapport Jølster kommune - Oppfølging av sjukefråvær, levert av KRYSS Revisjon 22.4.2015	2186

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Saka vert lagt fram utan tilråding.

.

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet tinga - Oppfølging av sjukefråvær, som forvaltningsrevisjonsprosjekt i sak 017/14 handsama i møte 12.9.2015, der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet tingar, Oppfølging av sjukefråvær, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon.
 - Formålet er å få kjennskap til om Jølster kommune har system for rapportering av sjukefråvær og oppfølging av sjukemeldte.
 - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av 2014.
 - Leveringsfrist 1. mai 2015.
2. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 11. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Prosjektplanen vart godkjent i møte 17.12.2015, sak 025/14.

KRYSS Revisjon levert rapport for prosjektet 22.4.2015. Revisor kjem med følgjande konklusjonar og tilrådingar på side 3 i rapporten (limt inn nedanfor):

Konklusjonar

Manglande felles og konkretisert prosedyre- og rutineverk gjer at kommunens registrering av sjukefråvær ikkje fullt ut tilfredsstillar innhaldet i omgrepet «system», slik dette er definert i denne rapporten. Det same gjeld for produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav på utbetalte sjukepengar. Dette kan etter revisors oppfatning ha konsekvensar for korleis kommunelovas krav om «betryggende kontroll» på dette området kan følgjast opp. Konklusjonen må difor bli at Jølster kommune ikkje har eit godt nok system for registrering og rapportering av sjukefråvær, og for produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav.

Revisor meiner å kunne sjå ein gjennomgåande mangel på oppfølging av arbeidsmiljølovas krav til oppfølging av sjukmeldte, og til arbeidsmiljølovas krav til dokumentasjon av dette arbeidet. Manglande dokumentasjon bryt også med denne rapportens definisjon av «system». Kommunelovas formulering i § 23 pkt 2 om «betryggende kontroll» er difor ikkje følgt opp. I vidareføringa av dette kan det difor ikkje seiast at Jølster kommune har eit godt nok system for oppfølging av sjukmeldte.

Tilrådingar

Revisor meiner at det er svært viktig at Jølster kommune set i verk tiltak for å sikre at arbeidet med oppfølging av sjukmeldte blir utført og dokumentert i tråd med arbeidsmiljølova.

Revisor rår til at Jølster kommune som del av sitt oppgraderingsarbeid av skjema, rutinar og prosedyrar føretar ein fullstendig gjennomgang og oppdatering av sine skjema og rutine/prosedyredokumentasjon knytt til registrering av sjukefråvær, produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav, samt oppfølging av sjukmeldte.

Revisor rår til at Jølster kommune som del av sin internkontroll held fokus på «omsetningshastigheita» ved innkrevjing av refusjon på sjukepengar. Her kan tettare oppfølging av Nav vere eit av tiltaka.

Dagleg leiar i SEKOM-sekretariat Arnar Helgheim er, som tidlegare økonomi- og personalleiar i Jølster kommune fram til 1.4.2014, inhabil i denne saka. Det fører til at rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme også er inhabil. Saka vert difor lagt fram utan tilråding.

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 22.04.15
Sak nr. 014/2015
Arkiv: 216
Sakshandsamar

Off:
Reg.nr.:

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Jølster kommune
«Oppfølging av sjukefråvær»

Rapport tinga av
kontrollutvalet den: 12.09.2014

Endeleg rapport levert den: 22.04.2015

INNHALD

1. Samandrag	3
Konklusjonar	3
2. Innleiing	4
Definisjonar av ord og uttrykk	4
3. Avgrensingar og revisjonskriterier	4
Avgrensingar	4
Revisjonskriterier	5
4. Metode	6
5. Organisasjon – Jølster kommune	7
6. Fakta, funn og konklusjonar	8
Registrering av sjukefråvær	8
Fakta	8
Funn	9
Vurdering	9
Konklusjon	10
Refusjonskrav	10
Fakta	10
Funn	12
Vurdering	12
Konklusjon	12
Oppfølging av sjukmeldte	13
Fakta	13
Funn	15
Vurdering	15
Konklusjon	16
7. Tilrådingar	16
8. Underskrift på rapporten	17
9. Kjelder og referansar	18
10. Vedlegg	18
Vurdering av uavhengigheit	18
Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	18
Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	18
Revisjonskjelder- og kriterium i dette prosjektet	19
Rådmannens kommentarar til rapporten	22

1 SAMANDRAG

Denne rapporten skal svare på om Jølster kommune har *system* for rapportering av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte, jf kapittel 2.

I arbeidet med rapporten er det i hovudsak blitt nytta informasjon frå kommunens personal- og økonomisystem (Agresso). I tillegg er det samla inn informasjon gjennom samtalar og e-postutveksling med økonomi- og personalansvarleg på tenestekontoret, og med førstekonsulent løn på kommunekassen. Det er også blitt gjennomført dokumentanalyse av interne styringsdokument.

Under arbeidet med problemstillingane rundt oppfølging av sjukmeldte blei det plukka ut 16 sjukefråværsaker som blei vurdert opp mot arbeidsmiljølovas krav til utarbeiding av oppfølgingsplan og gjennomføring av dialogmøte 1, jf kapittel 6. Utveljing av saker blei gjort etter liste over sjukefråvær i 2014 som revisjonen fekk sendt over frå Jølster kommune.

Under vegg i denne revisjonsprosessen blei revisor gjort merksam på at Jølster kommune arbeider med ein gjennomgang av skjema, prosedyre- og rutinedokument mellom anna knytt til registrering av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte. Utvalte saker er frå 2014, og revisjonen har tatt utgangspunkt i aktuelle prosedyre- og rutinedokument dette året.

Metode og tilnærming blir elles nærare presentert i kapittel 4.

Konklusjonar

Manglande felles og konkretisert prosedyre- og rutineverk gjer at kommunens registrering av sjukefråvær ikkje fullt ut tilfredsstiller innhaldet i omgrepet «system», slik dette er definert i denne rapporten. Det same gjeld for produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav på utbetalte sjukepengar. Dette kan etter revisors oppfatning ha konsekvensar for korleis kommunelovas krav om «betryggende kontroll» på dette området kan følgjast opp. Konklusjonen må difor bli at Jølster kommune ikkje har eit godt nok system for registrering og rapportering av sjukefråvær, og for produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav.

Revisor meiner å kunne sjå ein gjennomgåande mangel på oppfølging av arbeidsmiljølovas krav til oppfølging av sjukmeldte, og til arbeidsmiljølovas krav til dokumentasjon av dette arbeidet. Manglande dokumentasjon bryt også med denne rapportens definisjon av «system». Kommunelovas formulering i § 23 pkt 2 om «betryggende kontroll» er difor ikkje følgt opp. I vidareføringa av dette kan det difor ikkje seiast at Jølster kommune har eit godt nok system for oppfølging av sjukmeldte.

Tilrådingar

Revisor meiner at det er svært viktig at Jølster kommune set i verk tiltak for å sikre at arbeidet med oppfølging av sjukmeldte blir utført og dokumentert i tråd med arbeidsmiljølova.

Revisor rår til at Jølster kommune som del av sitt oppgraderingsarbeid av skjema, rutinar og prosedyrar føretar ein fullstendig gjennomgang og oppdatering av sine skjema og rutine/prosedyredokumentasjon knytt til registrering av sjukefråvær, produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav, samt oppfølging av sjukmeldte.

Revisor rår til at Jølster kommune som del av sin internkontroll held fokus på «omsetningshastigheita» ved innkrevjing av refusjon på sjukepengar. Her kan tettare oppfølging av Nav vere eit av tiltaka.

2 INNLEIING

I møte 12.09.2014 i Jølster kontrollutval blei det fatta vedtak om bestilling av forvaltningsrevisjonsoppdrag der det går fram at ein ønskjer å kontrollere at Jølster kommune har *system* for rapportering av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte.

I prosjektplan av 26.09.2014 blir problemstillinga ytterlegare konkretisert til kor vidt Jølster kommune har system for

- varsling frå sjukmeldt om sjukefråvær, og arbeidsgjevars fråværsregistrering
- sjukefråværsrapportering i lønssystemet
- innkrevjing av refusjon frå Nav
- oppfølging av sjukmeldte

Kontrollen skal avgrensast til 2014. Leveringsfrist er 1. mai 2015.

Definisjonar av ord og uttrykk som er nytta i rapporten

- *Revisjonskriterium*: Krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsarbeidet skal reviderast, eller vurderast, i forhold til.¹
- *System*: I vår samanheng forstått som styringssystem som styrer arbeidet gjennom nedskrivne rutinar og instruksar.
- *Agresso*: Økonomi- og personalsystem. Inkluderer mellom anna lønnsadministrasjon, personaloppfølging, fråvær og refusjon.
- *Tieto RS*: System for ressursplanlegging og oppfølging av tilsette. Registrerar mellom anna timar, ekstratimar og fråvær.
- *Aml*: Arbeidsmiljølov
- *Ftrl*: Folketrygdlov
- *IA*: Inkluderande arbeidsliv

3 AVGRENSINGAR OG REVISJONSKRITERIER

Avgrensingar

Problemstillinga etterspør *system* for rapportering og oppfølging. I vår samanheng forstår revisjonen system som eit felles styringssystem som skildrar prosedyrar, instruksar og rutinar. Det er då eit krav at aktuelle prosedyrar, instruksar og rutinar er skriftleg nedfelt, er ajour, at dei er blitt gjort kjent på arbeidsplassen, og at dei blir etterlevd. Det må også ligge føre dokumentasjon på at praksis er i tråd med lover og føreskrifter. Dette er etter revisors oppfatning også ein føresetnad for å fullt ut kunne tilfredsstille kommunelova sitt krav til «tilstrekkelig kontroll». ²

Varsling om sjukefråvær, arbeidsgjevars fråværsregistrering og sjukefråværsrapportering i lønssystem handlar mellom anna om kor vidt fråvær blir registrert slik at det ikkje blir utbetalt lønn utover arbeidsgjevarperioden, og at det blir sendt ut refusjonskrav for sjukefråvær innan aktuelle tidsfristar. Dette er viktig med tanke på at kostnadane ved sjukefråvær ikkje skal bli større enn naudsynt. Undersøkinga vil då handle om kor vidt det ligg føre eit styringssystem med nedfelte prosedyrar og rutinar for registrering av sjukefråvær og innkrevjing av refusjon frå NAV.

I tillegg skal det undersøkjast om kommunens oppfølging av sjukemeldte er i tråd med aktuelt regel- og lovverk. I vår samanheng blir dette eit spørsmål om oppfølgingstiltak som kommunen etter arbeidsmiljølova pliktar å initiere, og som også er ein del av arbeidet med inkluderande arbeidsliv.

¹ RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon

² Kommuneleova § 23 pkt 2. jf også vedlegg nr 4 til denne rapporten

Det må her nemnast at regjeringa og hovudorganisasjonane i arbeidslivet den 04. mars 2014 skreiv under ein ny intensjonsavtale for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) Avtalen gjeld til 31.12.2018.³ I den nye avtalen er det gjort nokon endringar i høve til tidlegare avtale, noko som også medfører enkelte endringar i arbeidsmiljølova og folketrygdlova. Dei lovmessige endringane trår i kraft frå 01.07. 2014, altså i undersøkingsåret for denne framstillinga. Det som har betydning i vår samanheng er at kravet om rapportering til NAV i løpet av 9 veker fell bort til fordel at arbeidsgjevar ved behov skal kunne dokumentere oppfølgingsarbeidet for styresmaktene. Dette betyr at den nye avtalen inneberer eit lovheimla krav til dokumentasjon av arbeidet med oppfølging av sjukmeldte. Dei andre krava til oppfølging som arbeidsgjevar har ansvar for å initiere, altså oppfølgingsplan i løpet av fire veker, og dialogmøte i løpet av sju veker, står uendra.⁴ Arbeidsmiljølovas krav til dialogmøte 2 etter 26 veker, og dialogmøte 3 etter eitt år, er det i første rekkje Nav som har ansvar for å ta initiativ til, sjølv om arbeidsgjevar pliktar å stille om Nav eller sjukmeldt ønskjer det. Sjukmeldt har også ansvar for å skaffe utvida sjukmelding om ein er 100 % sjukmeldt utover åtte veker.

I og med at denne undersøkinga tar utgangspunktet i kommunens arbeidsgjevaransvar rundt desse punkta, er det kommunens oppfølging av arbeidsmiljølovas krav om oppfølgingsplan og dialogmøte 1 som vil bli undersøkt. Rapporten vil difor ikkje handle om gjennomgang av kommunens rutinedokument for oppfølging av sjukmeldte i seg sjølv. Men med tanke på denne rapportens definisjon av «system», vil ajourhald av aktuelle dokument likevel bli kommentert.

Revisor føreset at prosjektet omfattar sjukefråvær som er grunngjeve med arbeidstakarens eigen sjukdom, og såleis ikkje fråvær ved graviditet, sjukdom til barn av tilsette, barnepassars sjukdom, permisjon, eller anna fråvær med eller utan lønn. Ingen av punkta handlar, slik vi ser det, om kontroll av faktisk utbetalt sjukelønn til den einskilde, eller kontroll av kvart enkelt beløp det blir kravd refusjon på. Revisor les også problemstillinga til at det handlar om registrering av eigen- så vel som legemeldt, sjukefråvær.

Folketrygdlova har også nedfelt krav til oppfølging av sjukmeldte. I vår samanheng korresponderer desse med arbeidsmiljølovas krav, og det blir difor her berre referert til arbeidsmiljølova.

Revisjonskriterier

Nedanfor er undersøkinga sine revisjonskriterier sett opp. Kjeldegrunnlag og meir inngåande utleiing av kriterier går elles fram av vedlegg 4:

- Kommuneleova § 23 nr. 2
 - Administrasjonssjefen skal syte føre at administrasjonen blir drive i samsvar med lover, føreskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for «betryggende kontroll».
- Arbeidsmiljølov §4-6 pkt 3 og 4 og 5
 - Seinast innan 4 veker skal det utarbeidast oppfølgingsplan, med mindre det er openbart unødvendig.
 - Seinast innan 7 veker skal det kallast inn til dialogmøte om innhaldet i oppfølgingsplanen, med mindre dette er openbert unødvendig. Ved gradert sjukmelding berre når arbeidsgjevar, arbeidstakar eller sjukmeldar vurderer det som hensiktsmessig.
 - Arbeidsgjevar skal kunne dokumentere korleis bestemmelsane om oppfølgingsplan og dialogmøte er følgt opp. (Verknad frå 01.07.2014)

³ Intensjonsavtale om et meir inkluderande arbeidsliv 4. mars 2014 – 31. desember 2018. Førre avtale gjaldt i perioden 2010 – 2014.

⁴ Jf også kapittel 6.

4 METODE

Vi føreset at vi i arbeidet med dette revisjonsprosjektet har fått tilgang til all relevant etterspurt dokumentasjon og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde er komplett og dekkjande. I prosjektet er det henta inn data frå kommunens personal- og økonomisystem (Agresso), og det er samla inn informasjon gjennom samtalar og e-postutveksling med m.a økonomi- og personalansvarleg på tenestekontoret, og med førstekonsulent løn på kommunekassen, som registrer og sender ut refusjonskrav på sjukepengar. Det er også blitt gjennomført dokumentanalyse av interne styringsdokument.


Når det gjeld spørsmål om refusjonar blei det frå driftsrekneskapen henta inn opplysningar om inntektsført refusjonskrav på sjukepengar. Vidare blei det henta inn opplysningar om restansar på refusjonskrav frå balanserekneskapen. Innbetalt refusjonskrav er då utsendt krav med fråtrekk av restanse.

Under arbeidet med problemstillingane rundt rapportering av sjukefråvær, og oppfølging av sjukmeldte, blei det plukka ut 16 sjukefråværssaker som blei vurdert opp mot arbeidsmiljølovas krav til utarbeiding av oppfølgingsplan og gjennomføring av dialogmøte 1, jf kapittel 6. Utveljing av saker blei gjort etter liste over sjukefråvær i 2014 som revisjonen fekk sendt over frå Jølster kommune.

Rapporten er utarbeidd etter metodikk som går fram av RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon. Denne angir kva som er god kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon, og består av grunnleggande prinsipp og revisjonshandlingar i forvaltningsrevisjon.

5 ORGANISASJON – JØLSTER KOMMUNE

Organisasjonskartet viser ein organisasjonsstruktur med 19 tenesteiningar, i tillegg til to stabseiningar som leiargruppa sitt øvste administrasjonsorgan; kommunekassen og tenestekontoret. Rådmanne har i dag ei sentral gruppe med tre kommunalsjefar og ein økonomi- og personalleiar.⁵ Kommunekassen er leia av kommunekasserar og tenestekontoret av økonomi- og personalleiar. Kvar tenesteeining er leia av ein tenesteleiar.



Organisasjonsstruktur – Jølster kommune⁶

Kommunen har ein flat organisasjonsstruktur, eller 2-nivå-modell, og har hatt forholdsvis stabil arbeidskraft i nøkkelstillingar.⁷ Den må betraktast som ein «sett organisasjon», der oppgåver og ansvar i utgangspunktet er klart definerte mellom tenesteeiningane og sentraladministrasjonen. Kommunen har eit omfattande sett av plandokument, interne styringsdokument, og reglement m.m. Det er det lagt ned ein del arbeid med å formulere eigen visjon, strategiar og målsettingar, og kommunen er med i interkommunale samarbeid på fleire ulike områder innafor regionen som kommunen soknar til.⁸

Kvar av tenesteeiningane rapporterer til ein av kommunalsjefane, og tenesteleiarane har det samla ansvaret innafor sine områder. Dette gjeld både i forhold til tenesteyting, økonomi og personalleing. Kommunen har framleis eit detaljert spesifikasjonsnivå på både budsjett og rekneskap.

⁵ www.jolster.kommune.no

⁶ www.jolster.kommune.no

⁷ Overordna analyse, Jølster kommune 2012

⁸ Overordna analyse, Jølster kommune 2012

Omorganiseringa til ein flat organisasjonsstruktur har ført til at oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen er sett ut til dei ulike tenesteeiningane, eller er koordinert gjennom kommunalsjeftteamet i rådmannen sin stabsfunksjon. Dette gjeld bl.a. budsjettoppfølging, rekneskapsrapporteringar, tilvising av timelister/fakturaer, og oppfølging av ulike refusjonsordningar, og handtering av regelverv knytt til dette. Dette betyr at relativt mange tilsette må vere oppdatert på det same regelverket. Ansvar for aktuelle refusjonskrav/refusjonsordningar for ei tenesteeining, ligg i dag i utgangpunktet til den einskilte tenesteeining, men i praksis vert dette følgt opp av sentraladministrasjonen (kommunekasseraren/økonomiansvarleg).⁹

6 FAKTA, FUNN OG KONKLUSJONAR

Registrering av sjukefråvær

Fakta

Ifølgje framlagt prosedyredokument for fråværsregistrering i Jølster kommune blir eigenmeldt sjukefråvær registrert av tenestekontoret, medan det er kommunekassa som legg inn sjukmelding frå lege¹⁰. Prosedyredokumentet er ein del av kvalitetsutviklingssystemet til Jølster kommune.¹¹ Kvalitetsutviklingssystemet er inndelt i ein generell del, og ein spesiell del, der alle prosedyrar og rutinar skal liggje. Alle skjema og malar skal vere linka opp til den rutine eller prosedyre der dei høyrer heime, og dokument skal berre lagrast ein stad.

Under arbeidet med denne rapporten kom det fram informasjon frå kommunen om at prosedyredokumentet for fråværsregistrering ikkje er oppdatert i høve til ny digital løysning som kommunen brukar, og at det difor er nødvendig å gradere opp dokumentet. Dette blir gjennomført i samband med ein generell gjennomgang og oppdatering av utlagde rutinar, skjema og dokument¹². I skrivande stund kan revisor ikkje sjå at spesiell del av kvalitetsutviklingssystemet er tilgjengeleg på nett.

Det nye systemet heiter Tieto RS og har vore i bruk sidan 2013. Tieto er eit system for ressursplanlegging og oppfølging av tilsette, og registrerer mellom anna timar, ekstratimar og fråvær. Systemet baserer seg på prinsipp om at data kunn skal registrerast ein gong, og dei tilsette sjølv kan legge inn eigenmeldt sjukefråvær i systemet frå mobil, nettbrett eller datamaskin. Systemet integrerer seg mot andre system, og på bakgrunn av registrert avvik frå innlagt arbeidsplan blir fråvær registrert og kontert for direkte overføring i lønssystemet, i vår samanheng personell- og økonomisystemet Agresso. Dato for maksimalt godkjent sjukefråvær blir lagt inn i systemet. Intensjonen med Tieto er mellom anna at systemet skal vere reiskap for oppfølging av sjukefråvær etter IA-avtale. Som IA-kommune har tilsette i Jølster kommune høve til å ta ut inn til 8 eigenmeldingsdagar på ein gong, tre gongar i året. Altså samla 24 dagar pr kalenderår.¹³ Systemet gjer det unødvendig å bruke papirskjema ved registrering av eigenmeldt sjukefråvær. Ved legemeldt sjukefråvær sender sjukmeldt legeerklæring til si eining/avdeling, der fråværet blir lagt inn og godkjent i Tieto RS.

Det er einingsleiar som legg inn og godkjenner fråværet i Tieto, og som sender legeerklæringa vidare til Kommunekassen. Prosedyre på dette går fram av dokumentet «Føring av fråvær og permisjonar

⁹ Overordna analyse, Jølster kommune 2012

¹⁰ Kvalitetsutviklingssystemet – prosedyre. Fråværsregistrering. Dokumentet er datert 30.01.2008, men skal ifølgje informasjonen i dokumentet reviderast årleg.

¹¹ Kvalitetssystem og helse- miljø- og tryggleiksarbeid.

¹² E-post frå Jølster kommune datert 25.02.2015

¹³ Intensjonsavtale om et meir inkluderende arbeidsliv 2014 - 2018

ved overgang til RS». Revisor forstår dette som eit dokument som blei utarbeidd i samband med innføringa av Tieto RS, og er ikkje ein del av prosedyredokumenta i kvalitetsutviklingssystemet. Dokumentet seier også at einingsleiar kan delegere ansvaret for utføring av registreringsfunksjonane, utan at dette er ytterlegare konkretisert.

Melding om frávær som tilsette sender elektronisk i Tieto RS skal handsamast fortløpande.¹⁴ Kommunekassa får tilgang til lister i Tieto ein gong i månaden, og tilsendte sjukemeldingsblankettar blir arkivert i eigen perm ved Kommunekassen.

Unnataket her er Skei skule og Vassenden skule som brukar eit system som heiter Extens, og som framleis nyttar papirskjema ved eigenmeldt sjukefrávær. Skjemaet ligg ute på kommunen sine nettsider. Ved legemeldt sjukefrávær blir legeerklæringane difor sendt til kommunekassa for registrering i Agresso der. Revisor forstår det slik at prosedyre for registrering av sjukefrávær, altså del av kvalitetsutviklingssystemet til Jølster kommune, framleis gjeld ved sjukefráværregistrering i skulane, i og med at dei ikkje har tatt i bruk Tieto. Kommunekassa sysselset tre personar som i hovudsak arbeider med kvar sine område; lønn, rekneskap og skatt.

Funn

Prosedyredokument for registrering av sjukefrávær som revisjonen fekk framlagt, og som er ein del av kvalitetsutviklingssystemet, er ikkje oppdatert i høve til den digitale løysinga for fráværregistrering som kommunen nyttar seg av.

Kommunen har ikkje utarbeidd eit felles og einskapleg prosedyre- og rutinesystem som bakar inn dei ulike løysingane for fráværregistrering.

Vurdering

Problemstillinga etterspør *system* for rapportering og oppfølging. I kapittel 3, avgrensingar og kriterier, definerer revisjonen system som eit felles styringssystem som skildrar prosedyrar, instruksar og rutinar. Det er då eit krav at aktuelle prosedyrar, instruksar og rutinar er skriftleg nedfelt, er ajour, blir gjort kjent på arbeidsplassen og at dei blir etterlevd. Det må også ligge føre dokumentasjon i form av skriftleg stadfesting på at praksis er i tråd med lover og føreskrifter.

I same kapittel er kommunelovas § 23 pkt 2 si formulering om at administrasjonssjefen skal sjå til at administrasjonen er gjenstand for «betryggende kontroll», brukt som kriterium. Etter revisors oppfatning er nedteikna felles prosedyrar, og rutinar, samt dokumentasjon av praksis, ein føresetnad for fullt ut å kunne tilfredsstille eit slikt krav.

Ovanfor er nemnt prosedyredokument som viser til einingsleiars ansvar for innlegging og godkjenning av mottatte sjukemeldingar i det elektroniske systemet, eller vidaresending av desse til kommunekassen for registrering av frávær der. Einingsleiar kan også delegere dette arbeidet. Men dokumenta seier ikkje noko om t.d ansvar ved frávær av nøkkelpersonell. Etter revisors oppfatning er prosedyre- og rutinedokument for registrering av sjukefrávær, både framlagt prosedyredokument som del av kvalitetsutviklingssystemet, og rutinedokument for Tieto, difor for lite konkret med tanke på plassering av ansvar for dei ulike registreringsfunksjonane.

Det kan her nemnast at det for Agresso blir nytta manualar som forklarar den reint tekniske framgangsmåten ved registrering av frávær og refusjonskrav. Men desse seier heller ikkje noko om ansvarsfordeling for dei ulike funksjonane i einingane. Dette vil etter revisors oppfatning også kunne medføre ulik framgangsmåte i einingane, med risiko for varierende kvalitet i aktuell

¹⁴ Rutineskildring føring av frávær og permisjonar ved overgang til RS.

fråværsdokumentasjon. Sjølv om ikkje heile organisasjonen brukar same elektroniske løysingar, jf skulane, bør ein søkje å utarbeide eit felles prosedyre- og rutineverk som inkluderer registrerings- og rapporteringsløysingane i alle deler av organisasjonen.

Revisor ser at det daglege arbeidet i ein mindre kommuneadministrasjon vil kunne fungere utan eit fullt utbygt rutineverk. Men eit svakt rutineverk kan også gjere kommunen meir sårbar for endringar i personalsituasjonen, som til dømes ved eventuell kompetansesvinn som følgje av avslutning av arbeidsforhold. Manglande kompetanse på eit område vil nødvendigvis auke sjansen for avvik, feilføringar eller manglande oppfølging av lovpålagte funksjonar. Jølster kommune strekar også sjølv under at stabil bemanning er svært viktig for kvaliteten på kommunen sine tenester.¹⁵ Eit godt utarbeida rutine- og prosedyreverk, med skildring av rutinar, funksjonar og ansvar, vil etter vår oppfatning vere eit hjelpemiddel for kontinuitet og overføring av kunnskap og kompetanse.

Konklusjon

Manglande felles og konkretisert prosedyre- og rutineverk gjer at kommunens registrering av sjukefråvær ikkje fullt ut tilfredsstillende innhaldet i omgrepet «system», slik vi har definert og kommentert dette tidlegare i denne rapporten. Dette kan etter revisors oppfatning også ha konsekvensar for korleis kommunelovas krav om «betryggende kontroll» på dette området kan følgjast opp. Konklusjonen må difor bli at Jølster kommune ikkje har eit godt nok system for registrering og rapportering av sjukefråvær.

Refusjonskrav

Fakta

Etter å ha fått tilgang til lister over legemeldt sjukefråvær i Tieto, og for skulane sin del, fått tilsendt og registrert legeerklæringar i Agresso, produserer Kommunekassen refusjonskrav for sjukefråvær som går utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar. Ved berekning av refusjonskrav sjekkar ein i systemet om månadslønn er rett, deretter blir inntektsskjema henta ut, som saman med D-delen av legererklæringa blir sendt til Nav.¹⁶ Refusjonskravet blir bokført som inntekt på avdelingane. Motteken refusjon frå Nav vert ført over til motkonto balansekonto. Kommunekassen hentar så ut Nav-liste frå Altinn, K27-sentral rapport, med oversikt over personane som kommunen har fått refusjon på, og utliknar dette mellom balansekontoane.¹⁷

Jølster kommune har ikkje utarbeida eigne skriftlege rutinar for produksjon og oppfølging av refusjonskrav, og viser her til NAV si prosedyre som går fram av skjema til Nav «Inntektsopplysingar for arbeidstakarar som skal ha sjukepengar. m.m.»¹⁸ Her blir krav om innsending av del D av legeerklæring «Krav om sjukepengar» presisert. Av informasjonen på skjemaet går det også fram at Nav ikkje betalar refusjon til arbeidsgjevar for lengre tid tilbake enn tre månadar før kalendermånaden NAV tok i mot kravet. Dette etter folketrygdlova § 22-13.

Ifølgje informasjon frå Kommunekassen kan andre gå inn og registrere refusjonskrav «ved krise eller langvarig fråvær.»¹⁹ Men dette er, slik revisor forstår det, av «personleg art» og ikkje ein konsekvens av felles forpliktande rutineskildringar eller instruksjonar.

¹⁵ Årsmelding 2013, Jølster kommune

¹⁶ Jf Nav.no: Skjema for legeerklæring består av fire delar, A, B, C og D. Vanleg prosedyre er at legen eller sjukmeldt sender del A av legeerklæring til NAV, og del C til arbeidsgjevar. Del B er den sjukmeldte sin kopi. Arbeidsgjevar mottar også del D, der arbeidstakar har fylt ut sitt krav om sjukepengar i arbeidsgjevarperioden. Ved fråvær utover dette blir del D lagt ved som dokumentasjon ved oversending av refusjonskrav til NAV

¹⁷ E-post frå Jølster kommune av 19.02.2015

¹⁸ E-post frå Jølster kommune av 02.02.2015

¹⁹ E-post frå Jølster kommune av 19.02.2015

Oppstillinga nedanfor viser oversikt over utsendte refusjonskrav, restansar og innbetalt refusjonskrav pr. 31.12. dei enkelte åra.²⁰

	2011	2012	2013	2014
Utsendte refusjonskrav	4 755 070	5 070 114	6 266 060	4 886 656
Restanse	1 777 520	1 649 354	1 521 046	1 136 060
% av krav	37,4	32,5	24,2	23,2
Innbetalt refusjonskrav	2 977 550	3 420 760	4 745 014	3 750 596

I 2014 fekk kommunen innbetalt 3 750 596 i refunderte sjukepengar, noko som utgjer 3,5 % av lønn til fast tilsette dette året.²¹ I 2013 var innbetalt beløp 4 745 014 kroner, som då blir vel 4 prosent av fast lønn. Samla innbetaling av refusjonskrav i løpet av eit år har altså ikkje uvesentleg likvid betyding for kommunen. Det må difor vere av interesse å få «omsetningshastigheita» for refusjon på sjukepengar så høg som mogeleg.²²

Vi ser at restanse i prosent av utsendt refusjonskrav i 2011 og 2012 er 37,4 og 32,5 prosent, medan restanseprosenten er 24,2 prosent i 2013 og 23,2 prosent i 2014. Ifølgje informasjon frå kommunen er det ikkje restanseetterslep i beløpa frå før 2013. I 2014 utgjer 275 535 kroner av restansen eit etterslep frå 2013.²³ Ved etterslep sender Kommunekassen lister på dette til Nav. Nav har hausten 2014 gjennomført opprydding i sine system, og mykje av uteståande refusjonar fram til august skal ha blitt refundert.

Kommunekassen får tilgang til lister over sjukefråvær i systemet (Tieto) èin gong i månaden. På grunn av at krava i enkelte samanhengar kan hope seg opp, ønskjer Kommunekassen å få tilgang til listene to gongar i månaden. Det blir også gjort merksam på at det er mogeleg å nytte eigen modul i Agresso for purring og oppfølging av uteståande refusjonskrav. Sjølv om det er ønskeleg frå Kommunekassen si side, har kommunen ikkje teke dette i bruk.²⁴ Alle kommunane i Sys-ikt nyttar same løysing, så dette er sams for alle kommunane som er med samarbeidet. Kommunekassen meiner likevel at utsending av krav til stort sett går greitt i høve Nav sine fristar. Men det har likevel hendt at tregheit i systemet (i avdelingane/einingane) har gjort det vanskeleg å få inn sjukmeldingane tidnok, noko som gjer at kommunen risikerer å miste refusjonsinntekter.

I unnataksvise saker har Nav utbetalt refusjon direkte til personen bak sjukmeldinga i staden for til kommunen. Kommunen har då bedt Nav om å syte føre at personane betalar tilbake, men ifølgje Nav er ikkje dette mogeleg. I slike saker må difor kommunen be personen sjølv betale tilbake beløpet.

Kommunekassen opplever at det er stor variasjon i tida som Nav brukar på å sakshandsame refusjonskrav. Nyleg innsendte saker kan bli handsama kjapt, medan det i andre saker kan ta svært lang tid før saka er avgjort.²⁵ Kommunen får ingen informasjon frå Nav ved lang sakshandsamingstid, og må purre på refusjonane om det dreg ut i tid.

²⁰ Tal for utsendte refusjonskrav er inntektsført refusjon sjukepengar frå folketrygda som er inntektsført i driftsrekneskapen. Tal for restanse er henta frå balanserekneskapen. Innbetalt refusjonskrav er då utsendt krav med fråtrekk av restanse. Prosent av krav er rekna restanse i prosent av utsendt refusjonskrav.

²¹ Lønn fast tilsette: Summen av postane fast lønn, fast lønn avtalefesta tillegg, fast løn lærarar, fast lønn lærarar avtalefesta tillegg.

²² I oppført restansebeløp pr 31.12 kvart år ligg i hovudsak sjukepengar, med tillegg av noko fødselspengar. Det er ingen andre kategoriar som ligg inne i totalbeløpet.

²³ E-post frå Jølster kommune datert 19.02.2015

²⁴ E-post frå Jølster kommune datert 04.02.2015

²⁵ E-post frå Jølster kommune datert 19.02.2015

Funn

Også her må det peikast på manglande rutineverk rundt aktuelle funksjonar som produksjon av refusjonskrav, utsending av refusjonskrav til NAV, samt oppfølging av uteståande krav.

I restansebeløpet for 2014 ligg det nokon restansar frå 2013. Utover dette skal det ikkje henge att etterslep på restansar frå tidlegare år.

Det kan ligge ein risiko for å miste refusjonsinntekter som følgje av treigheit i systemet med innsending og registrering av sjukefråvær.

Stor variasjon i sakshandsamingstid og prioritet av saker frå Nav si side kan føre til risiko for unødvendig sein innbetaling av refusjonskrav. Ved sein sakshandsaming får kommunen ingen informasjon frå Nav.

Vurdering

Når det gjeld manglande rutineverk er det nødvendigvis dei same vurderingane som må gjerast her som i kapitlet om registrering av sjukefråvær. Med andre ord nedfelt prosedyre- og rutineverk som føresetnad for at det ligg føre eit system, og som eit hjelpemiddel for overføring av kompetanse. Som vi har sett har innbetalte refusjonar likvid betyding, og i nokon tilfelle risikerer kommunen å gå glipp av refusjonsinntekter på grunn av vanskar med å få inn sjukmeldingane tidsnok. Restanseprosenten i høve innsendte krav peikar nedover, men det er likevel revisjonen si oppfatning at det bør vere mogeleg å hente inn gevinstar ved å ha fokus på å redusere tida mellom utsending og innbetaling av refusjonskrav. Eit svakt rutineverk kan som nemnt gjere kommunen sårbar for kompetansesvinn. Kommunen bør difor syte føre at organisatoriske tilhøve ikkje unødig dreg ut tida det tar å få inn aktuelle refusjonskrav. Her er også potensielle renteinntekter til kommunen eit poeng.

Med tanke på lang sakshandsamingstid i ein del saker kan det nemnast at vedtak om refusjon frå Nav er enkeltvedtak, og difor skal følgje reglane om sakshandsamingstid i forvaltningslova²⁶. Dèt betyr at det skal sendast foreløpig svar med informasjon om forventa svartid om det ikkje ligg føre vedtak i løpet av fire veker. Det kan etter vår oppfatning vere eit poeng å gå i dialog med Nav på dette punktet.

Konklusjon

Manglande nedfelt prosedyre- og rutineverk for produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav gjer at vi ikkje kan seie at praksis tilfredsstiller kommunelovas krav om «betryggende kontroll». Også her må konklusjonen difor bli at kommunen ikkje fullt ut tilfredsstiller innhaldet i omgrepet «system», slik dette er definert tidlegare i denne framstillinga.

²⁶ Fvl § 2b, 11a

Oppfølging av sjukmeldte

Fakta

Fram mot 2012 hadde Jølster kommune ei positiv utvikling i sjukefråværet, der registrert lege- og sjukmeldt fråvær var 6,7%.²⁷ I 2013 kom det ein auke til 8,4 trass i at målet med IA-arbeidet dette året var å komme ned på 6%. Sjølv om legemeldt sjukefråvær blir refundert gjennom folketrygda, påfører sjukefråvær kommunen ein del kostnader. Ifølgje årsmeldinga for 2013 viser berekningar for andre kommunar at eit års sjukefråvær i gjennomsnitt kostar over kr. 200 000 pr stilling. Desse utrekningane er gjort etter forenkla modellar, og må oppfattast som retningsgjevande. For Jølster kommune vil då eit fråvær på over 8 prosent føre med seg ein kostnad på omkring 4 millionar kroner. I årsmeldinga for 2013 blir det presisert at stabil bemanning er svært viktig for kvaliteten på kommunen sine tenester, noko som etter kommunens oppfatning er like viktig som kostnaden med fråvær i seg sjølv.

Det må her nemnast at kommunen i perioden 01.04.2013 – 30.09.2013 gjennomførte prosjektplan «Sjukefråværsprosjekt 2013 Jølster kommune», med mål om å redusere sjukefråværet. Prosjektet retta seg mot Heimly, Skei omsorgssenter og Heimetenesta Vassenden.²⁸ Tettare leiaroppfølging av sjukmeldte arbeidstakarar i tenestene som deltok var blant tiltaka i. Ifølgje prosjektplanen skal leiarar sjå til at mellom anna dialogmøte blir gjennomført i løpet av fire veker, i tillegg til at det skal leggjast til rette for aktivisering og ekstra tett oppfølging av arbeidstakarar med fleire sjukmeldingsperiodar/kronisk sjukdom.²⁹

Etter IA-avtalen er det også utarbeida «Aktivitetsplan for Jølster kommune 2014» der det er satt resultatmål for sjukefråvær i 2014 på 6,5 %.³⁰ Mellom mange aktivitetar som er skissert i planen heiter det at retningslinjer for oppfølging skal gjerast betre kjent både blant leiarar, tillitsvalde og tilsette, og at det i løpet av året skal haldast informasjonsmøte om dette for tenesteleiarar og tillitsvalde. Vidare skal oppfølging av sjukmeldte gjennomførast i tråd med retningslinjer. Det blir presisert at kommunen ved sjukefråvær legg stor vekt på så raskt som mogeleg å komme i dialog med arbeidstakar.

På Jølster kommune sine nettsider er det lagt ut informasjonsmateriale, skjema, malar, rutinar, lover, avtalar og andre aktuelle dokument. Her har også kommunens eige rutinedokument for oppfølging av sjukmeldte vore lagt ut. I løpet av prosessen med denne rapporten er skjemaet tatt bort og erstatta med brosjyren «Oppfølging av sjukmeldte»³¹. Dette ifølgje kommunen på grunn av at ein no føretar ein gjennomgang og oppdatering av utdatert materiale. Det blir likevel sagt at den eksisterande rutinen er gjeldande, men ved å følgje brosjyra stettar ein oppfølgingskrava til kommunen. Ifølgje informasjonen kan det vere at det i tillegg blir lagt inn ei lenke til rutinen.³²

Som det er gjort greie for i kapittel 3 vil denne undersøkinga fokusere på kor vidt arbeidsmiljølovas krav til oppfølgingsplan og dialogmøte 1 er følgt opp. Det er altså ikkje kommunens rutinedokument for oppfølging av sjukmeldte som spesifikt vil bli gjennomgått. Men ut frå denne rapportens definisjon av «system», vil ajourhald av aktuelle rutinedokument likevel bli kommentert. Kommunens rutinedokument seier at ein i den første firevekers-perioden skal følgje opp med samtalor og invitere til lunsj og sosiale aktivitetar. Samtalane skal m.a omhandle aktive ordningar og tiltak på arbeidsplassen, og det skal utarbeidast oppfølgingsplan som skal sendast til sjukmeldar.

²⁷ Årsmelding Jølster kommune 2013

²⁸ Prosjektplan «sjukefråværsprosjekt 2013 Jølster kommune»

²⁹ «Frisk fokus-plan» leiar sin oppfølging av sjuke arbeidstakarar. Vedlegg til prosjektplanen

³⁰ IA-avtala. Aktivitetsplan for Jølster kommune 2014. Vedteke av arbeidsmiljøutvalet (AMU) i sak 6/14 den 3.3.2014.

³¹ Utarbeidd i regi av samarbeidspartane bak IA-avtalen. Dvs regjering og organisasjonane i arbeidslivet.

³² E-post frå Jølster kommune datert 24.02.2015.

Etter 7 veker skal det gjennomførast dialogmøte 1. Ifølgje dokumentet skal oppfølgingsplanen sendast til Nav innan 9 veker, og innan 8 månadar skal varige løysingar avklarast. Dokumentet skisserar ikkje vidare oppfølging som Nav skal ta initiativ til.

Etter arbeidsmiljølova skal oppfølgingsplanen utarbeidast i fellesskap med arbeidstakarar i løpet av fire veker om dette ikkje er openbart unødvendig. Planen skal innehalde vurdering av arbeidstakars arbeidsoppgåver og arbeidsevne, aktuell tilrettelegging eller tiltak i arbeidsgjevars regi, eventuell med bistand frå Nav, samt plan for vidare oppfølging. Desse punkta går fram av NAV-skjema som blir brukt ved utarbeiding av oppfølgingsplan, «Oppfølgingsplan ved sjukmelding». Kommunen har også utarbeidd eige skjema for individuell oppfølgingsplan som er lagt ut på heimesidene til kommunen. Oppfølgingsplanen skal sikre at dialog mellom arbeidsgjevar kjem raskt i gong, og at tiltak og moglegheiter for å kome tilbake i arbeid blir grundig vurdert.

Dialogmøte 1 er i første rekkje eit møte mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar, men om det er hensiktsmessig kan andre aktørar kallast inn. Dialogmøtet skal ta opp innhaldet i oppfølgingsplanen og avklare om det er aktuelt med tiltak på arbeidsplassen. Det er ikkje krav om å gjennomføre dialogmøte 1 ved gradert sjukmelding, med mindre arbeidstakar, arbeidsgjevar eller lege meiner dette er føremålstenleg.

I den siste IA-avtalen, med verknad frå 01.07.2014, blir kommunane lovpålagt eit større dokumentasjonsansvar på oppfølging av sjukefråvær.³³ Samstundes fell krav om rapportering til Nav etter 9 veker bort til fordel for at kommunane no på spørsmål frå styresmaktene til ei kvar tid skal kunne legge fram aktuell dokumentasjon. I denne rapporten er det henta ut saker frå 2014, noko som då betyr at endringane i dokumentasjons- og rapporteringskravet slår inn om lag midt i undersøkingsperioden. Kravet til oppfølgingsplan og dialogmøte 1 er likevel sams, og må vurderast på same måte som tidlegare. Dette betyr likevel at rutinedokumentet til Jølster kommune ikkje er oppdatert med tanke på bortfall av rapporterings- og dokumentasjonskravet.

Jølster kommune nyttar arkivsystemet Websak, og dokumentasjon på oppfølging av sjukmeldte skal arkiverast der.³⁴ I praksis er ikkje dette følgt opp. Men for både gamal og ny IA-avtale skal innhaldet i dialogmøte 1 på skjema for oppfølgingsplan kommenterast/korrigerast. Dette betyr at informasjon på både oppfølgingsplan og dialogmøte 1 frå før 01.07.2014 bør kunne hentast fram i og med rapporteringsplikta til Nav.

I denne undersøkinga er det på bakgrunn av liste frå Agresso plukka ut 16 saker frå 2014.³⁵ Lista viser namn og fødselsnummer, sjukmeldingsperiode, sjukmeldingsgrad, teneste- og ressursnummer og kode for ansvar. Den viser også kodar for kva type sjukefråvær det er snakk om. I vår samanheng er det 1010 og 1030, altså eigenmeldt/legemeldt sjukefråvær som er av størst interesse.³⁶ I tillegg blir det brukt kodar for kronisk sjuk, barns sjukdom og svangerskapsrelatert sjukdom.

Gjennomgatte saker representerte sjukemeldingsperiodar frå rundt to månadar til sjukefråvær store delar av året. Utplukket blei gjort frå grunnskule, SFO, barnehage, heimesjukepleie, omsorgstenesta, psykiatri, bibliotek og reingjering. Ifølgje informasjon frå kommunen representerer innhenta materiale all tilgjengeleg dokumentasjon på oppfølging av sjukmeldte for dei seksten aktuelle personane.³⁷

³³ Aml § 4-6, pkt 5.

³⁴ E-post frå Jølster kommune datert 25.02.2015

³⁵ Jf kapittel 4-6, pkt 3,4

³⁶ Ei sak var registrert som 1040 – kronisk sjuk med legemelding

³⁷ E-post frå Jølster kommune datert 25.02.2015

Funn

Gjennomgangen viser at tre av dei 16 sakene kan seiast å tilfredsstille arbeidsmiljølovas krav til oppfølgingsplan og dialogmøte 1. I to av desse sakene var dialogmøte 1 ikkje nødvendig på grunn av gradert sjukmelding, og at sjukmeldt kom tilbake i arbeid.

I tre saker er det utarbeidd arbeidsplan etter frist.³⁸ I èi sak tok sjukefråværet til i 2013 der det ifølgje notat er utarbeidd oppfølgingsplan og gjennomført dialogmøte i november, utan at dette er dokumentert.

Dette betyr at det i 13 av 16 saker ikkje er registrert dokumentasjon på sjukefråværsoppfølging i tråd med aktuelt lovverk. I 9 saker er det ikkje registrert dokumentasjon på oppfølgingsplan og dialogmøte1 i det heile. I to av desse sakene er det planlagt dialogmøte i februar og mai, og i ei av dei har det ifølgje notat vore svært vanskeleg å få kontakt med sjukmeldt, sjølv om einingsleiar har prøvt å følgje opp.

I det innsamla materialet er det lagt ved ein del notat og kommentarar frå einingsleiarar der det går fram at vedkomande er følgt opp gjennom samtalar/telefon.

Som nemnt skal dokumentasjon på oppfølging av sjukmeldte arkiverast i arkivsystemet Websak.³⁹ I praksis er det opp til einingane korleis materialet blir oppbevart, utan at dette sentralt blir følgt opp.⁴⁰ Framlagt materiale blei samla inn frå einingane, og i ein stor del av sakene kunne ikkje oppfølgingsarbeidet dokumenterast, jf ovanfor. 6 av dei gjennomgatte sakene refererer seg til sjukmeldingsperiodar etter 01.07.2014, altså etter at dokumentasjonskravet på oppfølging av sjukmeldte trådde i kraft. I fem av dei er det ikkje registrert at kommunen har arkivert eigen dokumentasjon på slik oppfølging.

Rutinedokumentet for oppfølging av sjukmeldte som ifølgje kommunen fortsatt er gjeldande, er ikkje oppdatert i tråd med ny IA-avtale. Det same gjeld skjema for individuell oppfølgingsplan

Vurdering

Enkelte notat i det framlagte materialet peikar på endringar i leiing- og personalsituasjon som ei av årsakene til manglande oppfølging av sjukmeldte. Etter revisors oppfatning byggjer dette opp under ovannemnte kommentarar rundt prosedyre/rutineverk og kompetanseoverføring.

Manglande dokumentasjon på utplukka sjukefråværsaker frå siste halvdel av 2014 stadfestar kommunens informasjon om at det pr. i dag ikkje ligg føre eit felles dokumentasjonssystem på oppfølging av sjukefråvær. Sjølv om dokumentasjon av oppfølgingsarbeidet i tidlegare IA-avtalar ikkje var lovheimla, burde rapporteringskravet til Nav gjere det mogeleg å finne oppfølgingsplan med informasjon om dialogmøte 1. Dokumentasjon av praksis er også ein av føresetnadane for «system», slik omgrepet er definert tidlegare i denne rapporten. For ein stor del av dei gjennomgatte sakene manglar det likevel informasjon som fortel kor vidt lovheimla krav i praksis blir følgt opp, noko som byggjer opp under eit inntrykk av at kommunen er «bakpå» i oppfølgingsarbeidet.

Manglande dokumentasjon betyr likevel ikkje at einingsleiing og tilsette ikkje følgjer opp sjukmeldte på arbeidsstaden. Gjennom framlagt materiale får vi vite ein del av fråværs sakene er blitt følgt opp

³⁸ Oppfølgingsplan 3 veker, og 2 og 3 månadar etter frist. For den siste viser listene at sjukefråværet tok til før nyår. Det blir difor teke atterhald om kor vidt det ligg føre dokumentasjon før 2014 som ikkje kjem fram i denne undersøkinga.

³⁹ E-post frå Jølster kommune datert 25.02.2015

⁴⁰ E-post frå Jølster kommune datert 25.02.2015

gjennom kontakt og samtalar med sjukmeldt, ofte over telefon. Noko som for så vidt i tråd med kommunen sitt rutinedokument. Men i eit fleirtal av sakene ligg det likevel ikkje føre spesifisert dokumentasjon på oppfølging utover dette, med informasjon om tiltak, framdrift osv. Slik sett har vi då heller ikkje informasjon som fortel oss kor vidt sjukmeldt er følgt opp i tråd med aktuelt lovverk.

Ovannemnte «Aktivitetsplan for Jølster kommune 2014», og prosjektplan «Sjukefråværsprosjekt 2013 Jølster kommune», viser også at kommunen ønskjer å følgje opp fråværsarbeidet på ein systematisk måte. I nokon «tyngre saker» viser framlagt materiale at arbeidsstaden har vore tett på i oppfølgingsarbeidet. Dette endrar likevel ikkje eit totalbilete av ein gjennomgåande mangel på, i fleire saker fråvær av, dokumentasjon på kor vidt oppfølgingsarbeidet er i tråd med aktuelle lovheimla krav. Ein situasjon som i vår samanheng må karakteriserast som alvorlege brot på kommunens pliktar i oppfølging av sjukmeldte. I tillegg til manglande arkivsystem representerer ein slik situasjon etter revisors oppfatning også eit brot på kommunelovas krav til «betryggende kontroll».

Konklusjon

Revisor meiner å sjå ein gjennomgåande mangel på oppfølging av arbeidsmiljølovas krav til oppfølging av sjukmeldte, og til arbeidsmiljølovas krav til dokumentasjon av dette arbeidet. Manglande dokumentasjon bryt også med denne rapportens definisjon av «system». Kommunelovas formulering i § 23 pkt 2 om «betryggende kontroll» er difor ikkje følgt opp. I vidareføringa av dette kan det difor ikkje seiast at Jølster kommune har eit godt nok system for oppfølging av sjukmeldte.

7 TILRÅDINGAR

Revisor meiner at det er svært viktig at Jølster kommune set i verk tiltak for å sikre at arbeidet med oppfølging av sjukmeldte blir utført og dokumentert i tråd med arbeidsmiljølova.


Revisor rår til at Jølster kommune som del av sitt oppgraderingsarbeid av skjema, rutinar og prosedyrar foretar ein fullstendig gjennomgang og oppdatering av sine skjema og rutine/prosedyredokumentasjon knytt til registrering av sjukefråvær, produksjon, utsending og oppfølging av refusjonskrav, samt oppfølging av sjukmeldte.

Revisor rår til at Jølster kommune som del av sin internkontroll held fokus på «omsetningshastigheita» ved innkreving av refusjon på sjukepengar. Her kan tettare oppfølging av Nav vere eit av tiltaka.

8 UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN

Denne rapporten er utarbeidd av Stig Årdal (forvaltningsrevisor) i Kryss Revisjon

Førde, den 22.04.2015


(underskrift)

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

9 KJELDER OG REFERANSAR

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (Arbeidsmiljølova)
Lov om folketrygd (Folketrygdlova)
Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)
RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon
Samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv 2014 – 2018
Overordna analyse, Jølster kommune 2012
Kvalitetssystem og helse, miljø- og tryggleiksarbeid, Jølster kommune
Årsmelding 2013
IA-avtale. Aktivitetsplan for Jølster kommune 2014. Vedteke av AMU 03.03.2014
Prosjektplan «Sjukefråværsprosjekt 2013 Jølster kommune»
Nettsider til Jølster kommune: www.jolster.kommune.no

10 VEDLEGG

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT

Etter RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav at revisor i utføring av revisjonsarbeidet skal vere uavhengig og objektiv. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det difor gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Vi kan ikkje sjå at det etter kriteria i ovannemnde rettskilder er forhold som svekkjar vår uavhengigheit i utføringa av denne forvaltningsrevisjonen.

RETTSLEG FORANKRING AV REVISJON OG FORVALTNINGSREVISJON

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommunelova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har tilsett to *forvaltningsrevisorar* på heiltid.

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Jølster kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging. Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommunelova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommunelova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**” (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

GENERELT OM REVISJONSKJELDER OG REVISJONSKRITERIUM

I dette forvaltningsrevisjonsprosjektet har KRYSS-Revisjon nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon slik dei går fram av RSK 001 og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden:

- I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- SK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunngeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

REVISJONSKJELDER- OG KRITERIUM I DETTE PROSJEKTET

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, i vår bestilling i hovudsak kommunelov, arbeidsmiljølov og folketrygdelov, samt politisk og administrative styringsdokument og rutineverk.

Nedanfor går vi først igjennom det lov- og kjeldemessige rammeverket for undersøkinga. Deretter blir revisjonskriteria konkretisert.

Rammelover/forskrifter

Når det gjeld ansvarsforholdet mellom kommunal politikk og administrasjon viser vi til kommunelova § 1 som mellom anna seier at formålet med lova er å leggje til rette for effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene. I kommunelova § 6 vert det slått fast at det er kommunestyret som er det øvste kommunale organet. I same lov § 6, 2. setning, står det at det er kommunestyret som fattar vedtak. Sett i samanheng med forvaltningslova § 2, som mellom anna definerer omgrepet ”vedtak”, betyr dette at kommunestyret sin vedtakskompetanse er juridisk heimla. Vidare finn vi i kommunelova § 23 nr 2 at «Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter, og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll». Føremålsparagrafen i kommunelova og premissane i rådmannsansvaret etter kommunelova § 23 nr. 2 gjer det såleis klart at ansvaret for rapportering og oppfølging i samband med sjukefråvær er ankra i kommunelova.

Det er folketrygdelova som regulerer retten til lønn under sjukdom, der formålet med sjukepengar er å gje kompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive medlemmer som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade⁴¹.

Arbeidsmiljølova har mellom anna som føremål å bidra til eit inkluderande arbeidsliv⁴². Same lov stiller også krav til at det blir utført systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid (HMS-arbeid) på alle plan i verksemda⁴³. Dette skal gjerast i samarbeid med arbeidstakarar og tillitsvalte, og

⁴¹ Ftrl § 1-1 og 8-1

⁴² Aml § 1-1 pkt e

⁴³ Aml § 3-1

arbeidsgjevar skal mellom anna syte føre eit systematisk arbeid med førebygging og oppfølging av sjukefråvær.⁴⁴ Også folketrygdlova stiller krav til oppfølging av sjukmeldte.⁴⁵

IA og HMS

Den 04.03.2014 skreiv regjeringa og hovudorganisasjonane i arbeidslivet under på ny intensjonsavtale for eit meir inkluderande arbeidsliv. Avtalen gjeld frå 01.07.2014 til 31.12.2018. Avtalen vidarefører måla for tidlegare avtalar, som er reduksjon av sjukefråvær, hindre fråfall og auke sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne, samt auke i pensjonsalder.

Den nye IA-avtalen fjernar tidlegare krav til rapportering frå arbeidsgjevar til NAV innan 9 veker. I staden skal arbeidsgjevar ved behov kunne dokumentere oppfølging av sjukmeldte for styresmaktene.

IA-avtalen seier at det kan brukast eigenmelding i til saman 24 kalenderdagar i løpet av ein 12 månaders periode⁴⁶. Eigenmelding kan ikkje nyttast meir enn i åtte dagar pr sjukefråvær.

Som del av arbeidet med IA-avtalen det det utarbeida aktivitetsplan for Jølster kommune i 2014. Planen blei vedteke av arbeidsmiljøutvalet den 03.03.2014, og planen skisserer ein del tiltak for å få ned sjukefråvær. Mellom anna blir generell informasjonsflyt mellom leing og tilsette vektlagt, samarbeid med bedriftshelsetenesta, integrasjon av IA og HMS-arbeid. Vidare opplæring og sosiale tiltak, og å syte føre oppfølging av sjukmeldte i tråd med retningslinjer. Ifølgje planen legg ein stor vekt på å vere i dialog med arbeidstakar så raskt som mogeleg.

Jølster kommune har vore IA-verksemd sidan 2004.⁴⁷ Ifølgje årsmelding for 2013 hadde kommunen ei positiv utvikling i fråværet til og med 2012. Mellom 2012 og 2013 har det vore ein markant auke, med eigenmeldt sjukefråvær på ca 9,%. Aktivitetsplan for Jølster kommune har som mål å redusere eigen- og legemeldt sjukefråvær til 6,5%.

Administrasjon/personell

Dagens forskrifter stiller krav om plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.⁴⁸ Overordna analyse blir nytta som grunnlag for utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll/selskapskontroll.⁴⁹ Dokumentet seier også noko om administrativ organisering av Jølster kommune.

Årsmelding 2013 kommenterer mellom anna utvikling i sjukefråvær⁵⁰, og er utarbeidd i samsvar med kommunelova § 48 nr. 5.

Utleiing og kriterier

Nedanfor følgjer utleiing av kriterier basert på ovannemnte kjeldemateriale:

Som nemnt under kapittel om kriterier forstår revisor i vår samanheng system som eit felles styringssystem som skildrar prosedyrar, instuksar og rutinar. Det er då eit krav at aktuelle prosedyrar, instruksar og rutinar er skriftleg nedfelt, er ajour, at dei er blitt gjort kjent på arbeidsplassen, og at dei

⁴⁴ Aml § 3-1 og 4-6

⁴⁵ Ftrl § 25-2

⁴⁶ Intensjonsavtale om et meir inkluderende arbeidsliv 04.mars 2014 - 31.desember 2018.

⁴⁷ Årsmelding Jølster kommune 2013, kap 3

⁴⁸ Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

⁴⁹ Overordna analyse. Grunnlagsmateriale for plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt Jølster kommune. 2012.

⁵⁰ Årsmelding 2013 Jølster kommune, kap 3

blir etterlevd. Det må også ligge føre dokumentasjon i form av skriftleg stadfesting på at praksis er i tråd med lover og føreskrifter. Dei ulike registreringsfunksjonane bør difor vere tufta på skriftlege felles rutineskildringar. Dette er etter revisors oppfatning også ein føresetnad for å fullt ut kunne tilfredsstille kommunelova sitt krav til «tilstrekkelig kontroll».⁵¹

Arbeidsgjevar er ansvarleg for sjukepengar dei første 16 dagane av ein sjukmeldingsperiode⁵² (arbeidsgjevarperioden) Deretter er det folketrygda som overtar ansvaret⁵³. For at kommunen skal få utbetalt refusjon må kravet vere NAV i hende tre månadar etter at kravet oppstod.⁵⁴

Punkta ovanfor dannar såleis grunnlag for revisjonskriterium under spørsmål om fráværssrapportering og registrering av sjukefråvær i lønssystem, og innkrevjing av refusjonar.

Ifølgje arbeidsmiljølova skal det ved sjukefråvær seinast etter 4 veker utarbeidast oppfølgingsplan med vurdering av arbeidstakers arbeidsoppgåver og arbeidsevne, samt aktuelle tiltak i arbeidsgjevars regi, aktuelle tiltak med bistand frå styresmaktene, og plan for vidare oppfølging. Oppfølgingsplanen skal sendast til sjukmeldar så snart den er utarbeida, og seinast etter 4 veker. Den skal også sendast til NAV ved behov for bistand frå NAV. Ved 100 % sjukmelding skal det etter 7 veker kallast inn til dialogmøte.⁵⁵ Ved behov kan andre aktørar delta, som t.d sjukmeldar, bedriftshelseteneste, NAV, verneombod. Seinast etter 26 veker skal NAV arrangere eit dialogmøte 2 mellom sjukmeldt arbeidstakar og arbeidsgjevar. Det er NAV som tar initiativ til dette. Arbeidstakar, arbeidsgjevar eller sjukmeldar kan krevje at dialogmøte 2 blir arrangert tidlegare enn fristen på 26 veker, eller at det blir arrangert eit dialogmøte 3 etter eitt år.

I og med at det er NAV som har initiativansvar for oppfølging etter dialogmøte 1 (sju veker), er det arbeidsmiljølovas krav til oppfølgingsplan og dialogmøte 1 (4 og 7 veker) som dannar grunnlag for revisjonskriterium for oppfølging av sjukmeldte.

Revisjonskriterier:

- Kommunelova § 23 nr. 2
 - Administrasjonssjefen skal syte føre at administrasjonen blir drive i samsvar med lover, føreskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for «betryggende kontroll».
- Arbeidsmiljølov §4-6 pkt 3 og 4 og 5
 - Seinast innan 4 veker skal det utarbeidast oppfølgingsplan, med mindre det er openbart unødvendig.
 - Seinast innan 7 veker skal det kallast inn til dialogmøte om innhaldet i oppfølgingsplanen, med mindre dette er openbert unødvendig. Ved gradert sjukmelding berre når arbeidsgjevar, arbeidstakar eller sjukmeldar vurderer det som hensiktsmessig.
 - Arbeidsgjevar skal kunne dokumentere korleis krav bestemmelsane om oppfølgingsplan og dialogmøte er følgt opp. (Verknad frå 01.07.2014)

⁵¹ Kommunelova § 23 pkt 2.

⁵² Ftrl 8-18 og 8-19

⁵³ Ftrl 8-17

⁵⁴ Ftrl § 22-3 og 22-13.

⁵⁵ Ftrl § 25-2 pkt 4, aml § 4-6.

RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA

Rådmannen har desse merknadene til høyringa på forvaltningsrevisjons-rapporten:

- 1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?
Rådmannen sin merknad: Ingen merknad
- 2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?
Rådmannen si merknad: Ingen merknad
- 3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane våre? I tilfelle kva?
Rådmannen sin merknad: Ingen merknad

- 4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar og anbefalingar**?
Rådmannen sin merknad: Rådmannen er i all hovudsak samd med konklusjonar og tilrådingar. Når det gjeld oppfølging av refusjonskrav overfor NAV og restanse i refusjonskrav er rådmannen samd i at det bør utarbeidast rutine for oppfølging av refusjonskrav overfor NAV for å sikre kommunen sine inntekter. Det er likevel grunn til påpeike at restanse i refusjonskrav er eit nasjonal utfordring i NAV, og at det er svært avgrensa korleis Jølster kommune kan påverke dette. Det bør vere unødig at kommunen som arbeidsgjevar skal bruke mykje ressursar på oppfølging av enkeltvedtak i NAV.
- 5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?

Rådmannen sitt forslag til oppfølging og tiltak

Oppdatering av rutinar:

Rutine	Frist	Ansvar
Registrering av sjukefråvær Tieto	01.09.15	Tenestekontoret
Registrering av sjukefråvær skule	01.09.15	Tenestekontoret/skulane
Produksjon og utsending av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av sjukmelde	01.09.15	Tenestekontoret
Dokumentasjon av sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Ansvar og delegering sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Opplæring oppfølging av sjukmelde tenesteleiarar og andre som jobbar med sjukefråværsoppfølging	01.11.15	Tenestekontoret/ Rådmannen

Rutinar skal vere ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.

- 6) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?
Rådmannen sin merknad: Rådmannen vurderer at delar av rapporten er noko utilgjengeleg i språkbruken. Dette gjeld først og fremst omtale av fakta og funn på dei ulike revisjonsområda. Her vurderer rådmannen at det vert meir lesarvennleg for både utval og kommunestyre, dersom det i alle fall i tillegg til tekstdel er gjort skjematiske oppsett gjennom tabell eller figurbruk som forenkler framstillinga av kompliserte prosessar.

Vurderingar og konklusjonar frå revisor er relativt kortfatta og tydelege, og gjev konkret rettleiing.

- 7) Har rådmannen **andre** merknader?

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 015/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/215
---	-------------------------	-------------------------------

Orientering frå rådmannen om oppfølging etter forvaltningsrevisjon på innkjøpsrutinar

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om oppfølging etter forvaltningsrevisjon på innkjøpsrutinar i Jølster kommune, til vitande.

.

Saksutgreiing:

Kommunestyret handsama forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøp i møte 10.3.2015, sak 010/15, der det vart gjort følgjande vedtak:

- 1. Kommunestyret tek rapport om revisjon av innkjøpsrutinar for Plan og næring i Jølster kommune til orientering.*
- 2. Kommunestyret viser til konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.*
- 3. Tiltak skal gjennomførast i samsvar med framlegg frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:
Oppdatering av økonomireglement innan 1.7.2015.
Utarbeide eige innkjøpsreglement innan 1.4.2015.
Inngå fleire rammeavtaler gjennom SFFI løpande.
Opplæring av tenesteleiarar og bestillarar i innkjøpsreglement og lovverk innan 1.7.2015.*
- 4. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga/framdrifta til kontrollutvalet i møte i mai 2015.**

Rådmannen er kontakta om at kontrollutvalet har møte 19. mai.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 016/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/197
---	-------------------------	-------------------------------

Utale til rekneskapen 2014 for Jølster kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.05.2015	Utale til rekneskapen for 2014	2418
20.04.2015	Oversending av revisjonsmelding for Jølster kommune, frå KRYSS Revisjon datert 15.4.2015	2156
11.05.2015	Revisjonsmelding 2014 datert 15.4.2015	2155
22.04.2015	Årsrekneskapen for 2014, oversending til kontrollutvalet	2187
11.05.2015	Rekneskap 2014 Jølster kommune	2188
23.04.2015	Utsending av Årsmelding 2014	2220
11.05.2015	Årsmelding 2014 - Jølster kommune	2221

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Saka vert lagt fram utan tilråding.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat har endra på malen for uttale til rekneskap, og legg m.a. ikkje opp til å velje ut og kommentere nøkkeltal frå rekneskapen, jamfør informasjonsbrev frå SEKOM datert 31.7.2014. Kontrollutvalet står likevel fritt til å forme uttale til kommunestyret.

SEKOM-sekretariat viser til rekneskapen og årsmelding 2014 for Jølster kommune, samt revisjonsmelding frå Kryss Revisjon datert 15.4.2015.

Leiar av SEKOM-sekretariat, Arnar Helgheim har som tildegare tilsett økonomi- og personalleiar i Jølster kommune fram til 1.4.2014, arbeidd med delar av rekneskapen 2014 for Jølster kommune, og ser seg difor som inhabil til å kome med utgreiing i saka. Dette fører til at også rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme er ugild. Det vert lagt fram forslag til uttale utan vurderingar frå SEKOM-sekretariat, etter den malen vi nyttar i alle kontrollutvala, men

her er det berre faktaopplysningar som er fylt ut. Det vert opp til kontrollutvalet og utforme endeleg uttale til kommunestyret i møtet. Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet til kontrollutvalet.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Rådmann er innkalla til møtet, og vil gje nærare orientering om rekneskapen for 2014. KRYSS Revisjon er også kalla inn, og kan svare på spørsmål om revisjonsarbeidet.

Jølster kontrollutval

(Mal frå SEKOM-sekretariat med faktiske opplysningar)

Jølster kommunestyre

Dato: 19.05.2015
Vår referanse: 15/915
Arkiv: FE-216

Uttale til rekneskapen for 2014

Rekneskapen 2014 for Jølster kommune er handsama i kontrollutvalet 19.5.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Rekneskapen for 2014
- Årsmelding frå rådmannen
- Revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 15.4.2015

Driftsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig meirforbruk på kr 118.951.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Kommunestyret vedtek dekking av meirforbruket.

Kontrollutvalet viser til atterhald i revisjonsmeldinga:

Kontrollutvalet viser til presiseringar i revisjonsmeldinga:
(Omtale eventuelt andre spesielle moment spesielt ut frå revisjonsmelding)

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for xx kommune vert godkjent.

Jølster kontrollutval,

Audun Høyvik
leiar

Vigdis Tønning
nestleiar

Tom Erik Sandal

SEKOM-sekretariat

6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref. :

Arkivkode :

Journalnr. :

Dokumentdato:

Revidert rekneskap 210&14

012/2015

15.04.2015

ÅRSREKNESKAPEN 2014 - JØLSTER KOMMUNE -
OVERSENDING AV REVISJONSMELDING - JØLSTER KOMMUNE

Vedlagt oversendast revisjonsmeldinga for Jølster kommune for 2014.

Vi går ut frå at administrasjonen oversender den opptrykte rekneskapen og årsmeldinga for 2014 i nødvendige eksemplar til sekretariatet.

Vi ber om at de tek rekneskapssaka til handsaming i kontrollutvalet.

Førde, 15. april 2015

kopi: ordførar
rådmann
tenesteleiar rekneskap

Med helsing


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor 1


Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobil: 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil: 47 65 50 93

Jølster kommune
v/ kommunestyret

kopi: kontrollutval
formannskap
rådmann

Dykkar ref.:	Vår ref. : //rev.mld. Jølster 2014	Arkivkode : 216	Journalnr. : 011/2015	Dokumentdato: 15.04.2015
--------------	---------------------------------------	--------------------	--------------------------	-----------------------------

REVISJONSMELDING 2014.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Jølster kommune per 31.12.2014 som syner eit negativt netto driftsresultat på kr 1.233.344,-. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser driftsrekneskapen eit meirforbruk på kr 118.951,- som det ligg til kommunestyret å finne dekning for. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjons-handlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Jølster kommune per 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge.

Uttale om øvrige forhold

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett. Jf. likevel presisering nedanfor.

Presisering:

Lov om kommunar og fylkeskommunar §§ 46 og 47, omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomisk oversikt drift og investering.

Vi syner til rådmannen si årsmelding der det er gjort greie for budsjettavvik.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Jølster kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Førde, 15. april, 2015

Kommunerevisjonen
Kari Håheim Sygna
Tettefjell 12, 6801 Førde
Tettefjell
Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kari Håheim Sygna
Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I



Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref
SRØ 15/323 - 4

Dykkar ref

Arkiv
210

Dato
22.04.2015

Årsrekneskapen for 2014, oversending til kontrollutvalet

Vedlagt ligg revidert Rekneskap 2014 for handsaming i kontrollutvalet

Med helsing

Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143

Vedlegg:

Tittel

Samanslått rekneskapshefte





Jølster kommune

Rekneskap 2014

Jølster kommune
(revidert)

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

jolster.kommune.no



UTTALE FRÅ LEIINGA VEDKOMANDE ÅRSREKNESKAPEN TIL JØLSTER KOMMUNE FOR 2014 – FULLSTENDIGHETSERKÆRING

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for Jølster kommune for driftsåret 2014.

Vi stadfestar etter beste evne og overttyding at:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å syte for at kommunen sin rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å mogleggjere utarbeining av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkomande utarbeining av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige forutsetningar som er nytta av oss ved utarbeininga av rekneskapestimat, herunder rekneskapestimat målt til verkeleg verdi, er rimelege.
- Alle hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert og omtalt.
- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste fylgjer vedlagt.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelsar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen.
- Alle budsjetteringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Opplysningar som er gjevne:

- Vi har gjeve revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeinga av reknskapen.
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er naudsynt å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultat av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som fylgje av misleghald.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeing av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærståande partar og alle forhold til nærståande partar og transaksjonar med desse som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysningar om kommunen sine garantiansvar.

Skei i Jølster, 15.februar 2015

Børge Tvedt
Rådmann

Britt Krøvel Flatjord
Tenesteleiar rekneskap

Hovudoversikt

212001	Bilar drift og heimeteneste 2011	10	8	1 257 190,80	0,033
212002	Skei barnehage, prosj.nr. 221	10	8	84 247,20	0,002
212003	Saneshage Skei omsorgsenter, prosj.nr. 219	10	8	151 347,20	0,004
212004	Kommunehuset, taktekingm prosj. 213	10	8	425 104,80	0,011
213001	Tiltakspakke, prosj. 193/201/223	10	8	1 881 526,21	0,049
213002	Enøk-tiltak 2011/2012	10	9	520 636,95	0,015
213003	Skei skule, brannalarm	10	9	630 646,65	0,018
213004	Stadutvikling 2010/2011	10	9	657 783,37	0,019
301001	Reinseanlegg Skei	20	6	156 520,29	0,003
302001	Årdal reinseanlegg	20	6	218 893,30	0,004
302003	Forretningsbygg Langhaugane	20	7	198 333,37	0,005
303001	Reinseanlegg Vassenden	20	9	1 490 237,22	0,043
303002	Leidningsnett avlaup Skei	20	9	785 881,74	0,023
303003	Leidningsnett Vassenden vassverk	20	9	41 798,51	0,001
303004	Hydroforanlegg Årset	20	9	72 000,00	0,002
303005	Pumpestasjon Fluge	20	9	367 256,79	0,011
306001	Øyaflata kunstgrasbane	20	12	816 940,46	0,032
306002	Ballbinge Skei	20	12	165 108,74	0,006
306003	Pumpestasjon Skrede	20	12	541 048,21	0,021
306004	Vass.vassverk, ringleidning/trykkforsterk.	20	12	57 939,04	0,002
306005	Produksjonsskjøken, ombygging	20	15	178 183,06	0,009
306006	Skei Vassverk, vassbehandling	20	12	179 183,77	0,007
306007	Pumpestasjon - Viken	20	12	248 998,52	0,010
306008	Ombyggin VA-anlegg Skei	20	12	660 791,88	0,026
308001	Vassenden Vassverk, vassbehandling	20	14	399 265,43	0,018
308002	Hegrenes reinseanlegg	20	14	108 639,44	0,005
310001	Skei Stadion, kunstgras	20	15	2 771 654,16	0,135
313001	Vass.Vassverk Øygardsmyrane	20	19	1 672 855,94	0,103
313002	Skei Vassverk	20	19	1 732 138,72	0,107
313003	Langhaugane reinseanlegg	20	19	171 687,04	0,011
313004	Investerings avlaup 2013	20	19	1 279 072,96	0,079
313005	Investerings vatn 2013	20	19	476 696,34	0,029
397001	Svidal vassver	20	4	6 393,37	0,000
400002	Skei barnehage	40	27	2 462 250,21	0,216
400003	Veg, Førde	40	28	951 066,65	0,086
400010	Omsorgsbustader Skei	40	27	11 086 030,79	0,970
401001	Omsorgsbustader Vassenden	40	28	5 539 898,88	0,503
402001	Legebustad Skei	40	29	245 078,22	0,023
403001	Skei sentrum - parkering	40	29	1 729 556,52	0,163
406001	Veg, Viken IV	40	32	70 998,50	0,007
406002	Omsorgsbustader Vassenden	40	32	1 665 363,10	0,173
406003	Hegrenes bustadfelt	40	39	72 674,94	0,009
406004	Årsetbakkane 2002	40	39	481 866,45	0,061
407001	Omsorgsbustader psykiatri Vassenden	40	34	1 988 629,44	0,219
409001	Skei skule - tilbygg og ombygging	40	35	6 474 170,23	0,735
409002	Helgheim kyrkje 2009	40	35	122 500,00	0,014
409003	Ristpresse	40	35	300 198,99	0,034
410001	Vassenden skule - påbygging og ombygging	40	36	13 515 720,22	1,577
413001	Rehabilitering bygg- og anlegg	40	39	5 652 688,26	0,715
413002	Ola-tunnelen, sikring	40	39	381 910,55	0,048
413003	Eikaasgalleriet, tilrettelegging	40	39	341 412,64	0,043
413004	Vegar 2013, asfaltering	40	39	1 667 117,84	0,211
413005	Midttunet (2007)	40	39	423 139,03	0,053
413006	Gang- og sykkelveg Vassenden	40	39	3 395 672,39	0,429
413007	Omsorgsbustader/rehab. Skei	40	39	1 934 906,51	0,245

413008	Trafikktryggleikstiltak - Skei skule	40	39	304 087,39	0,038
413009	Trafikktrygging 2013	40	40	533 369,16	0,069
413010	Vass.skule funksjonshemma	40	40	249 562,00	0,032
413011	Skei barnehage, tilbygg	40	39	1 633 862,90	0,207
413012	Infrastruktur Fossheim Næringsareal	40	39	619 040,66	0,078
413013	Bustadfelt	40	39	177 962,37	0,022
413014	Mogskog Næringsareal	40	39	992 383,76	0,125
413015	Viken 1 sør	40	39	2 161 831,09	0,273
413016	Årsetbakkane	40	39	77 362,11	0,010
413017	Næringsareal	40	39	318 088,87	0,040
473002	Veg, Viken 3	40	16	64 480,00	0,003
475001	Fjellheim VIII	40	1	7 772,44	0,000
475002	Veg, Skei skule gangbru	40	10	89 857,19	0,003
475003	Veg, Øvre Åsen	40	1	982,63	0,000
478001	Haugtun IV	40	4	48 000,00	0,001
478002	Vassenden vassverk	40	4	430 401,82	0,006
480001	Veg, Dvergsdalsdalen - Myklebust	40	1	22 355,63	0,000
480002	Veg, Svidalen	40	0	0,00	0,000
481001	Høgdebasseng Hjellbrekke	40	7	88 326,79	0,002
483004	Veg, Årdal Indre	40	9	75 384,90	0,002
484001	Veg, Gjesdal	40	0	0,00	0,000
484002	Veg, Lunde - Søgnesand	40	23	1 277 241,36	0,095
487001	Veg, Nedre Åsen	40	3	61 418,75	0,001
490001	Veg, Viken 2	40	11	129 990,03	0,005
492001	Veg, Årsetbakkane burettslag	40	18	30 796,10	0,002
493001	Veg, Hjellbrekkefeltet	40	9	324 456,52	0,009
495001	Veg, aldersheimen	40	11	19 498,51	0,001
495002	Veg, Indre Åsen	40	21	122 401,74	0,008
497001	Skei barneskule	40	23	3 182 296,19	0,237
497002	Vassenden skule	40	23	6 650 320,83	0,496
497003	Veg, Hegrenes bustadfelt	40	23	305 653,81	0,023
498001	Veg, Eikåsvegen	40	24	699 428,54	0,054
498002	Veg, Støfring	40	24	93 257,19	0,007
499001	Langhaugane barnehage	40	25	585 590,38	0,047
499002	Veg, Vassenden gangbru	40	26	1 267 089,81	0,107
506001	Vassenden skule	50	42	10 818 168,93	1,473
506002	Vassenden sjukeheim, demensavdeling	50	42	1 141 971,70	0,155
506003	Jølster kommunehus, servicetorg	50	42	244 095,04	0,033
506004	Eikaasgalleriet, utbetringar	50	42	197 122,80	0,027
506005	Vassenden oms.senter, 2.bygggesteg	50	42	330 544,62	0,045
508001	Skei omsorgsenter, ombygging vaskeri/pleieavd./kjøken	50	44	4 244 672,96	0,605
511001	Omsorgsbustader Vassenden (50år)	50	47	20 936 467,21	3,190
511002	Navkontor i Jølster (50år)	50	47	7 942 829,12	1,210
512001	Kommunal garasje	50	49	2 525 398,31	0,401
513001	Barnehage Vassenden 2013	50	49	35 557 657,04	5,648
568001	Midttunet	50	4	55 760,00	0,001
578001	Jølster kommunehus	50	14	6 568 903,14	0,298
581001	Skei brannstasjon	50	17	208 875,98	0,012
586001	Vassenden omsorgssenter	50	22	4 076 299,32	0,291
586002	Astruptunet	50	22	1 667 622,10	0,119
588001	Skei omsorgssenter	50	24	3 342 354,05	0,260
594001	Eikaasgalleriet	50	30	3 237 268,91	0,315
903001	Industriområde Skrede (Åland)	50	39	365 059,00	0,046
926001	Skogfelt på Solheim	50	0	6 500,00	0,000
950001	Årdal Indre - jordeigedom 1149	50	0	23 000,00	0,000
968001	Bøafeltet	50	4	659 000,00	0,009
975001	Langhaugane bustadfelt	50	11	1 793 079,80	0,064
975002	Viken 1 bustadfelt	50	11	4 221 539,00	0,151
979001	Hjellbrekke bustadfelt	50	15	12 884 313,28	0,626
980001	Jølster kommune 60-39	50	16	1 525 509,00	0,079
985001	Viken II bustadfelt	50	21	4 594 141,15	0,313
985002	Skrede - Fossheim industriområde	50	21	216573,00	0,015
988001	Industriområde 48-1	50	24	2 320 022,00	0,180
991001	Viken III bustadfelt	50	27	3 000 000,00	0,263
991002	Årsetbakkane	50	27	7 574 255,22	0,663
995001	Hegrenes bustadfelt 73/7	50	31	5 266 651,65	0,529
995002	Rasvoll Huus	50	31	22 572,00	0,002
997001	Årdal 4/74 m/bauta	50	33	5 345,00	0,001
998001	Grunnkjøp Viken	50	34	576 467,00	0,064
999001	Viken IV bustadfelt	50	36	3 195 132,42	0,373
				263 333 705,92	0,000
Anlegg under oppføring					0,000
2302	Kvitevarer pleie- og omsorg (2011)	5	5	25 038,53	0,000
2343	Fiberbasert breiband Skei	5	5	363 570,00	0,006
2344	IKT/Utstyr 2014	5	5	118 529,00	0,002
2346	Enøk-tiltak 2014	10	10	338 439,45	0,011
2357	IKT-utstyr skular 2014	5	5	250 000,00	0,004

2363	Klatrepark - Vassenden skule	40	40	266 958,40	0,035
2364	Jungelpark - Skei skule	40	40	300 000,00	0,039
2140	Moskog næringsareal	40	40	227 420,53	0,029
2240	Tilbygg Skei barnehage	40	40	11 048 985,50	1,433
2310	Omsorgsbustader/rehab Skei 2012	40	40	25 081 237,43	3,252
2318	Bustadfelt 2013	40	40	535 630,00	0,069
2331	Stadutvikling	10	40	810 451,11	0,105
2334	Vassenden skule funksj.hemma 2013	40	40	72 432,50	0,009
2340	Infrastruktur Fossheim Næringssareal	40	40	1 131 808,00	0,147
2343	Fiberbasert breiband Skei	5	5	750 604,70	0,012
2347	Investering vatn 2014	20	20	390 170,60	0,025
2348	Investering avløp 2014	20	20	1 126 130,40	0,073
2352	Vegar, oppgradering 2014	40	40	250 313,80	0,032
2354	Bygg og anlegg, pri ved UPU 2014	40	40	859 474,31	0,111
2356	Trafikktrygging 2014	40	40	255 518,00	0,033
2361	Heimly, nye bustader	40	40	322 475,00	0,042
2362	Vassenden skule 2014	40	40	270 000,00	0,035
2366	VA-anlegg Bjørkelia 2014/2015	20	20	156 960,30	0,010
2367	Vass.oms.senter/ombygging	40	40	204 000,00	0,026
				308 489 853,48	32,845
Lån ved utgangen av 2014					
Konto	Kontotekst	Spes		Beløp	
24531102	Kommunalbanken	6604		1 788 230,00	
24531102	Kommunalbanken	6605		1 982 700,00	
24531102	Kommunalbanken	6611		30 937 680,00	
24531102	Kommunalbnaken	6612		117 371 620,00	
24531102	Kommunalbanken	6613		29 978 000,00	
24531102	Kommunalbnaken	6614		32 800 000,00	
24531100	KLP/Kommunekreditt	6500		5 211 027,00	
24531100	KLP/Kommunekreditt	6501		6 992 846,00	
24531100	KLP/Kommunekreditt	6502		12 716 678,00	
24531100	KLP	6503		4 309 100,00	
24531103	KLP/Kommunekreditt	6504		25 896 300,00	
	Lån ved utgangen av 2014			237 216 981,00	
	Vekta attstående levetid (års)			32,84	
	Minimumsavdrag			7 222 370,17	
	Betalt avdrag i R2014			4 092 738,00	
	For lite betalt i høve minimumsavdrag			3 129 632,17	
	Avdrag som kortsiktig gjeld for å rette dette			3 130 000,00	
	Sum betalte avdrag og avdrag mot kortsiktig gjeld			7 222 738,00	
Merknad	I budsjett 2014 er det avsett kr. 8.000.000,- til avdrag				

Skei, 20.02.15

Børge Tvedt
Rådmann

Kommunale lån 2014

Kontonr.	Spes	Lånegjevar	Føremål	Årstal	Opphavelg lån	Lånesum pr. 31.12.2013	Nye lån 2014	Bet.avdr.2014	Lånesum pr. 31.12.2014
24 519 101	6108	Husbanken	Vidare utlån	1991	112 000,00	41 541,00		6 720,00	34 821,00
24 519 101	6110	Husbanken	Vidare utlån	1994	1 100 000,00	176 000,00		176 000,00	0,00
24 519 101	6105	Husbanken	Vidare utlån	2006	3 000 000,00	2 754 654,00		125 240,00	2 629 414,00
24 519 101	6106	Husbanken	Vidare utlån	2010	2 000 000,00	1 565 375,00		123 488,00	1 441 887,00
24 519 101	6107	Husbanken	Vidare utlån	2010	2 000 000,00	1 521 543,00		111 252,00	1 410 291,00
24 519 101	6114	Husbanken	Vidare utlån	2011	5 000 000,00	4 438 543,00		294 663,00	4 143 880,00
24 519 101	6115	Husbanken	Vidare utlån	2012	5 500 000,00	5 185 332,00		317 699,00	4 867 633,00
24 519 101	6117	Husbanken	Vidare utlån	2014	2 250 000,00		2 250 000,00	50 620,00	2 199 380,00
24 519 101	6118	Husbanken	Vidare utlån	2014	1 640 000,00		1 640 000,00	0,00	1 640 000,00
24 531 102	6604	Kommunalbanken	Skei Barnehage	1999	3 700 000,00	1 911 570,00		123 340,00	1 788 230,00
24 531 102	6605	Kommunalbanken	Samlelån	1999	8 812 000,00	2 423 300,00		440 600,00	1 982 700,00
24 531 102	6611	Kommunalbanken	Samlelån	2011	32 610 000,00	31 773 840,00		836 160,00	30 937 680,00
24 531 102	6612	Kommunalbanken	Samlelån	2012	120 871 620,00	117 371 620,00		0,00	117 371 620,00
24 531 102	6613	Kommunalbanken	Samlelån	2013	29 978 000,00	29 978 000,00		3 130 000,00	26 848 000,00
24 531 100	6500	KLP/Kommunekreditt	Samlelån	2000	7 720 000,00	5 404 027,00		193 000,00	5 211 027,00
24 531 100	6501	KLP/Kommunekreditt	Samlelån	2001	10 966 071,00	7 310 704,00		317 858,00	6 992 846,00
24 531 100	6502	KLP/Kommunekreditt	Samlelån	2003	24 797 638,00	13 988 358,00		1 271 680,00	12 716 678,00
24 531 100	6503	KLP	Samlelån	2009	5 255 000,00	4 519 300,00		210 200,00	4 309 100,00
24 531 103	6504	KLP/Kommunekreditt	Samlelån	2010	27 996 000,00	26 596 200,00		699 900,00	25 896 300,00

Lånegjeld pr. 31.12.2014	256 959 907,00	
Opptak av nye lån 2014		3 890 000,00
Nedbetaling av lån 2014		8 428 420,00
Restgjeld pr. 31.12.2014		252 421 487,00

Noteoppstilling over sjølvfinansierende tenester 2014

Sjølvkost Vatn	Rekneskap -13	Rekneskap -14
Indirekte kostnader	184	184
Direkte kostnader	1056	964
Kalkulatoriske renter	99	100
Kalk. Avskrivningar	184	215
Sum Kostnader	1523	1463
Brukarbetaling	1690	1608
Over-/underskot	167	145
Årets finansierungsgrad	111 %	110 %
Fond pr 1. januar	-779	-631
Avsetnader til fond	167	145
Saldo pr 31. desember	-612	-486

Sjølvkost Avløp	Rekneskap -13	Rekneskap -14
Indirekte kostnader	155	155
Direkte kostnader	3186	3409
Kalkulatoriske renter	242	233
Kalk. Avskrivningar	1030	1105
Sum Kostnader	4613	4902
Brukarbetaling	5891	5601
Over-/underskot	1278	699
Årets finansierungsgrad	128 %	114 %
Fond pr 1. januar	-307	976
Avsetnader til fond	1278	699
Saldo pr 31. desember	971	1675

Sjølvkost Feing	Rekneskap -13	Rekneskap -14
Indirekte kostnader	30	20
Direkte kostnader	460	464
Kalkulatoriske renter	0	0
Kalk. Avskrivningar	0	0
Sum Kosntader	490	484
Brukarbetaling	380	436
Over-/underskot	-110	-48
Årets finansierungsgrad	78 %	90 %
Fond pr 01.01.13	95	-15
Bruk av fond 31.12.13	-110	-48
Saldo pr 01.01.14	-15	-63

Sjølvkost Renovasjon	Rekneskap -13	Rekneskap -14
Indirekte kostnader	99	75
Direkte kostnader	2549	2585
Kalkulatoriske renter	0	0
Kalk. Avskrivningar	0	0
Sum Kosntader	2648	2660
Brukarbetaling	2648	2660
Over-/underskot	0	0
Årets finansierungsgrad	100 %	100 %
Akkumulert under-/overskot	0	0

- 1) Overskot/underskot vert regulert mot fond dersom dette har positiv beholdning
- 2) Ved negativ beholdning av "fond", inngår resultat i driftsrekneskapet med balanseføring/memoriaføring.

Skei i Jølster.....

Ellen Bijsterbosch

MERKNAD TIL REKNESKAPEN 2014

Rekneskap for 2014 vart overlevert revisor 15.februar 2015. Den 4.mars 2015 vart 1 bilag overlevert kassen til føring vedk. byggelånsrenter på prosjekt 2310 (Omsorgsbustader/rehab. Skei). I og med at rekneskapen var avslutta er ikkje dette bilaget ført i 2014, blir ført i 2015.

Rentene er kr. 228.295,74, noko som ville endra resultatet på rekneskapen.

Skei i Jølster, 4.mars 2015

Britt Krøvel Flatjord

Tenesteleiar rekneskap

NOTAR I MEDHALD AV GOD KOMMUNAL REKNESKAPSSKIKK (GKRS-BESTEMT NOTAR).

1.

Rekneskapet er utarbeidd i medhald i bestemmelsane til kommunelov, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Rekneskapsprinsipp.

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen kjem fram av driftsrekneskapet eller investeringsrekneskapet.

2.

Styringsprinsipp.

Jølster kommune er organisert i ein "flat" struktur. I 2014, har rådmannen hatt ei sentral leiargruppe med 3 kommunalsjefar og 1 økonomi- og personalleiar. I 2014 har det vore ei omorganisering innan helse slik at tenesteingane i kommunen er redusert frå 19 til 14. Kommunen har 2 stabseiningar (kommunekasse og tenestekontor). Kommunalsjefane utøver rådmannen sitt mynde for dei områda dei har ansvar for. Kvar av tenesteeiningane rapporterer til ein av kommunalsjefane. Tenesteleiarane har det samla ansvaret innanfor sine område. Dette gjeld både i forhold til tenesteyting, økonomi og personalleiing.

Drift og tenestetilbod i tenesteeiningane er regulert i budsjett og økonomiplan i tillegg til aktuelle sektorplanar. Frå og med 2008, er det i tillegg til budsjett, vedteke verksemdplan med anna enn økonomiske målsetjingar.

3.

Tenester som vert løyst av eigne selskap/føretak.

- A. Oppgåver lagt til føretak. Jølster kommune har ikkje oppretta kommunale føretak.
- B. Oppgåver lagt til interkommunalt samarbeid. Det er oppretta interkommunalt samarbeid på mange områder.

Arbeidsgjevarkontroll:

Kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal deler på stilling som intekommunal arbeidsgjevarkontrollør.

IKT:

Frå 2010 er SYS IKT utskilt som eige selskap etter § 27 i kommunelova, dette er eit interkommunalt selskap, der 10 kommunar er med i samarbeidet det er: Førde, Naustdal, Gaular, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Solund, Høyanger, Jølster og Gulen.

Næringsutvikling SNU:

Jølster, Førde, Gaular og Naustdal samarbeider om næringsutvikling i Sunnfjord gjennom SNU (Sunnfjord NæringsUtvikling)

SIS-samarbeidet:

Samarbeidsforum for ordførar og rådmenn (regionråd) for kommunane Jølster, Førde, Florø, Gaular og Naustdal. Leiarvervet går på omgang mellom ordførarane, med 2 års funksjonstid. Sekretariatet er lagt til Førde kommune.

PPT:

Samarbeidet er organisert gjennom vertskommunemodellen der Førde er vertskommune og Jølster, Naustdal, Gaular, Bremanger og Fylkeskommunen kjøper tenester.

Veterinærvakt:

Samarbeid mellom Jølster, Førde og Gaular.

SYS IKL. (Interkommunal legevaktsentral)

Interkommunal legevaktsentral vart oppstarta 1.april 2009, dette er eit samarbeid mellom kommunane: Askvoll, Balestrand, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Høyanger, Jølster og Naustdal.

Overgrepsmottak:

Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane er eit interkommunalt selskap skipa av Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt og skal yte tenester til alle kommunane i fylket som har tilslutta seg selskapet gjennom avtale. Jølster kommune har slutta seg til slik avtale frå 01.05.2013. Selskapet er skipa med heimel i Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) av 25.09.1992 § 27.

SYS IKL er lokalisert i Sentralsjukehuset i Førde (Helse Førde).

Miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse.

Miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse er frå 2013 organisert som interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen. Flora er vertskommune for interkommunalt samarbeid mellom kommunane: Jølster, Bremanger, Naustdal, Gaular, Solund, Askvoll, Høyanger, Fjaler og flora.

C. Oppgåver lagt til interkommunale selskap.

Renovasjonstenester er lagt til Sunnfjord Miljøverk, SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap.

Revisjonstenesta vert utført av KRYSS-revisjon. Sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet vert utført av SEKOM.

4.

Tenester som vert løyst av andre.

Private barnehagar.

Det er 4 private barnehagar i Jølster kommune i 2014. Jølster kommune mottek og overfører statstilskotet til desse barnehagane + overføring av kommunetilskot kvar månad. I 2014 ligg statstilskotet inne i råmetilskotet til kommunen slik at tilskotet blir overført frå kommunen i ein samla sum.

5.

Stipulert krav om refusjon for ressurskrevjande brukarar for 2014 er utrekna og rekneskapsført slik:

17000	340	25400	331	kr. 2.427.876,00
17000	350	23420	340	kr. 318.000,00
17000	350	25400	351	kr. 3.607.000,00
17000	373	25400	360	kr. 1.233.600,00

17000 373 25400 361 kr. 1.093.000,00

6.

Fordeling av premieavvik og amortisering:

Premieavvik	KLP - kr. 4.834.190,00
	SPK kr. 534.986,00

Arb.gj.avgift av avvik	KLP - kr. 512.424,00
	SPK kr. 56.709,00

Amortisering av tidl. avvik	KLP kr. 1.252.825,00
	SPK - kr. 204.502,00

Arb.gj.avg. av amortisering	KLP kr. 132.799,00
	SPK - kr. 21.677,00

Netto fordelt	kr. 3.595.474,00
---------------	------------------

Vi kjenner ikkje til transaksjonar som er sentrale for å forstå og analysere kommunerekneskapet utover det som er nemnt ovanfor.

Skei i Jølster, 15.februar 2015

Britt Krøvel Flatjord
Tenesteleiar rekneskap



Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref
SRØ 15/338 - 2

Dykkar ref

Arkiv
210

Dato
23.04.2015

Utsending av Årsmelding 2014

Vedlagt ligg Årsmelding 2014 for Jølster kommune

Med helsing

Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143

Vedlegg:

Tittel

Årsmelding 2014





Jølster kommune

Årsmelding 2014

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

jolster.kommune.no



Innholdsliste

Innleiing	3
Økonomi	5
Personale	10
«10 på topp!»	12
Politiske møte	15
Oppvekst og kultur	16
Helse og omsorg	20
Plan, næring og drift	23
Samanlikningar (KOSTRA)	29
Styringsdokument	35
Tenesteeiningane	36
Sentraladministrasjon og fellesutgifter (120)	37
Skei skule (210)	40
Vassenden skule (211)	43
Kulturskulen (250)	47
Skei barnehage (270)	50
Langhaugane barnehage (271)	52
Helse og omsorg felles (300)	54
Helsestasjon – Helseteneste asylmottak – Folkehelse (312)	57
Fysioterapitenesta (313)	60
Legetenesta (320)	63
Psykisk helsevern (340)	65
Tenesteeining NAV Jølster (350 og 351)	68
Skei heimetenester (371)	71
Skei Bufellesskap (372)	74
Heimly bufellesskap (373)	77
Heimetenesta Vassenden (381)	79
Vassenden busenter (382)	81
Plan og næring felles (400)	83
Bibliotek(510)	85
Tenesteeining Plan og Bygg (610) 2013	87
Drift og kommunalteknikk (620-621)	90
Næring og miljø (650)	92

Innleiing

Årsmeldinga er rådmannen sin rapport til kommunestyret om korleis vi har nytta dei ressursane som vart stilt til rådvelde. Meldinga omfattar tenesteomfang, kvalitet og økonomiske forhold. Budsjett og verksemdplan for 2014 er det viktigaste grunnlaget for rapportering av oppnådde mål.

Fremst i årsmeldinga er felles omtale og kort oppsummering knytt til kvar kommunalsjef sine område. I denne delen prøver vi å gi eit overordna innblikk i drifta, tenestene og økonomien dette året. Den siste delen av årsmeldinga er 2 – 3 sider for kvar tenesteeining. Denne delen er for det meste skriven av tenesteleiar og gir meir detaljinformasjon om einingane.

I 2014 har Jølster kommune for første gong på ni år underskot i rekneskapen. Måltal frå staten og KS er at kommunane treng 1,75 % netto driftsresultat over tid for å vere «økonomisk berekraftig». Årets underskot skuldast i hovudsak av mindre inntekter enn budsjettert. Dette syner at kommunen er sær sårbar for svingingar inntektene.

Folketalet i Jølster har i perioden 2006 - 2012 steget med ca. 1 % i året. I 2013 fekk vi for første gong sidan 2006 ei nedgang i folketalet, og denne nedgangen har forsterka seg i 2014 med ein reduksjon i folketalet på 44 personar. Det er grunn til å ha fokus på folketalsutviklinga. Dette skjer best gjennom å yte gode tenester og å ha tilgjengelege bustadområde. Dette er utfordrande med stramme økonomiske rammer. Jølster kommune må og leggje til rette for busetting av flyktningar og arbeidsinnvandrarar, som er viktige ressursar i utviklinga i Jølster kommune. Ved fortsatt folketalsnedgang vil kommunen sine inntekter gå ned, og gje mindre handlingsrom for å yte tenester.

I samband med budsjett og verksemdplan for 2014, vart det også vedteke ei «10 på topp»-liste med viktige oppgåver i 2014. Administrasjonen har hatt god nytte av denne prioriterte lista gjennom året. Vi meiner også at lista gir eit innsyn i oppgåver og tiltak som administrasjonen jobbar med. Når vi oppsummerer året, så ser vi at svært mykje av det planlagde arbeidet er gjort. De finn eit eige kapittel i årsmeldinga med statusrapport for «10 på topp».

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteke i 2014. Reguleringsplan for Moskog industriområde vart endeleg stadfesta i 2014, og planlegging av framføring av kommunalteknisk infrastruktur og grunnkjøp er sett i verk og vert følgt opp vidare i 2014.

Jølster kommune har hatt stor byggeaktivitet dei siste åra. I august 2014 vart nybygg ved Skei barnehage teke i bruk. I 2014 starta og den store utbygginga ved Skei omsorgssenter, der kommunen bygger nye omsorgsbustader og institusjons- og rehabiliteringsplassar, samt starta opp forprosjekt og planlegging av ombygging av ombygging ved Vassenden omsorgssenter. Det har og vore gjennomført forprosjekt og anbudsutlysing for tre nye omsorgsbustader ved Heimly. I 2014 vart det gjennomført ei analyse om mogeleg kjøp og utnytting av Mo- og Jølster vidaregåande skule avd. Vassenden, og kommunestyret vedtok i november å kjøpe eigedommen av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er sett i verk vidare planlegging for bruk av eigedommen.

Jølster er med i interkommunalt samarbeid på mange område. Særleg tett er samarbeidet i Samarbeid i Sunnfjord (SIS) med jamlege møte både på ordførar og rådmannsnivå. I kommuneproposisjonen for 2015 kom det ei eiga meldingsdel om kommunereform. Denne har blitt følgt opp av regjeringa sitt ekspertutval som har levert to rapportar om kommunereform i 2014. Jølster kommune har gjennom SiS teke aktive grep i arbeidet med kommunereform, og vedtok i 2014 å greie ut ei framtidig kommunesamanslåing saman med kommunane Gaular, Naustdal, Førde og Flora. Denne utgreiinga er no utvida til å greie ut kommunesamanslåing mellom ni kommunar, der tre ulike alternativ vert utgreidd.

- Alle ni kommunane; Flora, Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Gloppen, Fjaler, Askvoll og Hyllestad
- Flora, Førde, Jølster, Gaular og Naustdal
- Naustdal, Gaular, Jølster og Førde.

Kommunereforma vert ei svært viktig og arbeidskrevjande sak i 2015, både for administrasjonen og politikarar.

I dei mange tenestene som Jølster kommune yter, er dei tilsette den viktigaste ressursen. I 2014 har sjukefråværet gått noko ned frå 2013. Sjukefråværet i Jølster kommune ligg lågare enn gjennomsnittet for kommunar som er på 9,8 %, men er høgare enn kommunen si målsetting på 6,5 %. For å lukkast i å yte gode tenester er vi avhengig av nærvær av kompetente og innsatsvillige tilsette.

Årsmeldinga og rekneskapen viser at Jølster kommune framleis har bra balanse i økonomien, men det er svært små marginar og lånegjelda aukar mykje grunna store investeringar. Økonomistyring og prioritering blir såleis viktige omgrep både for politikarar og administrasjon, og balansen mellom visjonært utviklingsarbeid og økonomisk kontroll står sentralt også dei komande åra.

Til slutt vil eg minne om verdiane til Jølster kommune som alle tilsette og politikarar må ha med seg i alt sitt virke.

RAUS – INKLUDERANDE – MODIG



Børge Tvedt
Rådmann

Økonomi

Netto resultat pr eining

Tabellen viser netto resultat for kvart ansvarsområde samanlikna med budsjett. Avvik er kommentert i kapittelet for den enkelte eininga. Dei fleste einingane har halde seg innanfor den budsjetterte råma. Økonomikontrollen har gjennomgåande vore god, men det er svært små marginar.

Ansvar	Tekst	R 2014	B 2014
120	Sentraladministrasjon	16 087 650	14 554 000
130	Kyrkja	2 395 000	2 395 000
200	Oppvekst og kultur felles	15 358 993	14 520 000
210	Skei skule	16 463 517	18 139 000
211	Vassenden skule	28 221 998	28 012 000
250	Kulturskulen	935 294	945 000
270	Skei barnehage	4 213 817	4 425 000
271	Langhaugane barnehage	8 984 669	9 285 000
300	Helse og sosial felles	5 162 398	4 597 000
312	Helsestasjon	2 009 293	2 093 000
313	Fysioterapi	1 095 687	1 195 000
320	Legetenesta	4 260 642	3 854 000
340	Psykisk helsevern	5 232 175	5 601 000
350	NAV sosialtenesta	9 784 953	9 912 000
351	Flyktningbusetjing	-512 801	-545 000
371	Heimetenesta Skei	5 794 433	6 931 000
372	Skei bufellesskap	18 003 338	18 381 000
373	Heimly bufellesskap	7 128 617	7 392 000
381	Heimetenesta Vassenden	5 032 202	6 139 000
382	Vassenden busenter	13 067 596	13 874 000
400	Plan, næring, drift felles	132 832	97 000
510	Biblioteket	1 143 347	1 167 000
610	Plan og bygg	2 160 170	2 265 000
620	Drift/komtek avigftsområda	-54 309	0
621	Drift og kommunalteknikk	11 165 927	10 887 000
650	Næring og miljø	2 457 872	2 185 000
900	Finansielle føremål	-185 725 312	-188 300 000

Samla sett går har Jølster kommune mindreforbruk i drifta med 2,5 mill kr.

- Sentraladministrasjonen: Meirforbruk 1,5 mill. kr.

- Oppvekst: Mindreforbruk 1,1 mill. kr
- Helse og omsorg: Mindreforbruk: 3,3 mill. kr.
- Plan, næring drift: Meirforbruk 400.000,- kr.
- Sum drift totalt: Mindreforbruk 2,5 mill. kr.

Nærmare kommentar om avvik er kommentert under det einskilde ansvar i årsmeldinga

Premieavvik

For 2014 har premieavviket ei netto inntektsføring på 3,5 millionar. Staten har laga eit sett med rekneskapsreglar der det vert berekna ein pensjonskostnad ut frå fastsette kriterier. Dersom kommunen har betalt meir til pensjonsselskapet, vert dette ført som inntekt mot ein balansekonto og omvendt ved lågare innbetaling. Her er oversyn over føringar i rekneskapen for 2014 og oppsamla beløp i balansen pr 31.12.14:

Tekst	R2014	R2013	R2012
KLP: Premieavvik m/arb.g.avgift	-4834	-1 357	-6 022
SPK: Premieavvik m/arb.g.avgift	535	765	653
KLP: Dekning av tidlegare avvik	1252	1 250	647
SPK: Dekning av tidlegare avvik	-205	-150	-84
Netto føring knytt til pensjonsavvik	-3252	508	-4 806
Oppsamla avvik i balanse (KLP og SPK)	14083	10 543	11 051

Årsresultat


I 2014 gjekk drifta i Jølster kommune med underskot i rekneskapen. Jølster kommune har negativt netto driftsresultat i rekneskapen for 2014 på kr. 1.233.344,-. Måltal frå staten og KS er at kommunane treng 1,75 % netto positivt driftsresultat over tid for å vere «økonomisk berekraftig».

Rekneskapsmessig meirforbruk er på 119.000,-. I dette ligg det bruk av bundne driftsfond med 6,2 mill. kr, og avsetning til bundne driftsfond med 5,1 mill. kr. Ved 2. tertialrapport 2014 låg Jølster kommune an til eit rekneskapsmessig meirforbruk på 3,4 mill.kr.

Sum disponible inntekter frå skatt, eigedomsskatt og rammetilskot var 1,9 mill. kr lågare enn budsjettet. Netto finansutgifter var 1,2 mill. kr lågare enn budsjettet, hovudsakleg på grunn av høgare renteinntekt, og lågare rente og avdragsutgifter enn budsjettet.

	Oppsamla resultat	Årsresultat	Til bufferfond	Bufferfond tot.	Underdekn. VA	Underdekn VA samla
2001	-2 529 729,03	-2 529 729,03				
2002	-5 933 673,81	-3 403 944,78				
2003	-7 881 320,78	-1 947 646,97				
2004	-10 785 914,36	-2 904 593,58				
2005	-9 590 422,42	1 195 491,94				
2006	-5 724 927,82	3 865 494,60				
2007	-4 593 393,51	1 131 534,31				
2008	1 606 681,18	6 383 074,69	1 606 681,18	1 606 681,18		
2009	9 556 260,52	7 949 579,34	7 613 997,67	9 220 678,85	335 581,67	335 581,67
2010	12 203 614,74	2 647 354,19	2 346 661,52	11 567 340,37	300 692,67	636 274,34
2011	14 977 165,42	2 773 550,68	2 281 093,09	13 848 433,46	492 457,59	1 128 731,93
2012	18 950 074,58	3 972 909,16	4 015 326,34	17 863 759,80	-42 417,18	1 086 314,75
2013	17 647 159,41	697 084,83	1 155 441,32	17 019 201,12	-458 356,49	627 958,26
2014	17 432 876,79	-214 282,62	-118951	16 989 201,12	-95330,79	532627,47

Diagram som viser årsresultat og oppsamla resultat frå 1991 til i dag. Vi ser tydeleg kor mykje betra den økonomiske situasjonen er dei seinaste åra. Samstundes ser vi tilbake på perioden 2002 – 2005 kor fort underskot kan bygge seg opp når resultata er negative år for år. Rekneskapen for 2014 syner at det er vært små marginar før ein får større underskot.



Merk: 2 millionar av bufferfondet vart i 2013 nytta i samband med kapitalutviding for Jølster Skisenter.

Dei seinaste åra har vi hatt ei årleg underdekning på vatn og avlaupssektoren. Rekneskapsmessig, har dette ført til ei deling mellom avsetjing til fond og balanseført underdekning. Denne underdekninga vart redusert i løpet av 2013 og 2014. Frå ca 1,1 millionar i 2012 til ca 0,5 millionar ved utgangen av 2014.

Inntekter – oversikt

	R 2014	B 2014
Brukarbetalingar	-7 365 953	-7 170 000
Andre sals- og leigeinntekter	-24 307 272	-23 966 000
Overføringar med krav til motytingar	-32 244 758	-14 049 800
Rammetilskot frå staten	-107 018 655	-108 900 000
Andre statlege overføringar	-11 929 827	-12 044 000
Andre overføringar	-66 297	-80 000
Skatt på inntekt og formue	-66 417 188	-69 700 000
Eigedomsskatt	-12 844 899	-12 750 000
Andre direkte og indirekte skattar	-3 281 249	-
B. SUM DRIFTSINNTEKTER	-265 476 099	-248 659 800

Skatt, rammetilskot og naturressursskatt er 1,8 mill. kr. lågare enn budsjettert. Samstundes er salsinntekt frå konsesjonskraft 1 mill. kr lågare enn budsjettert. Dette gjev samla inntektssvikt, sjølv om sals- og leigeinntekter samla er 340.000,- over budsjett. Frie disponible inntekter i rekneskapen er 1,9 mill. kr. lågare enn budsjettert.

I «Overføringar med krav til motytingar» ligg mellom anna refusjon for sjukepengar inne. Vi har eit nettobudsjett på lønssida. Det betyr at vi ikkje budsjetterer med sjukefråvere. Einingane har såleis høve til å leige inn vikar for like mykje som dei får i refusjon. Denne budsjetteringsmåten gjer at «Overføringar med krav til motytingar» og «Lønsutgifter» på utgiftssida blir høgare enn budsjettert utan at nettoråma nødvendigvis blir overskriden. Netto tal pr. ansvarsområde viser at einingane er flinke til å styre økonomien etter den modellen vi nyttar.

Utgifter og finanspostar

	R 2014	B 2014
Lønsutgifter	140 836 505	135 789 296
Sosiale utgifter	34 344 565	35 525 901
Kjøp som inngår i kommunal prod.	28 400 016	25 746 303
Kjøp som erstattar kommunal prod.	37 565 685	26 524 000
Overføringar	16 020 950	17 516 800
Avskrivningar	9 071 236	-
Fordelte utgifter	-518 292	-1 817 500
C. SUM DRIFTSUTGIFTER	265 720 665	239 284 800
D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	244 567	-9 375 000

Avskrivningar blir ført med ein motpost som gjer at det ikkje har verknad på resultatet.

	R 2014	B 2014
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-4 201 378	-4 760 000
Mottekne avdrag på lån	-123 830	-10 000
E. SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-4 325 208	-4 770 000
Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	6 979 482	8 000 000
Avdragsutgifter	7 222 738	8 000 000
Utlån	183 002	40 000
F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	14 385 222	16 040 000
G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	10 060 013	11 270 000
Motpost avskrivningar	-9 071 236	-
I. NETTO DRIFTSRESULTAT	1 233 344	1 895 000

Utbytte er ca. kr. 900.000,- lågare enn budsjettert, grunna lågare utbytte enn budsjettert frå Sunnfjord Energi AS. Betalte avdrag (ca 7,2 mill) fangar opp forringing av bygg og anlegg i driftsresultatet.

	R 2014	B 2014
Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr.	-1 155 441	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-700 000
Bruk av bundne fond	-6 234 478	-1 973 000
J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-7 389 919	-2 673 000
Overført til investeringsrekneskapen	-	184 000
Avsetningar disposisjonsfond	1 155 441	-
Avsetningar til bundne fond	5 120 085	594 000
K. SUM AVSETNINGAR	6 275 527	778 000
L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	118 952	-

Gjeld og fond

(tal i heile 1.000)	R2011	R2012	R2013	R 2014
Langsiktig gjeld	220 856	237 570	257 460	252 421
Fondsmidlar	30 425	35 137	33 681	38 367
Vidare utlån	7 726	12 400	17 638	17 566

I investeringsbudsjett for 2014 vart det gjort vedtak om låneopptak med 32,8 mill. kr for å finansiere investeringar i 2014. Låneopptaket var planlagt gjennomført i slutten av november 2014, men grunna dom i Kofa med krav om utlysing av anbod på kommunale låneopptak, måtte Jølster kommune lyse ut anbod på låneopptak i EU/EØS med 45 dagar tilbudsfrist. Som følge av dette vart ikkje låneopptak for investering for 2014 bokført før 23.01.15. Bokført gjeld pr. 31.12.14 er såleis 252 mill. kr. Rådmannen meiner dette gjev eit korrekt rekneskapsmessig bilete, men gjer merksam på at låneopptak med 32,8 mill. kr. bokført 23.01.15 er teke om som finansiering av investeringar i 2014. Investeringar i 2014 er i rekneskapen finansiert med ubrukne lånemidlar frå føregåande år. Om ein tek med låneopptaket på 32,8 mill. kr er gjelda til Jølster kommune har vakse med 65 mill. kr. dei siste 4 åra. På same tid har frie disponible inntekter auka med 28 mill. kr. Løn og sosiale utgifter har i same periode auka med 20 mill. kr. Dersom ein legg til grunn prisstigning på andre varar og tenester i same periode på 5 % (SSB), syner det at vidare auka gjeld på sikt ikkje er berekraftig utan reduksjon i drifta.


Vidare utlån er i all hovudsak Startlån-ordninga gjennom Husbanken. Som tabellen viser, har det vore ein vesentleg auke i denne ordninga i løpet av desse 4 åra.

Personale

Nærvere og fråvere

Jølster kommune har vore IA-verksemd sidan 2004 (IA = Inkluderande Arbeidsliv). Kommunen hadde ei auke i fråveret frå 2012 til 2013. I 2014 har kommunen hatt ei positiv utvikling. Oversikta er henta frå lønssystemet og inneheld både legemeldt og eigenmeldt fråvere. Det eigenmelde fråveret er ca 1%

Fråveret i prosent



I IA-arbeidet var målet å komme ned på 6,5 % i 2014. Trenden frå 2013 er snudd, men kommunen lukkast ikkje å nå målet heilt. Kostnaden med fråveret varierer ut frå type stilling, løna til vikar, om det er korttids- eller langtidsfråvere med meir. Andre har gjort berekningar som viser at eit års sjukefråvere i gjennomsnitt kostar over kr 200.000 pr stilling. Denne berekninga er forenkla, men viser ein kostnad på kring 4 millionar kroner med fråver på over 8 %. Like viktig som den reine kostnaden med fråveret er at stabil bemanning er svært viktig for kvaliteten på tenestene vi yter.

Tilsette i tal

Tilsette fordelt etter kjønn	2014			2013		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Leiargruppa	3	2	5	2	3	5
Teneste- og stabsleiarar	12	3	15	16	5	21
Alle tilsette	273	59	332	286	53	339

Gjennomsnitt årsløn	Årsløn	Tal tilsette
Rådmann	774000	1
Kommunalsjefar	695400	3
Tenesteleiarar	585150	15
Kap 5: Legar, ingeniørarar, naturvit.	553454	11
Kap 4C: Undervisningspersonell	470583	68
Kap 4B: "Andre"	385110	234
Gjennomsnitt for alle tilsette	420765	332

Stillingsstorleik

Her er tala henta frå personalliste i lønssystemet. Dette er registrert stillingsstorleik, anten som fast stilling eller lønsmeldt vikariat. Det betyr at løn som kjem på timeliste ikkje vert fanga opp her.

Gjennomsnitt stillingsstorleik	Kvinner	Menn
Leiargruppa	100 %	100 %
Teneste- og stabsleiarar	96%	83,3%
Alle tilsette	69,2%	74,5%

Deltid KLP-området	2014	2013	2012
Jølster kommune	69,8%	67,0 %	83,5 %
Fylket	72,5%	70,2 %	82,4 %
Landet	75,1%	69,9 %	82,2 %

Grunnlaget for KLP-tala er vesentleg endra. Frå og med 2013 er innmeldingsgrensa (14 timar pr veke) vekke. Det betyr at alle som har hatt timar kjem med i statistikken. Dette gjeld til dømes unge sommarvikarar og andre som berre tar nokre få vakter i løpet av året. Den same endringa påverkar gjennomsnittsalder i KLP-statistikken.

Uførepresent

KLP sine tal viser at vi framleis ligg lågt i uføre som prosent av årsverk. Låge tal her er med på å halde pensjonsutgiftene nede. Vi ser likevel at vi dei siste 3 åra har nærma oss gjennomsnittstala for fylket og landet. Tala er snittet av *Pensjonsordningen for sykepleiere* og *Pensjonsordningen for kommuner og bedrifter*.

Uføre i prosent av årsverk	2014	2013	2012	2011
Jølster Kommune	7,08%	6,12%	5,34%	4,82%
Sogn og Fjordane	8,47%	8,40%	8,45%	8,05%
Noreg	9,11%	11,08%	11,58%	11,08%

Gjennomsnittsalder

Tal for dei som er tilmelde KLP. Tala er snittet av *Pensjonsordningen for sykepleiere* og *Pensjonsordningen for kommuner og bedrifter*. Merk at reduksjon i snittalder også heng saman med at innmeldingsgrensa er vekke frå 2013. Denne endringa gjeld alle kommunar, slik at samanlikning med fylket og landet blir uendra.

Gjennomsnittsalder	2014	2013	2012	2011
Jølster Kommune	42,77	42,72	44,62	44,96
Sogn og Fjordane	44,73	44,60	46,40	45,92
Noreg	43,80	43,77	45,71	45,40

«10 på topp!»

Punkt 10 på topp	Tiltak og framdrift	31.12.14
Planrevisjon. Vi skal slutføre arbeidet med arealdel kommuneplan. Som del av arbeidet skal vi leggje fram linjeval for ny trasé for E 39 gjennom Vassenden. Vi skal leggje fram Interkommunal næringsplan for vedtak i kommunestyret.	Arealdel kommuneplan - Arbeidsgruppe etablert og konsulent engasjert for kommuneplan og linjeval E39. - Møte Fylkesmannen medio februar - Folkemøte E39 Moskog Vassenden medio februar - Møte styringsgruppa medio februar - Offentleg ettersyn april - Vedtak i kommunestyret i juni Interkommunal næringsplan - Utlekking til offentlig ettersyn vinter 2014 - Vedtak i kommunestyret i juni	Arealdel kommuneplan - Rapport linjeval E 39 Vassenden levert - Møte Fylkesmannen gjennomført - Folkemøte gjennomført - Styringsgruppemøte mai, tilrådd vidare handsaming - Offentleg ettersyn juni - Plan vedteken KST des. 2014 - Bearbeida etter KST sak. Saka vert handsama av styringsgruppa for kvalitetssikring før planen er endeleg Interkommunal næringsplan - Handsama i SiS - Utlekking offentlig ettersyn juni - Handsama KST 2014 - SNU og Fram Flora jobbar vidare med handlingsplan
Samhandlingsreforma / folkehelse Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å ta del i interkommunalt samarbeid om kartlegging og vurdering av tenestetilbodet. Vi skal inngå avtale om interkommunalt samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp døgnet. Vi skal starte opp bygging av omsorgsbustader, sjukeheimsplasser og rehabiliteringsrom ved Skei omsorgssenter. Vi skal planleggje ombygging ved Vassenden bufellesskap Vi skal avklare framtidig organisering av helse- og omsorgstenestene og starte personalprosess. Folkehelse Vi skal integrere folkehelsearbeidet i den kommunale drifta og etablere	- Vedtak interkommunal ØHD 1. kvartal - Sak til handsaming i kommunestyret 11.02.14 - Byggjstart Skei omsorgssenter mars - Oppstart planlegging ombygging Vassenden bufellesskap 1. kvartal - Avklare organisering helse- og omsorg 1. kvartal - Starte personalprosess så snart organisering er vedteke - Etablere folkehelseråd - Avklare organisatorisk plassering av stilling som folkehelsekoordinator	- Byggjstart Skei omsorgssenter 07.04.14 - Oppstart planlegging Vassenden omsorgssenter. Prosjektgruppe etablert - Utlasing av anbud prosjektering mai 2014 - Organisering: Gjennomføring 01.09.14. Slutføring av prosess mai 2014 - Kranselag Skei omsorgssenter 12.12.14 - Forprosjekt Vassenden omsorgssenter er i avslutningsfasen, inkludert ny kalkyle - ØHD. Utbyggingsprosjekt valt for interkommunal ØHD. Planlagt ferdig 01.07.17.

folkehelseråd.		Løysing i samarbeid med Helse Førde HF inntil oppstart. • Personalprosess samhandlingsreforma iverksett Folkehelse: • Folkehelseråd etablert • Kartlegging helseoversikt iverksett interkommunalt • Stilling folkehelsekoordinant plassert i ny helseavdeling
Plassbehov ved skulane og gymsalar / treningshall. Vi skal leggje fram saka for drøfting på politikardag.	• Greie ut moglege bruk til skuleføremål av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigedom – Mo og Jølster vid. avd Vassenden • Drøfting politikardag 29.04.14 • Avklare mandat for vidare arbeid etter politikardag	• Rapport Asplan Viak 24.04.14 • Politikardag 29.04.14 • Mandat avklart • Forhandling med fylkeskommunen om kjøp av MOJO • Kjøp av MOJO godkjent av KST 04.11.14. Overtaking februar 2015 • Prosjektgruppe for skuleorganisering etablert
Fornyingsarbeid. Vi skal arbeide aktivt med fornyingsarbeid med særleg fokus på: • Innkjøp • Kvalitetssystem	• Fortsatt fokus på nettside og sosiale media • Deltaking i interkommunalt prosjekt om e-handel • Vurdere elektronisk kvalitetssystem	• Tenestekontoret følgjer opp nettside og sosiale media • 1021 likar FB pr 31.01.15 • e-handel. Prosjekt starta. Tenestekontoret og drift- og kommunalteknikk pilot • ikkje med i anbod elektronisk kvalitetssystem • Starta opp arbeid med kommunikasjonsstrategi • Starta opp arbeid med ny nettside, lansering 10.02.15
Fiberutbygging Vi skal lage plan for fiberutbygging og høgkvalitet breiband i heile kommunen. Vi skal sette i verk utbygging i sentrale delar av kommunen. Vi skal legge til rette for utbygging i grendene og samarbeid med grendelag om utbygging.	• Inngå avtale med Eninvest om utbygging i Skeiomerådet • Fullført utbygging i Skeiomerådet 2014 • Søknad om omdisponering av av innvilga tilskot handsamast av fylkeskommunen i februar	• Utbygging Skei fullført • Innvilga omdisponering av midlar frå fylkeskommunen • Delteke i avklaring om ny tilkotsordning. Ikkje søkt 2014 • Vedteke utbygging Vassenden, delar av Sørsida, Svidal, Ålhus, Sandal. Oppstart vår 2015

	- Anbud i Vassendenområdet (evt større område) i 2014 - Deltaking i avklaringsmøte om ny tilskotsordning 06.02.14	
Skei barnehage Vi skal fullføre utbygginga av Skei barnehage og ta i bruk bygget	- Følgje opp og fullføre utbygging - Bygget skal takast i bruk til barnehageoppstart medio august 2014	Bygget teke i bruk barnehagestart haust 2014
Overordna ROS-analyse og beredskapsarbeid Vi skal utarbeide overordna- og sektor-ROS for Jølster kommune og oppdatere beredskapsplan for Jølster kommune.	- Fullføre interkommunalt prosjekt om overordna ROS-analyse første halvår - Implementere overordna ROS-analyse i kommunen - Utarbeide sektor-ROS på aktuelle område - Oppdatere beredskapsplan på grunnlag av overordna- og sektor-ROS - Plan for krisestøtte og informasjon vedteke innan 01.04.14	- Overordna ROS-analyse vedteken i KST 04.11.14 - Starta revisjon av beredskapsplan
Sunnfjord Næringspark – Moskog Vi skal starte vidare planlegging og gjere vedtak om organisering av utbygging og utvikling. Vi skal gjennomføre grunnerverv for å realisere Sunnfjord næringspark	- Forprosjekt for utbygging og kostnadsoverslag klart januar - Møte grunneigarar mars	- Forprosjekt med kostnadskalkyle klart - Tiningar med grunneigarar - Oppstart prosjekt framføring VA frå Førde. Kommunalsjefen deltek i prosjektgruppe. Regulering område K1, med oppsjon på K2 - K4 - Anbud VA utlyst
Reduksjon av driftsnivået i Jølster kommune. Vi skal finne tiltak for å redusere driftsnivå frå 2014-nivå med: Kr. 3. mill. i 2015 Kr. 6 mill. i 2017 Kr. 7 mill. i 2018 Reduksjon av driftsnivå skal omfatte gjennomgang av inntekter og utgifter i drift og investeringsnivå.	Leggje fram sak om administrativt mandat, organisering og framdrift i 1. kvartal 2014	- Mandat og prosjektdirektiv vedteke - Innsparing 2014 som budsjettendring juni - Innsparing 2015 i samband med økonomiplan 2015 – 2018 - Innsparing 2016-2017 i samband med økonomiplan 2016 -2019
Astrupfokus	Tildelt midlar til utarbeiding av kulturminneplan med Astrupfokus	Arbeid med kulturminneplan ikkje starta opp grunna kapasitet leiargruppa


Politiske møte

	2009		2010		2011	
Politisk organ	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	7	84	7	80	8	72
Formannskapet	12	72	11	68	9	71
Valstyret	3	10	0	0	5	15
Utval for oppvekst, kultur og helse (OKH)	10	45	8	37	8	55
Utval for plan og utvikling (UPU)	10	87	11	97	11	75
	2012		2013		2014	
Politisk organ	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	7	86	6	74	7	93
Formannskapet	11	56	12	60	13	59
Valstyret	0	0	4	11	1	2
Utval for oppvekst, kultur og helse (OKH)	8	83	7	31	6	33
Utval for plan og utvikling (UPU)	8	68	10	74	13	112

Det er relativt stabilt tal saker som vert handsama politisk kvart år. I 2014 var det svært mange saker til handsaming i UPU, og følgeleg og ei auke i saker i kommunestyret. Det vitnar om høg aktivitet innafor saksområda til UPU.

Oppvekst og kultur

Organisering



Tenester og oppgåver

Jølster kommune er barnehage og skuleeigar og tilsynsmynde ovanfor kommunale og private barnehagar. Kommunalsjef har ansvar for oppfølging og utvikling av tenester innan barnehage, kulturskule, bibliotek og skule.

Jølster kommune har 2 skular, 2 kommunale barnehagar og 4 private barnehagar. Innan kulturfeltet har vi kulturskule, 2 bibliotek og er eigarar av Astruptunet og Eikaasgalleriet som blir drifta av Sogn og Fjordane kunstmuseum.

Tenestene skal jobbe etter sentrale overordna lovverk og forskrifter. Sentrale føringar og reformer vil saman med lokale føringar gjennom kommunestyret og andre politiske organ gje premissar for utforming av tenestetilbodet.

Oppvekst og kultursektoren har fokus på samarbeid mellom einingane for å dele kunnskap og kompetanse og det er årlege systemmøte mellom oppvekst og helse. Det er og samarbeid med PPT som er ei interkommunal eining og kommunalsjefar innan oppvekst og kultur i Sunnfjord. Det er eit mål å ha gode og samordna tilbod til born og foreldre i kommunen.

Skule

I arbeid med å utvikle skulane har det vore jobba med utviklingsplanar der skulane har hatt fokus på kvalitet og jobba systematisk og langsiktig. Skulane sine fokusområder har vore basisfag, vurdering, skulemiljø og kvalitetssystem. Skulane har hatt opplæring og kurs ved bruk av intern og ekstern kompetanse. Jølster kommune har mellom anna vore med i pulje 1 i ungdomssteg i utvikling. I 2014 har begge skulane hatt kompetanseheving innanfor satsinga saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Skei skule har hatt fokus på klasseleiing og Vassenden skule har hatt lesing i alle fag.

Resultata i skulane syner at det blir jobba godt og systematisk, men at det er årleg variablar.

Pedagogisk psykologisk teneste, PPT

PPT er ei interkommunal eining der Jølster kommune har 100 % stilling. Tenesta har hatt utfordringar med lange ventelister og gjorde i samarbeid med kommunane ei endring i prioriteringar der dei hadde hovudfokus på utredning for å få ned ventelistene. Resultatet er at ein har redusert ventetid.

Frå august 2014 vart det gjort endringar i organiseringa av PPT sitt arbeid ut mot einingane. PPT organiserte frå hausten PPT – dagar på kvar eining, der PPT kjem ut og har kontordagar på dei ulike einingane. Dette har ført til at PPT har kome nærare og einingane har mogelegheit til å ta opp ulike problemstillingar med PPT når dei har kontordag.

Barnehage

Alle med lovfesta rett til plass som søkte til hovudopptak i 2014 fekk tilbod om plass i barnehage.

Skei barnehage stod ferdig i august 2014 og barnehagen flytta frå Krambua og inn i nye lokalar i Skei barnehage ved nytt barnehageår. Barnehagen tok i bruk den eine avdelinga frå hausten 2014.

Det vart arrangert felles plandag for alle barnehagane i kommunen og SFO ved begge skulane i september 2014. Temaet for dagen var tilknytningsteori der ein fekk presentert tryggleikssirkelen COS.

Våren 2014 vart det sett i gong eit prosjekt som heiter «Gutar som leikeressurs» i 4 av barnehagane i Jølster kommune. Prosjektet handlar om å rekruttere gutar til yrker i barnehagen. Til saman 11 gutar i 8. og 9. klasse fekk tilbod om jobb i barnehagen innanfor ei avgrensa tidsperiode. Gutane arbeida etter skuletid og fekk løn for arbeidet dei utførte.

Kultur

Jølster kommune er eigar av Astruptunet og Eikaasgalleriet som er drifta av Sogn og Fjordane kunstmuseum. Det er eit aukande behov for vedlikehald av tunet og bygningane i Astruptunet og vedlikehald og opparbeiding av området rundt Eikaasgalleriet.

Jølster kommune har mange lag og organisasjonar som har eit høgt aktivitetsnivå og varierte kultur og fritidstilbod til barne og unge i kommunen. Det vart delt ut kr 200 000,- i kulturmidlar til tiltak for born og unge i kommunen.

Bibliotek og kulturskule skapar mykje aktivitet og har arenaer der barn og unge kan skape og oppleve musikk og litteratur. Bibliotek har bokfilialar i nesten alle barnehagane i kommunen og arrangerer bokkafear for dei eldre. Både bibliotek og kulturskule er med i kulturforum som har ansvar for aktivitetar gjennom den kulturelle skulesekken. Kulturskulen arrangerer konsertar og får oppdrag på ulike arrangement som er i kommunen.

Jølster ungdomsråd

Jølster ungdomsråd har i 2014 hatt 4 møter. Dei er engasjert i lokale kulturtilbod for ungdom som fredagsklubb, UKM m.m. Ungdomsrådet har handsama politiske saker, svart på høyringar, vore medlem i styringsgruppa for arbeid med kommuneplan og har vore representert på Fylkesting for ungdom.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
839 000	Orsakar til overforbruk er: Enkeltvedtak Kjøp av tenester hos PPT Skuleskyss Diverse lisensar

Personellsituasjon

Det har dei siste åra vore jobba systematisk frå leiarane si side med arbeidsmiljø, medarbeidersamtalar, tilrettelegging og oppfølging av sjukmelde. Dei fleste einingane innan oppvekst og kultur er kome godt under 10 % i sjukefråvær og tendensen syner nedgang i sjukefråvær med årlege variablar. Det er eit par avvik og det er biblioteket og SFO ved Skei skule. Det er i hovudsak fysiske skadar og planlagde aktivitetar som er orsaka til sjukefråværet.

Teneste	2011	2012	2013	2014
Kulturskule	1,5	0	3,44	8,34
Biblioteket	3,5	5,36	14,48	15,95
Skei skule	6,7(SFO 0,4)	7,68	7,56	6,27
Skei administrasjon			6,59	5,1
Skei SFO			8,02	14,3
Vassenden skule	5,9(SFO 4,1)	6,86	7,54	3,32
Vassenden administrasjon			17,89	3,89
Vassenden SFO			11,20	4,1
Skei barnehage	3,8	2,69	5,92	9,6
Langhaugane bhg	9,7	4,8	5,25	6,36

I barnehagane er det stabile personalgrupper og det er lite utskifting av personell. Skulane har noko meir ledige stillingar både faste og midlertidige. Skulane har gode søkjartal til alle typar stillingar innanfor skulesektoren og kan tilsette kvalifiserte søkjarar til stillingane. Einingane jobbar aktivt med systematisk opplæring og oppfølging av nyttilsette.

Måloppnåing


Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
1. Innan barnehage, skule og kultur skal ein gje tilbod om tenester med høg kvalitet. Ein jobbar heilskapleg med mål om å ha: Barn og unge i sentrum Den gode vaksenrolla Godt samarbeid	Barnehage 1.1 Tidleg innsats for deltaking. Kompetanseheving av pedagogiske leiarar i kommunale og private barnehagar i å identifisere og hjelpe utsette barn, og bidra til at fleire barn får hjelp tidleg i livet.	Barnehagane arbeidar vidare med tidleg innsats i forhold til dei sårbare barna. Kompetansehevinga vert implementert i einingane.
2. Barn og unge skal ha gode læringsmiljø som fremjar trivsel, utvikling og læring.	1.2 og 2.1 God gruppeleiing. Kompetanseheving og arbeid i barnehagane med god gruppeleiing.	Det vart gjennomført kompetanseheving for assistentar i regi av fylkeskommunen. Dei gjennomført 3 kursdagar i 2013 og 2 i 2014.

3. Jølster kommune skal ha faglige resultat i skule som er betre enn fylke og landssnittet. 4. Barn og unge skal i oppveksten i Jølster få kjennskap til eiga bygd, delta i ulike kulturaktivitetar og oppleve utfordringar og meistring.	2.2 Utbygging Skei barnehage.	Bygget er ferdigstilt og vart tatt i bruk frå hausten 2014. Det er nokre utfordringar på uteområdet som må utbetrast.
	2.3 Gutar som leikeressurs	Det vart sett i gang eit prosjekt i 3 av barnehagane som går på å rekruttere gutar til yrker i barnehagen.
	Skule 2.3 og 3.1 Deltaking i nasjonal Satsing, ungdomssteg i utvikling 3.2 Skulane gjennomfører tiltak som lesekurs og kartlegging av resultat og utvikling på elev, klasse og skule nivå. 3.4 Gjennomgang av organisering av spesialundervisning i skule.	Skulering vart gjennomført i 2014. Gjennomført lesekurs og kartlegging av resultat. Rapportering til kommunalsjef. Det er sett ned ei prosjektgruppe som arbeidar med organisering av tilpassa opplæring og spesialundervisning i skulen. Arbeidet vart starta i 2014.
	Kultur 4.1 Astrupfokus	Det er ikkje gjort noko i forhold til Astrupfokus i 2014.


Helse og omsorg

Organisering

Organisering før oktober 2014



Organisering etter oktober 2014



Helse og omsorg gjennomførte ei omorganisering hausten 2014. Tenesteeiningar vart samla under felles leiing og tal tenesteleiarar vart redusert frå 10 til fem. Det vart oppretta arbeidsleiarar eller fagleiar i einingane for å sikre dagleg drift i større einingar og fagleg fokus. Den nye organiseringa gir auka rom for samhandling og fleksibilitet mellom fagområda.

Tenester og oppgåver

Jølster kommune skal gje gode helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i kommunen. Målet er å gje rett hjelp til rett tid. Tenestene har også i 2014 hatt fokus på økonomistyring. Det er utfordrande for fleire av einingane å møte eit aukande behov for teneste med tilgjengelege ressursar. Samarbeid på tvers av einingar har eit særskilt fokus. Einingane gjer ein svært god innsats og strekkjer seg langt for å imøtekomme dei krav som ligg til tenesta. Jølster kommune har eit godt tenestetilbod.

Samhandlingsreforma og to nye lover har særskilt sett sitt preg på tenesteytinga: «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.» og «Lov om folkehelsearbeid». Tidlegare utskriving frå spesialisthelsetenesta og ein aukande etterspørsel etter kommunale tenester er noko som har gitt sektoren større utfordringar.

Gjennom heile året har det vore jobba med å følgje opp Kommunestyret sitt vedtak om organisasjonsendringar som skal sette kommunen i stand til å løyse nye krav og forventingar. Bygging av nye omsorgsbustadar, rehabiliteringseining og korttids sjukeheimplassar ved Skei omsorgssenter har pågått heile året. Planarbeidet med ombygging av Vassenden busenter har gått parallelt.

Kommunane har hatt medfinansieringsansvar for medisinsk behandling i spesialisthelsetenesta også i 2014. Kommunen har betalingsansvar frå første dag for utskrivingssklare pasientar i spesialisthelsetenesta med behov for kommunale tenester dersom kommunen ikkje kan ta imot pasienten. Kommunen har betalt for eitt liggedøgn i 2014.

Jølster er med i interkommunale samarbeid/prosjektsamarbeid for å klare å løyse bestemte oppgåver..

Interkommunale samarbeid:

- Interkommunal miljøretta helsevern avdeling. Flora er vertskommune.
- Interkommunalt samarbeid om utforming av felles ruspolitikk. Fire kommunar er med i samarbeidet.
- Krisesenter. Flora er vertskommune
- Smiso SF; Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane. Førde er vertskommune.
- Overgrepsmottak
- Legevaktsamarbeid

SIS Fagnettverk for helse og omsorg vart etablert i 2011 og har månadlege møter. Fagnettverket er svært nyttig, særskilt med tanke på dei store utfordringane kommunane står overfor innan helse- og omsorgssektoren, samt det store fokuset som er på interkommunalt samarbeid.

Økonomi

Rekneskap 2014 - samla oversikt (1000 kr)				
Ansvarsnr	Eining	R2014	B2014	Avvik
300	Helse og sosial felles	5 162 000	4 597 000	565 000
312	Helsestasjon	2 009 000	2 093 000	-84 000
313	Fysioterapitenesta	1 096 000	1 195 000	-99 000
320	Legetenesta	4 261 000	3 851 000	410 000
340	Psykisk helsevern	5 232 000	5 601 000	-369 000
350	NAV sosialtenesta	9 785 000	9 912 000	-127 000
351	NAV flyktningbusetting	-513 000	-545 000	32 000
371	Heimetenesta Skei	5 794 000	6 931 000	-1 137 000
372	Skei bufellesskap	18 003 000	18 381 000	-378 000
373	Heimly bufellesskap	7 129 000	7 392 000	-263 000
381	Heimetenesta Vassenden	5 032 000	6 139 000	-1 107 000
382	Vassenden busenter	13 068 000	13 874 000	-806 000
	Sum	76 058 000	79 421 000	-3 363 000

Personellsituasjon

Medarbeidarane er Jølster kommune sin viktigaste ressurs. Helse- og omsorgssektoren har medarbeidarar som er engasjerte, fleksible og strekkjer seg langt for å gje innbyggjarane i Jølster gode tenester. Sektoren er inne i omstillingsprosessar og då er det viktig å ha fokus på eit godt arbeidsmiljø og å sikre involvering i viktige prosessar. Det er god fagkompetanse i einingane, men det kan vere utfordrande å rekruttere fagpersonar til ledige stillingar. I pleie og omsorg vart det nytta vikarbyrå for å løyse utfordringane til nok sjukepleiarkompetanse i ferieavviklinga.

Helse og omsorg har fokus på fagutvikling og å styrke fagkompetanse. Kommunen gir støtte til utdanning innan fagområde der det er behov for ei styrking for å imøtekomme lovkrav. Saman med løn, er slik støtte eit godt rekrutteringstiltak. Det er ikkje tilsett lærling i 2014, men pleie- og omsorgstenesta har flyktningar i praksis som har som mål å ta fagbrev. Dette opplegget er eit samarbeid mellom NAV, Fylkeskommunen, Øyrane vidaregåande skule og pleie- og omsorgstenesta.

Samarbeid på tvers mellom tenesteeiningane er eit viktig fokusområde og må vidareutviklast.

Fråværsstatistikk 2014:

Ansvarsnr.	Tekst	Året %
300	Helse- og sosial felles (Jølster Frivilligsentral)	0
312	Helsestasjon	0,2
313	Fysioterapitenesta	4,25
320	Legetenesta	1,93
340	Psykisk helsevern, inkl. enkelttiltak	14,49
350	NAV sosialtenesta og barnevern	0,24
351	NAV Flyktningtenesta	0
371	Heimetenesta Skei	14,29
372	Skei bufellesskap	15,22
373	Heimly bufellesskap	9,07
381	Heimetenesta Vassenden	5,38
382	Vassenden busenter	11,85

Det er stor skilnad på sjukefråværet i einingane. Det er einingar i pleie og omsorg med døgkontinuerleg drift som har høgt fråvær.

Måloppnåing

«10 på topp» dannar utgangspunktet for innsatsområde gjennom året.

Arbeid med overordna planar og innføring av nye lover og Samhandlingsreforma har hatt stort fokus gjennom heile året.


Samhandlingsreforma, lokale tiltak: Det har vore jobba med å følgje opp vedtaket i Kommunestyret gjennom heile året. .

Kommunen har vore delaktig i fleire interkommunale samarbeid og prosjektsamarbeid.

Det har vore gjennomført leiarmøte innan sektoren, i gruppe og individuelt, gjennom heile året.

Plan, næring og drift

Organisering



Tenester og oppgåver

Ansvarsområda skal arbeide etter overordna lovverk, føresegner og sentrale føringar. I tillegg vil lokale politiske vedtak om mål, strategiar og tiltak gje premissar for utforminga av tenestetilbodet.

I 2014 har det og vore fokus på arbeid med kommuneplanen sin arealdel som vart vedteken i KST sak 083/14. Norconsult har vore engasjert som konsulent/prosessleiar og skal oppdatere planverket etter vedtak i kommunestyret. I samband med arealdelen har ein med grunnlag i KVV Lavik – Skei er det lagt inn korridor for ny E39 på strekninga Moskog – Vassenden. Her har Statens vegvesen bidrege med mellom anna midlar til utgreiingsarbeidet.

Reguleringsplanen for Moskog industriområde er vedteken og stadfesta. Planarbeid for reguleringsplan E39 på strekninga Bjørset – Skei er vidareført og det meste av planen er vedteken. Kartblad 5 er framleis til handsaming i 2015. Det er og starta reguleringsarbeid for rassikring (tunell) av Rv5 Kjosnesfjorden samt krabbefelt i Lundebotn.

Ei anna viktig og svært omfattande oppgåve er gjennomføring av tiltak i samsvar med vedteke investeringsbudsjett. Dette omfattar programmering, prosjektering, kontrahering, produksjon og drift. Her har det vore eit nært samarbeid med fleire av tenesteeiningane i tillegg til plan- og byggenemnda som politisk oppnemnt organ. Av viktige tiltak kan nemnast planlegging og prosjektering av omsorgsbustader, sjukeheimplassar og rehabiliteringseining ved Skei og Vassenden omsorgssenter for å møte krava i samhandlingsreforma. Byggjearbeidet for Skei omsorgssenter vart starta opp i april og framdrifta var ved årsskiftet i samsvar med planen. Prosjektet skal vere ferdigstilt hausten 2015. Byggjearbeidet på Skei barnehage vart ferdigstilt i september men det står att noko reklamasjonsarbeid. Det er og gjennomført planarbeid og anbodskonkurranse for 3 nye bueiningar ved Heimly.

Kommunalsjefen har ansvar for oppfølging av utval for plan og utvikling (UPU) og skal sikre at politiske vedtak blir i gjennomført. I 2014 er det gjennomført 13 møter og det er handsama 112 saker. Det har og vore fellesmøter for planutvala i SIS.

Tenesteleiarane analyserer eige ansvarsområdet og er ansvarleg for å levere bidrag til årsmeldinga. Årsmeldinga syner at tenesteeiningane har svært høg aktivitet med eit omfattande og variert tenestetilbod. 2014 har som dei siste åra vore svært krevjande. Det er likevel slik at einingane tek utfordringane på alvor og gjer sitt beste for å sikre at ein kan tilby eit best mogeleg tenestetilbod ut frå tilgjengelege resursar.

Økonomi

Rekneskap 2014 - samla oversikt (kr)					
Ansvarsnr	Ansvar	R2014	B2014	Avvik i kr.	Forbruk i %
400	Plan og næring felles	132 832	97 000	35 832	137
610	Plan og bygg	2 160 170	2 265 000	-104 830	95
620	Drift og komunalteknikk - avgifter	-54 309	0	-54 309	-
621	Drift og komunalteknikk - drift	11 165 927	10 887 000	278 927	103
650	Næring og miljø	2 457 872	2 185 000	272 872	112
	Sum alle:	15 862 493	15 434 000	428 493	103

For einingane samla sett er det eit meirforbruk på 428 493 eller ca 3%.

Personellsituasjon

Medarbeidarane er den viktigaste resursen til Jølster kommune. For å sikre motiverte medarbeidarar vert det kontinuerleg jobba for eit godt arbeidsmiljø med faglege utfordringar. Det er mellom anna gjennomført medarbeidarundersøking i 2014.

I det daglege arbeidet vert det elles nytta ulike arenaer og møtestader som leiarmøte, tenesteleiarmøte og ulike samarbeidsmøte med tenesteeiningane. Det vert og nytta ulike former for nettverkssamlingar med mellom anna andre kommunar og særskilt i SIS. Eit anna viktig tiltak er uformelle samlingar med sosialt samvær for å styrke samhald og samhandling i organisasjonen.

Sjukefråvere

Sjukefråveret er synt i tabellen under. Ved sjukefråvere vil det normalt bli registrert store utslag som følgje av få tilsette innan dei ulike områda/tenestene. Det registrerte fråveret i 2014 er jamt over lågt og under 3 % for alle tenestene.

Teneste	Tekst	2013 %	2014 %
13001	Administrasjonslokale	0,00	1,90
19010	Drift- og anleggsavdeling	2,50	0,00
19040	Vaktmeisterordning	7,48	0,52
30001	Fysisk tilrettelegging og planlegging	1,52	1,20
30030	Kart, oppmåling o.l.	2,59	2,21
32540	Landbrukskontor	23,72	1,14
33310	Drift og vedlikehald - vegar	0,52	2,72
33810	Feiarvesen	0,00	0,00
33910	Brannvesen	0,00	0,00

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Tilby innbyggjarane i Jølster kommune gode tenester innan fagområda.	- Sikre kvalitet i tenestetilbodet ved å ha rett kompetanse på rett plass. - Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og	Kompetansebehov er under kontinuerleg vurdering. Vi har fått tilsett i vakant ingeniørstilling.

	retningslinjer. • Ferdigstille/implementere kvalitetssystemet i einingane. • Sikre gjennomføring av politiske strategiar og tiltak.	Vert kontinuerleg følgt opp. Følgjer opp handlingsplanar.
Bidra til av Jølster er eit aktivt samfunn i endring og vekst.	• Ferdigstille arbeidet med arealdelen i kommuneplanen. • Gjennomføre tiltak etter investeringsbudsjettet til rett tid og i samsvar med godkjent kostnad. • Gjennomføre tiltak i samsvar med «10 på topp» • Delta i fellestiltak i regi av SIS. • Ta i bruk ny kunnskap og ny teknologi.	Framlegg til arealdel har låge ute til offentlig ettersyn. Handsama og vedteke i KST i sak 083/14. Arbeidet ved Skei bufellesskap er i samsvar med framdriftsplanen. Prosjektet skal vere ferdig september 2015. Skei barnehage; Bygget er teke i bruk. Reklamasjonsarbeid i 2015.. Heimly: Det har vore tilbudsutlysing som totalentreprise. Dvergsdal & Sunde er tildelt oppdraget – oppstart i mars 2015. Delte i felles prosjekt om ROS i SIS. Analysen har vore på høyring. Politisk handsama i UPU og KST i oktober. Reguleringsplan E39 er vedteken utanom kartblad 5. Klagehandsaming utsett – handsamst i 2015.
Utvikle tenestetilbodet slik at det kan bidra til eit effektivt og allsidig landbruk.	• Etablere faste møteplassar og dialog med landbruksnæringa. • Bidra gjennom arealplanen til eit allsidig landbruk og landbruk +. • Sikre tradisjonelt betebbruk gjennom prioritering av virkemiddelbruken.	Interkommunalt fagleg samarbeid på fleire fagområde. Ivareteke i framlegg til arealplan som no er vedteken.
Bidra til vekst i	• Bidra gjennom arealplanen	Nye næringsareal i

næringsetableringa.	til større samanhengande og attraktive næringsareal. • Utnytte potensiale som ligg i allereie nye etableringar på Skei. • Nytte potensiale som ligg i oppgradering av E39 og rassikring av RV5.	kommuneplanen sin arealdel som no er vedteken. Næringsareal Moskog. Heile planen er no stadfesta og vedteken. Drøftingar med grunneigarar om overtaking av areal. Del av arealplanprosessen.
---------------------	---	---

For nærare omtale i høve måloppnåing for einingane vert det synt til årsmeldinga frå ansvarsområda.

Investeringar

Skei omsorgssenter

I april starta Åsen & Øvrelid bygginga av 12 nye omsorgsbustader, rehabiliteringseining og ny base for heimesjukepleien. Ved årsskiftet var framdrifta i rute og i samsvar med planen. Prosjektet skal vere ferdig i september 2015

Vassenden omsorgssenter

Forprosjektet med planlegging og prosjektering på overordna nivå var om lag ferdigstilt ved årsskiftet. Det blir gjennomført anbudsutlysing våren 2015 for oppstart av byggearbeidet hausten 2015.

Skei barnehage

Utbygginga av nye avdelingar vart ferdigstilt i september 2014 i samsvar med planen. Bygget vart teke i bruk frå same tidspunkt. Det stå att noko reklamasjonsarbeid for gjennomføring våren 2015.

Heimly

Forprosjektet med planlegging og prosjektering er gjennomført og det har vore anbudskonkurranse. Dvergsdal & Sunde er tildelt oppdraget og skal gjennomføre utbygginga med oppstart i mars 2015. Tiltaket skal vere ferdig i november 2015.

Rehabilitering og vedlikehald

Arbeidet med rehabilitering og vedlikehald på kommunale bygg er vidareført i 2014. Med grunnlag i utarbeidd tiltaksliste har UPU prioritert tiltak for gjennomføring. Dette omfattar fleire tiltak med ulikt omfang og kostnad.

Kommunehuset

Nødlýsanlegget på kommunehuset er oppgradert og er sett i drift igjen.

Skei skule

Eit klasserom i barneskule er pussa opp (ny overflatebehandling av himling og vegger og ny golvbelegg). Vindauge og dører ved inngangsparti mellomfløy (gymsal og symjebasseng) er skifta. Roteskade i vindauge samt at glas var punktert.

Vassenden skule

Det er skifta ut noen vindauge i grupperom og trapperom (vestsida ungdomsskule) på grunn av skade og lekkasje. Det er i tillegg skifta et vind ved gymsal på grunn av lekkasje / skade.

Skei og Vassenden omsorgssenter

Det er kjøpt inn sengetransportvogn for å til rette leggje arbeid av vaktmeisteren.

Astruptunet

Taket av diverse bygg er oppgradert. Krokane er skifta. Brua er reparert og taket + veggjar til hovudhuset er delvis rehabilitert.

Eikaasgalleriet

EL-skap som er plassert i leilegheita mot Skei er oppgradert.

Radon-målingar

Det er utført radon-målingar på alle kommunale bygg.

Utstyr

Det er kjøpt inn utstyr til vaktmeisterteneste for å sleppe å leige inn folk og for å til rette legge arbeid for vaktmeistrer (beitepussar, tilhengar, stillas, grasklippar).

ENØK-tiltak

Jølster Kommune har sett seg et mål om å redusere energibruk i kommunen. Derfor blir det prioritert tiltak kvart år. I 2014 er det utført følgjande ENØK-tiltak:

- Drift av energioppfølgingssystem (EOS), slik at vi kan betre energieffektiviteten i kommunale bygg (finne sparepotensial)
- Montering av nye panelomnar på en del av kommunehuset (tenestekontor). Panelomnar er tilkopla til et KNX-system slik at varme kan bli sentralstyrt frå et SD-anlegg.
- SD-anlegget på kommunehuset
- Nye vinduer og inngangsdør på Vassenden skule (ungdomsskule)
- Montering av urstyring varmeanlegg arbeidsstove Vassenden omsorgssenter

Jølster Kommune har fått kr. 33.921,03 i tilskot frå Enova i 2014.

Inneklima-tiltak

Inneklima-tiltak som var planlagt i 2013 er ikkje utført på grunn av manglande ressursar. Når det gjelder kommunale bygg er det behov for å skifte / plassere fleire ventilasjonsanlegg. For å kunne gjennomføre ovannemnde tiltak trengs det ca. 16 mill. kroner. I investeringsbudsjett var det sett av 9.4 mill. kroner i 2015/2017 for å utbetre inneklima på skulane. På grunn av mulig utbygging/ombygging på skulane er denne post utsett.

Vatn, avlaup og renovasjon

Det er gjennomført fleire tiltak i samband med rehabilitering av leidningsnett, pumpestasjonar samt andre deler av dei kommunaltekniske anlegga for vatn og avløp.

Hovudplanane for vatn og avløp er politisk handsama og vedteken i 2013. Oppdaterte handlingsplanar er presentert og vedteken på slutten av 2014.

Samferdsel

Det er gjennomført asfaltering/rehabilitering av asfalt i bustadfelt (strekningar i Viken 3-4, Viken 1, Hjellbrekkefelt, Langhaugane og Hegrenes). Kostnader er ført på kapitalbudsjett 'tilrettelegging av bustadfelt'.

Gangvegen frå Fossheim til Skei skule er ferdigstilt i 2014. Gangvegen skal asfalterast i 2015. I tillegg er strekning frå Sandal til Brendene asfaltert. Strekninga skal overleverast til private som vedteke i 2010. Prosessen skal startast opp i 2015.

Avslutta prosjektrekneskap i 2014

Prosjektavslutning 2014					
Prosjektnr.	Prosjektnamn	Budsjett	Rekneskap	Avvik i kr.	Avvik i %
2328	Rehabilitering bygg og anlegg	1 000 000	977 217	-22 783	-2,3 %
2325	Plottar plan og næring	100 000	81 756	-18 244	-18,2 %
2319	ENØK-tiltak 2013	100 000	95 512	-4 488	-4,5 %
1790	Gang- og sykkelveg Vassenden	2 780 000	2 972 368	192 368	6,9 %
2329	Brannalarmanlegg Skei skule	730 000	700 719	-29 281	-4,0 %
1090	Vassenden vassverk - vassbehandling	11 300 000	570 287	-6 531 801	-57,8 %
1140	Vassenden vassverk - ringledning		25 516		
1370	Skei vassverk - vassbehandling		2 080 219		
1400	Vassenden vassverk - Øygardsm.		1 078 306		
1470	Hovudplan vatn		0		
1790	Gang- og sykkelveg Vassenden (del)		481 706		
2295	Hovudplan vatn 2011		19 163		
2321	Hovudplan vatn 2013		513 002		
1010	Avlaupsplan	9 000 000	1 059 690	-4 058 382	-45,1 %
1500	Pumpestasjon Skrede		901 747		
1530	Pumpestasjon Viken		414 998		
1640	Ombygging VA-anlegg Skei		1 101 320		
1790	Gang- og sykkelveg Vassenden (del)		498 152		
1880	Hegrenes reinseanlegg		155 200		
2020	Ristpresse		343 085		
2250	Rehabilitering Langhaugane renseanl		180 723		
2294	Avlaupsplan 2011		19 163		
2320	Hovudplan avlaup 2013		267 540		
Sum:		25 010 000	14 537 389	-10 472 611	-41,9 %

Samanlikningar (KOSTRA)

Utval av kommunar

Vi har avgrensa datamengda ved å konsentrere oss om same utval som i tidlegare årsmeldingar:

- Jølster, Gaular, Naustdal og Førde kommunar
- Gruppe 2 som er den kommunegruppa i landet der SSB har plassert Jølster:

KOSTRA-gruppe 2
"Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter"
Gruppe 2 i Sogn og Fjordane
Leikanger, Fjaler, Gaular, Jølster og Naustdal

Grunna at Jølster kommune vart forseinka med levering av rekneskapen til SSB, ligg det ikkje føre finansielle nøkkeltal for samanlikning. Dette vert å kome attende til i samband med økonomiplanarbeidet.

Dekningsgrad

	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster
Oppvekst og kultur	2010	2011	2012	2013	2014
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	91	90,2	92,9	94,8	99,5
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	79,4	77	79,2	83,6	87,1
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	53,9	55,1	57,4	57,8	59,3
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	12	12,5	11,8	13,1	11,8
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	42,3	53,4	53,7	51,1	50
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	9,1	9,8	9,6	9,6	9,8

	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster
	2010	2011	2012	2013	2014
Helse-og omsorg					
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	12,1	13,1	12,4	12,4	13,8
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,9	9,8	9,7	9,8	9,9
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse innen utg. av 8. leveuke	92	105	88	93	97
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	88	110	67	92	101
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,12	0,21	0,29	0,38	0,38
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,82	0,59	0,38	0,5	0,6
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	16	17	18	16	14
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	112	121	131	123	148
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	500	511	464	482	464
Andel plasser i institusjon og heldøgnsbemannet bolig i prosent av bef. 80+	34	30	26	31	28
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	4,3	4,4	4,7	4,7	4,2
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	4114	4098	4507	4912	4692
Mottakere av kvalifiseringsstønad per 1000 innbyggere 20-66 år	3,5	3,5	2,8	..	4,6
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3	4	4,1	2,8	3,2
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	2,9	4,6	6,1	4,9	4
Andel meldinger med behandlingstid innen 7	..	..	..	95	96
Andel undersøkelser med behandlingstid over 3 måneder	53	68	37	29	0
Andel undersøkelser som førte til tiltak	93,3	76	80	70,6	58,8

	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster	1431 Jølster
	2010	2011	2012	2013	2014
Bustad m.m.					
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	7	7	:	7	10
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	28	24	22	28	27
Kommunalt eide boliger som andel av totalt antall kommunalt disp. boliger	88	72	75	87	87
Antall husstander tilkjent statlig bostøtte fra Husbanken per 1000 innbyggere	26	25	23	19	18
Antall boliger godkjent av kommunen for finansiering med startlån, per 1000 innbyggere	1,3	0,7	3,6	1	1,7

Dekningsgrad samanlikna

	1431 Jølster	1430 Gaular	1433 Naustdal	1432 Førde	EKG02 Kostra- gruppe 02
	2014	2014	2014	2014	2014
Oppvekst og kultur					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	99,5	94,7	93,9	94,8	90,2
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	87,1	82,2	79,2	79,7	76,9
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	59,3	43,2	39,9	71,7	74
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	11,8	13,8	11,8	9	9,1
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	50	34,6	27,3	82,1	43,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	9,8	10,8	11,7	14	11,8

Jølster kommune har svært god dekning i barnehagesektoren. Dette syner at medvite satsing på barnehage har lukkast. Andel elevar som får spesialundervisning har gått noko ned, og skil seg ikkje markant frå nabokommunane, men er høgare enn i kommunegruppa. Det er sett i verk arbeid for å evaluere organiseringa av spesialundervisninga. Det er mange som nyttar SFO i Jølster, og gjennom dette får positivt samvær med andre born utanfor kjernetida i skulen. Kostratala syner at Jølster har relativt lita gruppestørrelse i skulen. Dette gjev høgare kostander.


	1431 Jølster	1430 Gaular	1433 Naustdal	1432 Førde	EKG02 Kostra- gruppe 02
Helse og omsorg					
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,8	14,2	14,4	12,5	12,7
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,9	10,1	11,3	8,1	10,1
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse innen utg. av 8. leveuke	97	103	100	97	100
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	101	96	81	97	96
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,38	0,26	0,38	0,47	0,38
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,6	0,22	0,2	0,27	0,4
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	14	16	24	17	26
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	148	79	91	52	83
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	464	339	417	377	375
Andel plasser i institusjon og heldøgnsbemannet bolig i prosent av bef. 80+	28	26	15	31	29
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	4,2	2,8	3,8	4,4	:
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	4692	4622	6019	6706	:
Mottakere av kvalifiseringsstønad per 1000 innbyggere 20-66 år	4,6	2,4	..	2,2	:
Barn med melding ift. antall innbyggere 0-17 år	2,9	3,2	4	3,8	:
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3,2	2,6	4,3	3,5	:
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4	4,6	7	3,5	:
Andel meldinger med behandlingstid innen 7	96	96	100	99	:
Andel undersøkelser med behandlingstid over 3 måneder	0	7	0	13	26
Andel undersøkelser som førte til tiltak	58,8	57,1	45,5	47,1	:

Jølster kommune har god legedekning, og helsestasjonen utfører helsekontrollar som forventa frå staten. Jølster har mange brukarar i heimetenesta i alder over 66 år. Dette har delvis samanheng med organiseringa av helse- og omsorgstenestene i kommunen. Ser ein på utviklinga over tid, hat heimetenester til aldersgruppa 67 – 79 år auka, medan heimetenester til brukarar over 80 år har gått ned. Jølster har dekning av institusjons- og heildøgnsomsorgsbustad relativt likt snitte i kommunegruppa.

Innafor sosialtenester og barnevern, ser ein at andel sosialhjelpsmottakarar har gått noko ned i høve tidlegare år, og gjennomsnittleg stønad har gått ned og ligg på eit lågt nivå. Jølster kommune har effektiv sakshandsaming i barnevernet, og er såleis ei eksempel på at barnevern i små kommunar kan lukkast godt. Det er færre undersøkingar en tidlegare år som fører til tiltak i barnevernet.

	1431 Jølster	1430 Gaular	1433 Naustdal	1432 Førde	EKG02 Kostra- gruppe 02
Bustad m.m.					
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	10	0	14	5	..
Kommunalt disponerte boliger per 1000	27	..	..	15	24
Kommunalt eide boliger som andel av totalt antall kommunalt disp. boliger	87	..	..	87	89
Antall husstander tilkjent statlig bostøtte fra Husbanken per 1000 innbyggere	18	8	11	16	17
Antall boliger godkjent av kommunen for finansiering med startlån, per 1000 innbyggere	1,7	1,7	1,1	2,1	2,5

Folketal



Folketal 2007 – 2014

1431 Jølster	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Folkemengde	2928	2929	2950	2981	3021	3052	3078	3070
Levendefødte	44	32	47	38	42	40	30	34
Døde	39	36	34	18	23	36	27	30
Fødselsoverskudd	5	-4	13	20	19	4	3	4
Innflyttinger	119	129	126	151	163	193	190	122
Utflyttinger	123	104	111	130	151	171	202	171
Nettoinnflytting	-4	25	15	21	12	22	-12	-49
Folketilvekst	1	21	31	40	31	26	-8	-44

Folkemengde, etter grunnkrets, tid og statistikkvariabel

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring
	Personer	Personer	Personer	Personer	Personer	Personer	Personer	Personer	Personer	2007 - 2015
14310101 Eikås	150	165	144	137	139	144	139	131	113	-37
14310102 Langhaugane	257	249	256	260	251	254	243	232	236	-21
14310103 Hjelldrekk	480	475	509	530	526	537	570	581	573	93
14310104 Vassenden nord	268	284	294	293	309	320	348	360	367	99
14310105 Vassenden sør	140	144	159	156	159	168	169	166	165	25
14310106 Sanddal	72	75	70	67	67	63	67	65	64	-8
14310107 Svidal	106	103	101	112	112	111	113	117	105	-1
14310108 Ålhus	192	192	200	200	200	208	195	205	198	6
14310201 Myklebost	132	128	119	120	124	130	129	120	125	-7
14310202 Årdal	204	202	202	189	191	185	187	193	182	-22
14310203 Helgheim	78	79	75	74	67	68	68	66	66	-12
14310204 Fugle	84	88	89	100	102	99	94	90	93	9
14310205 Skei	402	382	369	384	414	418	407	415	426	24
14310206 Kjosnesfjorden	41	41	40	40	40	42	37	34	36	-5
14310207 Førde	30	31	33	33	32	30	30	30	29	-1
14310208 Klakegg	120	123	124	118	122	120	119	110	100	-20
14310209 Veiteberg	127	119	114	115	116	104	108	102	95	-32
14310210 Åmot	42	49	52	49	49	50	49	50	49	7
14319999 Uoppgitt grunnkrets	3	:	:	4	1	1	6	3	4	1
Sum	2928	2929	2950	2981	3021	3052	3078	3070	3026	98

Folketalet har gått ned dei siste to åra, og nedgangen var særleg stor i 2014. Det er og klare teikn på sentralisering i Jølster, der tettstadene Vassenden og Skei har aukande folketal, medan grendane med einskilde unntak har synkende folketal. Årsaka til nedgang i folketalet er utflytting, og netto innflytting er på -49 personar.

Styringsdokument

Kommuneplanarbeidet handlar om meir enn sjølve plandokumenta. Eit viktig arbeid er å legge til rette for at dei ulike styringsdokumenta høyrer inn i ein heilskap. Som eit reiskap i dette arbeidet, har vi laga eit oversyn over styringsdokument med tilhøyrande lovheimel:

Kommunal planstrategi

Minst ein gong kvar valperiode

Strategiske val, evaluering av hovudmåla for kommunen

Planbehov

Pbl § 10-1

Kommuneplan

Samfunnsdelen

Arealdelen

Utarbeiding av hovudmåla for kommunen

12 års perspektiv, vurderast kvart 4.år

Pbl §§ 11.1, 11.2, 11.5 og Kl § 5.

Kommunedelplanar, fag- og temaplanar

Utdjuping av hovudmåla for kommunen

Til dømes psykiatriplan, pleie- og omsorgsplan, skule- og barnehageplan.

Pbl § 11.1 og andre relevante lover.

Økonomiplan

(med kommuneplanen sin handlingsdel)

4 års perspektiv, vurderast årleg

Knyttast til hovudmåla i kommuneplanen

Kl § 44 og Pbl §§ 11.1. og 11.3.

Verksemdplan

4 års perspektiv, vurderast årleg

Mål for dei enkelte verksemdene, knytt til budsjett, vert nytta til rapportering.

Budsjett

Gjennomføring av hovudmål og verksemdsmål

1 årig

Kl § 45

Årsmelding og årsrekneskap

Evaluering av mål og planar

1 årig

Kl § 48

Kl = Kommunelova

Pbl = Plan- og bygningslova

Tenesteeiningane

I dette kapitlet kjem årsmelding med meir detaljar for kvar enkelt tenesteeining. Kapitlet følgjer ansvarsnummera i rekneskapet:

120: Sentraladministrasjon og fellesutgifter (også 130)

210: Skei skule

211: Vassenden skule

250: Kulturskulen

270: Skei barnehage

271: Langhaugane barnehage

300: Helse og sosial, felles

312: Helsestasjon

313: Fysioterapi

320: Legetenesta

340: Psykisk helsevern

350: NAV Jølster (også 351)

371: Heimetenesta Skei

372: Skei bufellesskap

373: Heimly bufellesskap

381: Heimetenesta Vassenden

382: Vassenden busenter

400: Plan, næring, drift, felles

510: Biblioteket


610: Plan og bygg

621: Drift og kommunalteknikk (også 620)

650: Næring og miljø

Sentraladministrasjon og fellesutgifter (120)

Organisering



Tenester og oppgåver

Tenestekontoret og kommunekassen er stabseiningar under rådmannen. Økonomi- og personalleiar er leiar for tenestekontoret og har budsjettansvar for alle poster under sentraladministrasjon og fellesutgifter. Tenesteleiar rekneskap er leiar for kommunekassen. Ho har fullmakt til å disponere kommunale bankkontoar og kan difor ikkje ha tilvisingsrett.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-1 533 650 (ansvar 120)	Meirforbruk på <i>kjøp av interkommunaletenester</i> på om lag 715 000 kroner. Meirforbruk på <i>Avgifter, gebyr og lisensar</i> på om lag 246 000 kroner. Meirforbruk på <i>gjodtgjersle folkevalde</i> på om lag 226 000 kroner. Meirforbruk på kostnader knytt til <i>løn</i> på om lag 300 000 kroner i administrasjonen.
0 (ansvar 130)	Løyvinga til kyrkjeleg fellesråd er betalt ut i samsvar med budsjettet. Her er det såleis ikkje avvik. Tilskotet var på 2 395 000 kroner.

Personellsituasjon

Tenestekontoret har tilsett to nye i 2014. Ny IKT koordinator vart tilsett 1.mars 2014, og ny økonomi- og personalleiar var tilsett 1.august 2014.

Tidlegare økonomi-og personalleiar slutta i stillinga 1.april 2014.Det var derfor vakanse i stillinga i ein periode. Oppgåvene vart fram til 1.august 2014 fordelt på tilsette i kommunen.


Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Løyse utfordringar knytt til samhandlingsreform	Vere i stand til å møte dei praktiske konsekvensane med rask utskriving. Gjennomføring av vedtekne omleggingar innan pleie og omsorg. Delta i interkommunalt samarbeid.	Byggjestart Skei omsorgssenter 07.04.14. Oppstart planlegging Vassenden omsorgssenter. Prosjektgruppe etablert. Utlysing av anbod prosjektering mai 2014 Ny organisering av tenesteleiarar, arbeidsleirar og fagleiarar frå 01.01.14. Utbyggingsprosjekt valt for interkommunal ØHD. Samarbeid med Helse Førde HF inntil oppstart. Kommunen deltek i KS sitt <i>Effektiviseringsnettverk for helse og omsorg</i>.
Fornyingsarbeid	Interkommunalt prosjekt - Ny nettside Interkommunalt prosjekt på E – handel Nytt telefonsystem – Lync Vi har laga plan for fiberutbygging og høgkvalitet breiband i heile kommunen. Vi har tilrettelagt for utbygging i grendene og samarbeider med grendelag om fiberutbygging. Aktiv bruk av sosiale medie i innbyggjardialogen	Arbeidet med ny er i rute, og er planlagt ferdigstilt februar 2015. E-handel prosjekt er starta. Tenestekontoret og drift- og kommunalteknikk pilot. Lync vart teke i bruk i november 2014. Utbygging Skei fullført. Innvilga omdisponering av midlar frå fylkeskommunen. Vedteke utbygging Vassenden, delar av Sørsida, Svidal, Ålhus, Sandal. Oppstart vår 2015. Webredaksjon har ansvar for driftig og utvikling av aktiviteten i sosiale medie. Gruppa starta også opp arbeidet med kommunikasjonstrategi i 2014.
Kommunereform	Jølster kommune deltek i utgreiingar om ny framtidig kommunestruktur i Sunnfjord regionen.	Kommunane Jølster, Førde, Naustdal, Gaular, Florø, Gloppen, Fjaler, Hyllestad og Askvoll er med i utgreiingane.
Plassbehov ved skulane.	Utgreiing av tidlegare Mo og Jølster vid. avd Vassenden til bruk i grunnskule	Rapport Asplan Viak 24.04.14 Drøfting på politikardag 29.04.14 Mandat avklart Forhandling med fylkeskommunen om kjøp av MOJO. Kjøp av MOJO godkjent

		av KST 04.11.14. Overtaking februar 2015 Prosjektgruppe for skuleorganisering etablert
Reduksjon av driftsnivået i Jølster kommune. Vi skal finne tiltak for å redusere driftsnivå frå 2014-nivå med: Kr. 3. mill. i 2015 Kr. 6 mill. i 2017 Kr. 7 mill. i 2018 Reduksjon av driftsnivå skal omfatte gjennomgang av inntekter og utgifter i drift og investeringsnivå.	Leggje fram sak om administrativt mandat, organisering og framdrift i 1. kvartal 2014	Mandat og prosjektdirektiv vedteke Innsparing 2014 som budsjettendring juni Innsparing 2015 i samband med økonomiplan 2015 – 2018 Innsparing 2016-2017 i samband med økonomiplan 2016 -2019

Skei skule (210)

Organisering (vår 2014 → haust 2014):



Tenester og oppgåver

Skulen vert drifta etter lover, reglar og retningslinjer i Opplæringslova, Kunnskapsløftet, arbeidsmiljølova, forvaltningslova, skulen sitt ordensreglement og tiltaksplan mot mobbing med fleire.

Elevatalet ved skulen auka frå 135 til 139 elevar ved nytt skuleår hausten 2014. Vi har ei flott elevgruppe å jobbe med, og godt samarbeid med heimane. Skulen opplev og godt samarbeid med helsesøster, barnevern, barne- og ungdomspsykiatrien (Bup), praktisk-pedagogisk teneste (Ppt), politi og andre samarbeidspartar.

Skulen har som mål å skape eit trygt og godt skulemiljø, der kvar enkelt elev får utvikle seg både fagleg og sosialt i eit tilpassa og motiverande læringsmiljø. Alt fagleg og sosialt arbeid med elevane skal gjerast med skulen sin visjon som rettesnor: Sjå, omfamne og utfordre!

Økonomi 2014

Avvik:	Kommentar til avvik:
-1 600 000	- Frå 01.08. til 13.10. var skulen utan inspektør. Innsparing: ca. 120 000 kr - Frå 13.10. til 10.11. var ein av klassane utan kontaktlærer på grunn av nyttilsetting av rektor. Innsparing: ca. 30 000 kr - Reduksjon i administrasjonsressursen frå 01.08. frå 250 % til 225 %. Innsparing i høve budsjett (halvårsverknad): ca. 60 000-70 000 kr. - Slå saman to klassar i fysisk aktivitet (halvårsverknad): ca. 12 500 kr - Vi har hatt 4 tilsette i vikariat, og 3 av desse er unge eller har av andre

	grunnar relativt låg grunnlønn. Dette har slått ut positivt i høve budsjettet. Innsparing: ca. 60 000-70 000 kr. - Skulefrukta blei tatt vekk frå mai-14. Innsparing: ca 26 000 kr - På grunn av sjukefråvær har det vore vanskeleg å få tak i eksterne vikarar. Det har vore utfordrande å setje inn vikar i alle timar. Innsparing: ca. 100 000 kr - Årets pensjonspremieavvik fører til eit mindreforbruk på ca. 145 000 kr. - Nytt telefonsystem haust-14, billegare i bruk. Innsparing i høve budsjett: 11 500 kr. - Mild vinter 2014 førte til mindre straumforbruk. Innsparing ca. 60 000 kr.
--	---

Personalsituasjon

Frå oppstart 2014 blei ressursen for ikt-ansvarleg ved skulen redusert frå 16 % til 12 %. Bakgrunnen for dette var økonomiske innstramingar, og ein såg føre seg at dette var ei mogeleg løysing på grunn av utstrakt samarbeidet med SYS-ikt.

I løpet av våren vart det gjort vedtak om å redusere administrasjonsressursen ved skulen, frå 250 % til 225 % . Denne reduksjonen trådde i kraft frå og med 01.08.2014.

Skulen fekk i løpet av hausten ny rektor og dette har mellom anna ført til at skulen har vore utan full administrasjon frå august til medio oktober. Ein av orsakane til at administrasjonen ikkje var full frå nytt skuleår var at Utdanningsforbundet med fleire hadde streik ved skulestart. Med ei redusert leing og administrasjon vart det ein utfordrande start på hausten.

Ei anna utfordring hausten 2014 er at det har vore stort sjukefråvær. Det har vore fleire sjukmeldingar og det har vore utfordrande å ha tilgang på tilstrekkeleg med vikarar. Dette har ført til at skulen har gjort prioriteringar og organisert kvardagen ut frå ressursane som har vore tilgjengeleg. Sjukefråværet er delt inn 3 ulike kategoriar lærarar(Skei skule), leing og administrasjon og SFO. For lærarane er fråværet på 6,27 % der korttidsfråværet er på 1, 57 % og langtidsfråværet er på 4,7 %. For leing og administrasjon er det samla fråværet på 5,1 %, der korttidsfråværet er på 1,45 % og langtidsfråværet er på 3, 65 %. Hos den siste gruppa som er SFO er fråværet på 14,3 % der korttidsfråværet er på 0,85 % og langtidsfråværet er på 13,45 %. Sjukefråværet er i stor grad på grunn av skader og planlagde operasjonar.


Måloppnåing

Hovudmål i utviklingsplanen:	Delmål:	Status:
Vurdering	a) Oppdatere rutinar for fagleg kartlegging b) Felles mal for omfang og innhald i vurderinga, både undervegsvurd. og sluttvurd. c) Auke elevmedverknad i vurderinga	a) Skulen har mal og rutinar for kartleggingsverktøy ved behov. b) Skulen jobbar med vurdering inneverande skuleår, og skal halde fram til hausten. c) I arbeidet med vurdering skal ein auke elevmedverknad.
Tilpassa opplæring	a)Skulering i læringsstrategiar b) Bli betre på fagleg overføring mellom overgang barne- , mellom- og ungdomsteg c) Kurs i ped.programvare (ikt)	a) Skulen har jobba med læringsstrategiar, både eksterne og interne kurs, ulike arbeidsmåtar er implementert. b) Skulen har faste overføringsmøter mellom stega etter nasjonale prøver, og elles ved overgang til nytt skuleår. c) Skulen har hatt ein del kurs (m.a. CD-ord, Relemo),

Kvalitetsutvikling s-system (intern kontroll)	a) Lage gode rutinar for å handtere uønska elevåtfærd (felles konsekvens, varslings, avvskjema, enkeltvedtak) b) Bætr rutinar på info. og oppfølging HMS-arbeid	a) Skulen har etter kvart gode rutinar på opplærings og repetisjon av rutinar og oppfølging ved uønska elevåtfærd. Dette må jobbast med kontinuerlig. b) Skulen har blitt bætr på HMS-rutinar og info. Jobbar framleis med å bli endå bætr. Dette må jobbast med og repeterast årleg.
Klasseleiing	a) Jobbe vidare med prosjektet «Ungdomsteg i utvikling». b) Repetere og implementere det vi har lært om klasseleiing c) Avslutte samarbeid med høgskulen.	a) I februar blei Skei skule invitert til Utdanningsdirektoratet i Oslo for å fortelje om pilotprosjektet vi har vore med på (Ungdomsteg i utvikling). b) Skulen opplev å ha lært mykje gjennom utviklingsprosjektet, vi har repetert det vi har lært, evaluert, mykje er implementert. c) Har ikkje avslutta samarbeidet med høgskulen.
IKT	a) Auke generell fagkomp. ikt b) Implementere ikt-planen	a) Tilsette får kompetanseheving gjennom interne kurs på fagdagar og informasjonsmøter. b) Ikt-planen er teken skikkeleg i bruk først skuleåret 2014-2015.

Vassenden skule (211)

Organisering



Stillingsstorleikar kan variere noko gjennom året. Bl.a. på grunn av endringar i elevgruppa, tilrådingar (spesialpedagogikk). Nokre stillingar ligg ikkje i budsjett. Årsaka er at enkelte pedagog- og assistentstillingar er knytt til oppdrag for andre kommunar.

Tenester og oppgåver

Det er til saman 51 fast tilsette ved skulen. I tillegg er det 5 vikarar i langtidsvikariat. Snittalder er omlag 41,5 år, og 42,5 år for pedagogisk personell. Omlag 80% av dei tilsette er kvinner. Leiargruppa ved skulen er sett saman av tre hovudstegleiarar, leiar SFO, konsulent, inspektør og rektor. Pedagogane si arbeidstid på arbeidsstaden er på 32 t/v (lokal arbeidstidsavtale). Det er samarbeidsmøte kvar veke i klasseteam, administrasjon, leiargruppa, hovudsteg, spes.ped. team, SFO og PALS- team. Tillitsvald, verneombod og rektor har medraderettsmøte kvar månad.

Vassenden skule auka frå 2 til 6 fagutviklings- dagar hausten 2014. Samtidig endra vi skulestart til kl. 08.50, 10 min tidlegare. Dagane sluttar som før kl14.30. Skulen hadde i snitt 300 elevar fordelt i 15 klassar i 2014. Det har vore månadlige endringar i elevtalet. Dette er stort sett grunna ordinær til- og fråflytting, og noko flytting til og frå asylmottaket og busetjing av flyktningar. SFO har opningstider som føl skuleåret, med ferieopning 6 veker i året. Tilsynsordning på 6 fagutviklingsdagar og leksehjelptilbod for 4.-7. klasse er organisert under SFO. SFO hadde i snitt 65 brukarar i 2014. SFO opnar kl 07.00., og har ope til 16.45 kvar dag.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
VS - 211:	211 Vassenden skule vart drifta med eit underskot på 209 998 kr i 2014. Ut frå

-209 998 kr	rekneskapstala er drifta i balanse både på 20200, 21500 og 22200, med eit samla overskot på 23 820 kr. Årets pensjonspremieavvik og amortisering, er saman med tidlegare års premieavvik årsaka til underskotet.
Skule 20200: +34 889 kr	Kommenterarar: a) Skulen har høge vikarutgifter(2,2 mill). Dette er noko lågare enn i 2013. Utgiftene er for det meste langtidsvikariat pga. permisjonar (fødsel, velferd) b) Skulen har relativt høge refusjonsgodtgjersle (fødsel, refusjon frå andre kommunar, asyl) c) Skulen har nytta 120 000 kr av bundne fond i 2014. Dette må sjåast opp mot overforbruk på ein del kontoar til drift (materiell skule). d) KLP(andre tilsette): Utrekningsnøklar nytta i budsjett. Underbudsjettet med totalt 424 000 kr. e) SPK (pedagogar) : Utrekningsnøklar nytta i budsjett. Overbudsjettet med totalt 201 000 kr. f) Energikostnadene vart 43 000 kroner høgare enn budsjettet. Kommunale avgifter hadde overforbruk på 70 000 kr. g) 246 000 meir i brukarbetaling til SFO enn budsjettet. Tilsvarende ekstrakostnad på løn. SFO i balanse.
SFO 21500: -1 698 kr	
Bygg 22200: -9 371 kr	

Personellsituasjon

I 2014 vart det tilsett lærarar og assistentar i faste stillingar grunna avgang og oppseiing. Det vart også tilsett i nokre vikariat grunna svangerskaps- og velferdspermisjonar. Skulen hadde høgt søkartal med kvalifiserte søkjarar på dei ledige stillingane. For å få fast stilling sette skulen som krav at søkar skal vere utdanna allmennlærar/grunnskulelærar. Skulen har samla sett godt kvalifisert personell med god fagleg breidde og relativt låg snittalder. I rekrutteringsarbeid er det faga norsk, engelsk og spesialpedagogikk som har hovudprioritet. Men det har òg vore behov for å rekruttere kompetanse innan naturfag, tysk/spansk, vurdering, musikk, kunst- og handverk og kroppsøving. Det har vore naudsynt å bruke noko ufaglært personell for å dekke inn delar av vikarbehov.

På kommunale sjukefråværsføringar har skulen eit sjukefråvær på 4,01% Statistikken syner at skulen har høgast sjukefråvær i reinhald- og assistentgruppa, der også langtidsfråværet med sjukemeldt fråvær er høgast. I pedagoggruppa er hovudvekt av fråvær korttidsfråvær. Leiargruppa og administrasjon har svært lågt sjukefråvær. Langtidssjukemeldingar vert følgt opp systematisk etter IA- avtalen. På grunn av lågt alderssnitt i personalgruppa vert det mange fråværsdagar på grunn av at tilsette må er heime med sjuke barn.

Sidan august 2014 har leiinga laga *månadsstatus* som vert delt ut til alle tilsette. Leiinga nyttar dette som informasjonssystem til dei tilsette, der det vert informert om bla. nyhende, utfordringar, representasjon, satsingar, endringar, påminningar m.m. Det vert òg informert om personal- og arbeidsmiljøtiltak siste månad, samt om fokusområde frå utviklingsplan som vert arbeidd med i aktuelle periode. Tilsette har gitt positive tilbakemeldingar på å få månadsstatusen, som er ein idè skulen har tilpassa ut i frå ordningar brukt i privat næringsliv. I månadsstatusen har leiinga, som finn det viktig at tilsette har god kjennskap til fleire sider av drifta, valt å også gi ut informasjon om sjukefråvær- og permisjonsprosent. Skulen nyttar egne føringar av fråvær, der både langtids- , og korttidssjukefråvær vert samla med eigenmeldingar og fråvær pga. sjukt barn. Sjå tabell nedanfor som syner hausten 2014.

	August	September	Oktober	November	Desember
Sjukdom	2,1 %	7,36%	4,19%	6,73 %	10,91 %
Permisjon	1,7 %	3,68%	1,59%	2,28%	1,27 %

I 2014 prioriterte skulen å auke kompetansen til leiinga, verneombod og tillitsvald på IA- arbeid. Skulen var på vårparten godt representert på Arbeidslivssenteret sine IA-, og temakurs. Ved oppstart av skuleåret i august blei kommunen sin kontaktperson ved Arbeidslivssenteret invitert for å snakke for ei samla personalgruppe. Tilsette uttrykkjer at dei opplever skulen som ein god og triveleg arbeidsplass. I utviklingsarbeid syner arbeidsstokken stor vilje til å evaluere og justere eigenpraksis. Tilsette ved Vassenden skule likar å prøve ut nye ting og gjere eigne erfaringar. Dette er ein positiv eigenskap i eit kollegium ved ein skule. Skuleverket er i rask endring, og krevjar at tilsette er endringsvillige.

I januar 2014 starta skulen opp med samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane kring den nasjonale ungdomsskulesatsinga. Vassenden skule hadde *lesing i alle fag* som utviklingsområde. Sjølv om det var ei ungdomsskulesatsing bestemte skulen å prioritere at alle lærarane skulle delta i satsinga. Samarbeidet med høgskulen vart avslutta januar 2015. Skulen har nytta satsingsmidlar til prosjektet til å dekke kostnader til ein ressurslærer. Ressurslærer og rektor har delteke på fleire læringssamlingar med UDIR. Vassenden skule har òg ein lærar på vidareutdanning under den statlige ordninga *kompetanse for kvalitet* detteskuleåret. Leiar ved SFO byrja hausten på KS si opplæring i grunnkompetanse for leiarar for kommunale tenester.

Høgskulen har skuleåret 14/15 eit pågåande forskingsprosjekt kalla ASK- *Active Smarter Kids*. Alle fylkets 5. klassesteg er med i forskingsprosjektet, der 50% skal prøve ut ASK. Resterande skal vere kontrollgrupper. 5. klassesteget ved Vassenden skule vart plukka ut til å delta i ASK, der tre lærarar har fått opplæring i ASK-metoden av høgskulen.

Måloppnåing


Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Organisasjon	• Representert i kommunale prosjektgrupper • Ståstadsanalyse • Informasjonsflyt • Dagsplan og midtime • ASK i 5. kl.	• Under arbeid i årets utviklingsplan • Utsett til ny organisering i nytt bygg er utført. Analyse skal vere planverktøy for bruk i stabil organisasjon i 3-4 år framover. Innan den tid vil VS truleg vere omorganisert. • Starta opp med infoskjerm for tilsette, månadsstatus, bruk av kalender, nettsider. Aktiv bruk av SU, SMU, elevråd og samarbeid med elevråd. • Utført. Evaluert i februar 2015. • Starta opp, og vil vere under arbeid våren 2015.
PALS- ansvar, respekt, omsorg (skulemiljø)	• Evaluere, justere og vidareutvikle PALS • Individuelle støttesystem • Knyte PALS tettare til fagarbeid • Mobbeførebyggjande arbeid- «Bry deg!»	• Kontinuerlig arbeid igjennom året der det vert tatt omsyn til aktuelle behov undervegs i drifta. • Under arbeid i årets utviklingsplan • Under arbeid i årets utviklingsplan • Spesielt fokus på dette ved skulestart august. Gjennomførte bl.a. mobbesamtale med alle elevar i oktober.
Grunnleggjande ferdigheiter i alle fag	• Tilpassa opplæring • Alle er leselærarar • Lokale læreplanar	• Kontinuerlig. Aktiv bruk av arbeidsplanar, teamsamarbeid, organisering av ressursar. • Ungdomsskulesatsing i samarbeid med HIF. Utført. Vidareførast internt. • Under arbeid. Mål er ferdigstilling i

	• Kartlegging	juni, leggst i Fronter haust 2015. • Bl.a. utført lokale lesekartleggingar , bruk av nasjonale kartleggingsprøver og nasjonale prøver i 5. kl, 8. kl og 9. kl.
Uteområde og friminutt	• Fysisk aktivitet • Friminutt aktiv	• Skøytebane er bl.a. ferdigstilt, bruk av dugnad av tilsette og foreldre. Fysisk aktivitet minimum ½ time kvar dag for alle elevar i dagsstruktur. • Kontinuerlig under arbeid.

Merk: På eit budsjettår arbeider skulen etter to ulike utviklingsplanar. Utviklingsplanar følgjer skuleåret, og vert «kvittert ut» i juni. I måloppnåing ovanfor er det tatt utgangspunkt i måloppnåing i utviklingsplan for skuleåret 14/15.

Kulturskulen (250)

Organisering



Jølster kulturskule har ikkje eige bygg, men driv undervisning mellom anna på skulane i kommunen. Politisk er kulturskulen organisert under Utval for oppvekst, kultur og helse og administrativt organisert under kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Tenester og oppgåver

Til liks med åra før hadde kulturskulen mange ulike underholdningsoppdrag i og utanfor kommunen i 2014. Møte, jubileum, 17.mai, tilstellingar på kommunehuset, ulike arr. i grendehusa rundt om, eigne elevkonsertar, oppdrag på hotellet er blant desse. Vil spesielt få nemne Thon Hotel Jølster, som er den største arenaen for våre elevar med tanke på sceneerfaring. Her har vi oppdrag spreidd ut over heile året, noko som er både viktig og unikt for elevane våre.

Vi hadde også i 2014 samarbeid med mange, mellom anna Jølster bibliotek, Jølster jazzklubb, Vassenden skule, Skei skule og Jølster kulturforum/Den kulturelle skulesekken. Kulturskulen er medbyggjar i den lokale, kulturelle skulesekken, som kvart år gjennomfører brétur for 9.klassane.

Skuleåret 06/07 innførte kulturskulen tilbod om foreldresamtalar til alle elevar, og dette har vi hatt kvart år sidan.

Det er lovpålagt å ha kulturskuletilbod i alle kommunar. Det er utarbeidd ny rammeplan for kulturskulane, og del 1 av denne var på høyring i 2014, resten av dette arbeidet vert ferdigstilt i 2015. I tillegg er St.mld. 38 og 39 (2002-2003), St.mld. 30 (2003-2004), "Kunnskapsløftet" 2006, "Skapende læring", St.mld. 8 (2007-2008), samt "Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010" retningsgjevande.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
- 10.000,-	Det positive avviket skriv seg frå pensjonsskott, samt sjukelønsrefusjon.

Personellsituasjon

Vi har, og har hatt, ein svært stabil personellsituasjon. Dei siste 4 åra har dette også vore tilfelle på dans, som før har vore noko meir ustabilt. Det har vore lite bruk av tilfeldige vikarar gjennom året.

I 2014 har det vore ein fráværspersent på 8,34. Denne skriv seg fullt og heilt frå planlagde operasjonar hos 2 av dei tilsette på kulturskolen. Det er elles ingen fráværsdagar/eigenmeldingsdagar i heile 2014.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Utvikle kulturskolen som ressurscenter.	Ferdigstille handlingsplan. Samarbeide med foreldregruppe ved kulturskolen. Utvikle tilbod for born under skulealder. Starte ungdomskor.	Rammeplan for kulturskulane kjem dette året, så ein avventar både handlingsplan og etablering av foreldregruppe til rammeplan kjem. Manglar lærar til dette tilbodet. Starta opp hausten 2014
Promotere kulturskolen.	"Den plutselige scene", tilbod til ungdomsskuleelevar i Jølster som vil spele i band; samarbeid med Jølster bibliotek.	Deltakarliste. Drift/kommunalteknikk. arbeider med nøkkelboksformat.
Auke og deretter stabilisere elevtalet.	Arrangement, konsertar, egne rekrutteringskonsertar på skulane. Mål: 100 elevar.	GSI-statistikk. Deltakarliste. På Skei skule: april 2015. Målet er nådd.
Kompetanseheving	Delta på aktuelle kurs. Vidareutdanning. (Mastergrad i kulturleing, Norges Musikkhøgskole)	Skjer jamnleg. Del 1 gjennomført. Arbeid med mastergrad pågår.
Delta i samarbeidsprosjekt	Sitje i styringsgruppe for "Den kulturelle skulesekken", UKM. Samarbeid om nytt Hagleikson-spel.	Gjennomført Er i planleggingsfasen.
Ferdigstille Grushola som ute amfi	Finne nye pottar å søkje midlar frå. Etablere kontakt med landskapsarkitekt.	Pengar, i form av positivt søknadssvar, vil vere god nok måling av resultat.

Også i 2014 var kulturskolen stabil i forhold til. elevtal, årsverk og undervisningstimar, noko vi gler oss over. Talet på elevplassar nådde 139 hausten 2014. Sjølv om målet på 100+ er nådd vil vi følgje utviklinga nøye.

Hausten 2012 var det for første gong på mange år fleire elevar frå Vassenden enn frå Skei på kulturskolen, denne utviklinga har halde fram i 2013 og 2014, og hausten 2014 var det 18 elevplassar på Skei og 121 elevplassar på Vassenden.

Det er og mange elevar frå Jølster kulturskule som vel å gå på dramalinja, danselinja og musikklinja ved Firda vidaregåande skule. Det er eit mål for oss å informere våre elevar om kva vidaregåande. skular i fylket tilbyr av linjer innanfor kulturfaga.


«Den plutselige scene» er eit rockeverkstad som har samarbeidsløysing med biblioteket. Her kan elevane kome å øve på ferdig kopla PA – anlegg. Dette fungerer bra, men vert utvida då ein har fått på plass boks til levering av nøkkel. Leige av loftet på Samfunnshuset er kome i gang att og i 2014 var det eit band frå Vassenden som nytta dette som øvingslokale.

Tilbod til elevar med særskilde behov, kan setjast i gang att dersom ein får tilføring av midlar.

Jazzkveld og **Lydkurs** (lydteknikk/band). Begge deler er no ivareteke av «Jølster jazzklubb», noko vi er svært glade for.

Skei barnehage (270)

Organisering



Organisasjonskart pr. 15.08.14.

Tenester og oppgåver

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Styringsdokumenta er barnehagelova, rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver og diverse rundskriv. Ut frå desse dokumenta set vi opp årsplan, månadsplanar og planlegg det pedagogiske arbeidet i kvardagen

Skei barnehage har hatt tre avdelingar. Våren 2014 hadde barnehagen 2,5 avdelingar der Krambua var ei mellombels avdeling. Barna er fordelt etter alder det 3 – 5 åringane er plassert på Blåklokka, 2 – 3 åringane er plassert på Solsikke og dei minste på Krambua. Hausten 2014 tok barnehagen i bruk dei nye avdelingane i barnehagen, der ein tok i bruk den eine avdelinga. Det vart naturleg å organisere barnehagen på nytt når avdelingane vart klare. Dei eldste flytta til den nye avdelinga Skostjerne, dei mellomste blei flytta til Blåklokke og dei yngste tok til på Solsikke. Opningstida er 7.00 – 16.45

Mottoet i Skei barnehage er: « Gjer mot andre det du vil dei skal gjere mot deg.» Barnehagen skal vere ein god arena for lek, omsorg, læring og danning.

Påbygging av nye avdelingar har hatt stort fokus i 2014. Bygget er ferdigstilt, men det er nokre utfordringar på uteområdet som må betrast. Det vert arbeida med å retta opp dei feila som har oppstått på uteområdet.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-211 152	Underforbruket kjem i hovudsak frå årets pensjonspremieavvik. Det har vore større sjukefråvær i 2014 noko som har ført til at ein har brukt mindre lønsutgifter enn planlagt. Frå hausten 2014 vart det ei lita auke i tal plassar som vart nytta i barnehagen, men det vart først ved årsskifte den 3. avdelinga vart full. Det vart ikkje noko auke i tal tilsette sjølv om det vart noko auke. Barnegruppa vart organisert slik at ein kunne vidareføre bemanninga frå våren 2014.

Personellsituasjon

I januar 2014 hadde vi 940 % pluss reinhaldar 34 %. Våren 2014 var stillingane fordelt på 14 tilsette. Frå hausten 2014 var stillingane redusert til 900 % pluss reinhaldar 46 % fordelt på 12 personar. I tillegg har vi hatt styrkingsmidlar tilsvarande 100 % stilling gjennom heile året. Frå august kom alle avdelingane i same bygg og det forenkla ein del. Vi hadde utfordringar med å ha nok folk på avdelingane morgon og ettermiddag, særleg dei dagane det var to vaksne på ei avdeling. Sjukefråværet har vore på 9,6 %, av dette er 8,76 % langtids og svangerskaps relatert.

Personalet har arbeida vidare med opplæringspakka og tryggleikssirkelen COS som var tema på felles plandag for barnehagane. I byggjeperioden har mykje av plandagane gått med til å planlegge drift i byggjeperioden, påbygging, kjøp av inventar og opplæring av vikarar.

To assistentar har fullført teorien til fagbrevet gjennom året. Det vart arrangert to kursdagar i Florø med Kari Pape som var dei to siste av ei kompetanseheving for assistentar i barnehage. 3 assistentar deltok på denne samlinga. I tillegg har 2 pedagogar vore på kurset «Korleis skape eit språkstimulerande miljø for minoritetsspråklege barn». Styrar har mellom anna deltatt på styrarkonferansen våren 2014.


Det har vore arrangert 2 foreldremøte gjennom året. I mars var temaet «Nynorske barnebøker i barnehagen», risikovurdering frå foreldra sin ståstad og informasjon om framdrifta. Til hausten var det omvising på nybygget og informasjon avdelingsvis. Det er i tillegg gjennomført 2 foreldresamtalar pr. barn og det har vore 4 møter i samarbeidsutvalet.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Barna skal stå i sentrum	1. Barna skal føle seg trygg, få omsorg og ha vener. 2. Barna skal følgje utbyggingsprosessen av Skei barnehage 3. Barna skal gje glede og gode augneblikk, ved Skei bufellesskap, ein gong pr.mnd.	1. Vi observerer heile tida. 2. Utbyggingsprosessen har vi dokumentert gjennom bileter. 3. Sjukeheimen har vore besøkt stort sett ein gong pr. månad. Barna har likt det.
Den gode vaksenrolla	1. Vaksne skal vere bevisste på korleis dei samhandlar med barn og vaksne. 2. Vaksne skal gje tryggleik, nærleik, støtte og hjelp. 3. Vaksne skal legge til rette for aktivitetar så barna får utfordringar og opplev meistring.	1. og 2. Avdelingsmøta vert nytta til å snakke om korleis ein skal jobbe i barnegruppa. 3. Det meste av det som var planlagt på aktivitetsplanen er gjennomført.
Godt samarbeid	1. Alle skal tørre å seie i frå, utrykke egne ønsker og gje tilbakemelding. 2. Barn og vaksne skal vere positive og imøtekommande overfor kvarandre. 3. Utvikle skaparkrafta i den einkilde ved å vidareføre og bruke ulike måleteknikar i lag med barna. Oppdage estetiske fenomen i naturen.	Vi har eit godt samarbeid i personalgruppa, men mange nye vikarar er utfordrande. Personalet har klart å drifte barnehagen bra, det praktiske samarbeidet i samband med utbygginga har gått greitt. Barnegruppene har vore mykje på tur. Inventar og utstyr vart montert i veke 42. Medarbeidarsamtalar og brukar undersøking har vi ikkje fått hatt i 2014.

Langhaugane barnehage (271)

Organisering



Tenester og oppgåver

Pedagogisk tilrettelagt verksemd for barn under skuleplikt alder der dei viktigaste styringsdokument er barnehagelova med forskrifter, rammeplanen og Stortingsmeldingar, mellom anna Stortingsmelding 41, Kvalitet i barnehagen. Stortingsmelding 41 sikra mellom anna likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, styrke barnehagen som læringsarena og at barna skal delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Lokale føresettdar:

Bemanningsplanar for kommunale barnehagar og kompetanseplan for oppvekst og kultur.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-300 000,-	Årets pensjonsavvik er hovudårsaka til mindreforbruket.

Personellsituasjon

Barnehagen har 1 årsverk spesialpedagogisk styrkingsressurs som fast stilling på grunn av barnehagen sin storleik. Det meste av året har vi hatt 1,6 årsverk ekstra stilling på grunn av fleire barn med rettar etter § 5-7 Rett til spesialpedagogisk hjelp, og årsverk kjøpt av andre kommunar.

Barnehagen har kvalifisert personale i alle stillingar, barnehageåret 2014/2015 starta vi opp med same bemanning som avslutta barneahgeåret 2013/2014. Det er god personalsamansetning, vi har dei med lang fartstid, dei som har vore ein del år i arbeidslivet og unge arbeidstakarar, dette gjeld for alle typar stillingar og 1/3 del er menn. Vi har rekruttert gode vikarar dei siste åra.

Sjukefråværet er på 6.36 % der 3,59 % er korttidsfråvær og 2, 77 % er langtidsfråvær. Langtidsfråværet er planlagte operasjonar. Dette har vore kjent fråvær. Korttidsfråvær handlar om fysiske skader i personalet utanfor arbeidstid.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Barnet i sentrum	Halde fram arbeid med likestillingsprosjekt Jobbe inn nytt prosjekt: Mindre entreprenørskap Utvikle utfluktsplan, Kjennskap til eiga bygd	Har vi jobba med og delteke i prosjektet «Gutar som leike ressurs», mennene i barnehagen har deltke fast på fylkeskommunen si satsing på menn i barnehagen Vi har revidert Utfluktplan i samarbeid med foreldre, og lagt inn at vi skal gå på alle støyane i nærområdet
Godt samarbeid	Arbeid i modellkommuneprosjektet med alle barnehagane i Jølster Brukarundersøking i foreldregruppa Utvikle betre kommunikasjonsverktøy, kanskje eiga heimeside? Samarbeid med høgskulen, øvingsbarnehage	Interkommunal del av prosjektet er ferdig, internt har fagarbeidarane begynt å lese teori og starta på rettleiings økter Vi har ikkje gjennomført full brukarundersøking, men vi har fast evalueringsarbeid i foreldremøte kvart år, i år var tema medverknad Vi har teke i bruk eiga heimeside i mars 2014, http://langhaugane-barnehage.no/ Vi er fast øvingsbarnehage for 3 år av gongen, vi har teke imot 7 studentar i 2014. Tre tilsette har teke 15 st.p. i rettleiing.
Den gode vaksenrolla	Pedagogiske leiarar, jobbe vidare med modellkommuneprosjekt. Internkompetanseheving: «Egenledelse i lek» Assistentane har vore på kurs med Kari Pape, jobbe vidare med dette internt og få med fagarbeidarane	Alle pedagogane har byrja å lese teorien i prosjektet, slik at vi kan starte med ei ny rettleiingsrunde Har vi jobba med, informasjon er hengt opp i tørrgarderoben til ungane slik at foreldre kan lese, og vi kan ha lett tilgjengelig kva som kjenneteiknar kvar leikedugleik Assistentane har jobba med Kari Pape i Assistentmøte. Dei har valt ut overgang frileik/rydding/toalettbesøk og påkledning som område for utvikling. Dette er sake dei har teke ansvar for i avdelingsmøte både våren og hausten. 5 av assistentane ynskjer no å ta fagbrev.

Helse og omsorg felles (300)

Organisering

Kommunalsjef er ein av tre kommunalsjefar i rådmannen si leiargruppe og har ansvar for oppfølging, planlegging og utvikling av tenestene innan helse og omsorg. Helse og omsorg hadde 10 tenesteeiningar fram til oktober 2014. Det vart gjennomført ei omorganisering der tenesteeiningar vart samla under felles leiing frå oktober 2014.

Tenester og oppgåver

Lover og forskrifter, overordna og lokale planar og strategiar, avtalar og reformer dannar grunnlag for utvikling av tenestene. Sentralt er Samhandlingsreforma som vart innført frå 2012. Økonomiske råmer er med å legge premissar for iverksetting av tiltak.

Politiske organ i kommunen gjer vedtak om mål, strategiar og tiltak som dannar grunnlag for drift innan dei ulike fagområda. Kommunalsjef skal sikre oppfølging av vedtak fatta i utval for oppvekst, kultur og helse (OKH) som gjeld helse- og sosialsektoren. OKH har hatt 6 møter i 2014.

Brukarmedverknad vert ivaretatt gjennom Eldrerådet og Kommunalt råd for funksjonshemma. Råda er rådgjevande organ for kommunen og gir uttale til aktuelle saker som høyrer til råda sine ansvarsområde. Møteprotokoll frå råda sine møter er referatsak i kommunestyret. Kommunalsjef følgjer opp og er sekretær for råda.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre og kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Eldrerådet hadde 5 møter i 2014 og handsama 18 saker.

Kommunalt råd for funksjonshemma skal handsame saker som gjeld levekåra for folk med nedsett funksjonsevne. Rådet kan på eige initiativ ta opp saker. Kommunalt råd for funksjonshemma hadde 5 møter i 2014 og handsama 19 saker.

Hovudfokus for arbeidet i helse- og omsorgssektoren er framleis oppgåver knytt til innføring av Samhandlingsreforma. I tillegg har det vore jobba mykje med planlegging og gjennomføring av omorganiseringa som skjedde hausten 2014. Planlegginga av den vidare omorganiseringa i sektoren som skal skje hausten 2015, starta opp i 2014.

Helse og omsorg deltek i KS effektiviseringsnettverk. Gjennom denne deltakinga vil sektoren få betre innsikt i eigne tenester, betre grunnlag for mål, styring, leiing og avgjerd. Nettverket hadde første samling i mai 2014 og vil bli avslutta i oktober 2015. Det vert jobba ut ein tenesteanalyse for pleie og omsorg.

Jølster Frivilligsentral er plassert på dette budsjettområdet. Jølster Frivilligsentral har eit eige styre og har tilsett dagleg leiar som er ansvarleg for drifta av sentralen. Jølster kommune yter tilskot til Jølster Frivilligsentral.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
565 000	Helse og sosial felles
-24 000	Medfinansiering av spesialisthelsetenester, inkl. utskrivingsklare pasientar
58 000	Interkommunalt samarbeid

Rekneskapen syner eit meir forbruk på kr. 565 000 for 2014. Dette skuldast mellom anna auke i betaling for interkommunale samarbeid, deltaking i KS effektiviseringsnettverk. Kommunen si medfinansiering av

spesialisthelsetenester auka noko, til kr. 3, 470 mill. i 2014 frå kr. 3,358 mill. i 2013. Einingane har ytt ein stor innsats som har klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar. Medfinansiering for medisinsk behandling i spesialisthelsetenesta er betalt i tråd med dei utrekningane som Helsedirektoratet har gjort.

Helse og omsorg fellesområde har til saman kr. 353 000 i utgifter til kjøp av interkommunale tenester: Miljøretta helsevern, Smiso, overgrepsmottak, samt kommunen sin del av planlegginga av kommunal akutt døgneining (KAD). I tillegg kjem overføringar til krisesenteret som ligg til NAV og interkommunal legevakt som ligg til legetenesta.

Personellsituasjon

Ny organisering av helse og omsorg vart sett i verk hausten 2014. Tenesteeiningar er samla og tal tenesteleiarar er endra frå 10 til fem. Fem stillingar som tenesteleiarar er gjort om til arbeidsleiar eller fagleiar. Tenesteleiar og arbeidsleiar/fagleiar utgjør leiarteamet i tenesteeiningane.

Tenesteleiar ved heimetenesta Vassenden fekk permisjon i eitt år frå desember 2014. Det er tilsett vikar i stillinga.

Styret for Jølster Frivilligsentral har arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar ved sentralen.


Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Tilby innbyggjarane i Jølster kommune teneste av høg kvalitet etter gjeldande lovverk, lokale vedtak og i tråd med LEON-prinsippet - <i>lågaste effektive omsorgsnivå</i> .	- Sikre høg kvalitet i tenestetilbodet gjennom rett kompetanse på rett plass. - Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. - Sikre gjennomføring av politiske strategiar og vedtak.	Kontinuerleg fokus på god utnytting av kompetanse, fagutvikling, oppdatering og rekruttering. Deltaking i KS effektiviseringsnettverk Tema på leiarmøter, personalmøter, samhandlingsmøter internt og eksternt.
Organisere tenestetilbodet slik at det sikrar effektivitet og eit sterkt fagmiljø. Følgje opp «10 på topp».	- Ha fokus på fag, kvalitet og kompetanse. - Utvikle gode interne prosessar som sikrar involvering og god utnytting av ressursane på tvers av einingar. - Implementere samhandlingsreforma, med særskilt fokus på: - Rehabilitering / kvardagsrehabilitering - Folkehelse	Tema på leiarmøter i sektoren. Drøfta i leiarmøter, samhandlingsmøter, personalmøter, utsending av referat, epost. Hovudtillitsvalde representerer tilsette i prosessane – i arbeidsgrupper og prosjektgrupper. Samhandlingsreforma lokalt har hatt hovudfokus, utbygging ved Skei omsorgssenter og planarbeid for ombygging ved Vassenden omsorgssenter og utbygging ved Heimly bufellesskap. Personalprosess for å førebu omorganisering er starta. Samarbeid med Jølster Frivilligsentral er

	• Bygge omsorgsbustadar, rehabiliteringseining, korttidsplassar	godt innarbeidd. Tilbod om serviceskyss starta opp i 2014. Byggearbeidet har pågått heile 2014.
Jobbe fram eit arbeidsmiljø som fremjar rekruttering og at tilsette ønskjer å halde fram i tenesta.	• Ha fokus på rekruttering og kompetanse. • Ha fokus på eit arbeidsmiljø som er prega av respekt for den einskilde. • Sikre generell oppfølging av tenesteiningane.	Tema på leiarmøter, samhandlingsmøter. Vurdering av kompetansebehov og omgjerding av ledige stillingar. Stipend/tilskot gjennom Kompetanseløftet 2015 til kompetanseheving. Tema på personalmøter. Fokus på arbeidsmiljø i einingane. Det er gjennomført faste leiarmøter mellom tenesteleiarar og kommunalsjef. Det er gjennomført medarbeidersamtale med tenesteleiarane.
Implementere i organisasjonen ei felles haldning som sikrar god samhandling på tvers av einingar og sektorar, internt og eksternt.	• Administrativ forankring • Tverrfaglege team • Tverrfaglege og tverrsektorielle prosjekt • Styrke kompetanse	Spesielt fokus i einingane for å sikre rett og god nytte av personalet og deira kompetanse. Planlegging av ny organisasjonsstruktur gjennom heile året

Helsestasjon – Helseteneste asylmottak – Folkehelse (312)

Organisering



Tenester og oppgåver

Tenestene vert styrt av Lov om helse og omsorgstenester (2012) og Lov om folkehelse (2012). I det daglege arbeidet vert rettleiarar og forskrifter for Helsestasjons - og skulehelsetenesta (2003), Svangerskapsomsorga (2005), Psykisk helsearbeid for barn og unge (2007), Helsetilbod for asylsøkjjarar, flyktningar og familiegjennforente (2010) og ei rekkje andre veiledarar nytta.

Barnetalet i kommunen er stabilt med 33 nye jølstringar i 2014. Helsestasjonen har svangerskapsomsorg og oppfølging av born frå 0-20 år på helsestasjonen på Vassenden og på Skei. Tryggleik i samband med vaksinerer gjer at dei fleste konsultasjonane vert utført på Skei nær legekantoret. Helsestasjonen har også oppfølging på begge skulane og den vidaregåande skulen (fram til våren 2014) med samtaler og undervisning.

Sjukepleiar ved asylmottaket har smittevern og helseoppfølging av alle bebuarane på mottakssenteret i samarbeid med kommunelege og personalet ved mottaket.

Folkehelsekoordinator er sentral i arbeidet med å implementere folkehelseleva i kommunen. Lovverket vektlegg førebygging, noko som må inn i alle delar av organisasjonen og bli ein sjølvstendig faktor i all planlegging framover.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-87 000	Eit underforbruk på 87 000 kr.

Personellsituasjon

Personellsituasjonen ved helsestasjonen har vore stabil.

Måloppnåing


Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Implementering av helse- og omsorgslovgeving (2012) i verksemda, folkehelselov (2012), samt følgje opp samhandlingsreforma si satsing på førebyggjande helsearbeid. Implementere folkehelse på alle nivå i kommunen sin organisasjon og elles i lokalsamfunnet.	Avklare folkehelsekoordinator sin plass i organisasjonen. Sikre at folkehelseperspektivet vert med i planarbeidet i kommunen. .	Dette er arbeid som tek tid og syner lite igjen på kort sikt. Folkehelselova krev at kommunen får eit auka fokus på førebygging. Folkehelsekoordinator er organisert under helsestasjonen.
Førebygge medfødde og tileigna sjukdomar, samt skader og ulykker hjå born og unge. Fremje born si fysiske, psykiske og sosiale helse. Oppnå status: «Ammekyndig helsestasjon»	Oppretthalde tenestetilbodet i svangerskapsomsorga, helsestasjonen og skulehelsetenesta, samt helsestasjon for ungdom. Auke fokus på born og ungdom si psykiske helse. Auke fokus på overvekt hos born og unge. Fullføre arbeidet med ammekyndig helsestasjon.	Tenestetilbodet innan området har gått som planlagt. Psykiatrisk sjukepleiar og helsesøster har undervisning og samtaler med born og ungdom på skulane, noko vi ser gjev god effekt. Her er det mykje å følgje opp både når det gjeld psykisk helse og overvektsproblematikk. Vi ser at det trengs meir ressursar, kompetanse og samarbeid både tverrfagleg og med heim-skule. «Helsestasjon for ungdom» vart nedlagt då MOJO vart flytta til Førde (haust 2014). Det er likevel oppretthalde eit helsetenestetilbod for unge i Jølster gjennom Skulehelsetenesta, og informasjon på Jølster si heimeside til ungdom i Jølster som ikkje går på skule. Helsestasjonen og fysioterapitenesta har utarbeidd prosedyrar for oppfølging av overvekt hos barn og unge. Arbeidet med å bli ammekyndig helsestasjon er ikkje fullført.
Sikre nødvendig somatisk og psykisk helsehjelp til asylsøkjjarar og flyktningar.	Raskt gjennomført førstegongsundersøking av asylsøkjjarane, med påfølgande tilbod om tilpassa helsetilbod. Gjennomføre smittevernarbeid for asylsøkjjarane og tilby vaksinerings til barn og unge. Tilby helsestasjons – og barnevaksinasjonsprogrammet til borna. Gje helseopplysning og grupperetta tiltak i samarbeid med leiinga ved asylmottaket. Førebygge	Dette arbeidet er eit samarbeid mellom helsestasjon, kommunelege, skule og leiinga ved asylmottaket. Stort sett vert førstegongsundersøkinga utført innan rimeleg tid, men ofte bruker ein mykje tid på den enkelte grunna språkproblem. Auka tal asylantar gjer at det vert mindre tid til å ta del i individuelle og grupperetta tiltak på mottaket. Det har ikkje vorte gjennomført planlagt og organisert undervisning frå helsestasjonen til innvandarkvinner med tema førebygging av uønska svangerskap

	uønska svangerskap og abort hos Innvandarkvinner.	og abort. Ein gjev individuell rettleiing når tema kjem opp i konsultasjonar på helsestasjonen.
--	---	---

Frå den 04.11.13 vart helsestasjonen fullbemanna i dei stillingsressursane som er tildelt. Personalet har vore stabilt og utan sjukmelding. Tenestetilbodet har difor vore oppretthalde og i tråd med rettleiarar og lovverk. Det har vore jobba godt tverrfagleg med barnevernstenesta og fysioterapitenesta. Helsestasjonen har hatt fokus på trivsel og arbeidsmiljø i gruppa. Gjennom faste treffpunkt kvar måndag på helsestasjonen gir dei tilsette fellesskap trass mykje jobbing åleine. Arbeidet med ombygging av helsestasjonen starta før jul. Helsestasjonen har fått fleire kontor og god plass til møterom/venterom/opphaldsrom for foreldre og barn.

Fysioterapitenesta (313)

Organisering



Tenester og oppgåver

Fysioterapitenesta er samlokalisert med helsestasjon, legeteneste og NAV på kommunehuset. Dette legg eit godt grunnlag for lovfesta tverrfagleg samarbeid mellom helsetenestene

- LOV 2011-06-24 nr 30: Lom om kommunale helse og omsorgstenester m.m.
- LOV 2011-06-24 nr.29: Lov om folkehelsearbeid
- FOR 2011-12-16 nr.1256: Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan
- Nasjonale mål og prioriteringar 2014

Kurativ teneste:

Gjennom året har fysioterapitenesta klart å holde frist på 1.prioritet i ventelista. Tenesta prøver å halde fokus på gruppetrening, oppfølging til eigatrening og på folkehelse. Systematisk og tett samarbeid med legetenesta gjev positiv effekt og aukar kvalitet og kompetanse i helsetenesta.

Rehabilitering:

Det tverrfaglege rehabiliteringsarbeidet er like utfordrande og tidkrevjandesom tidlegare år. Tenesta er aktive i prosessen fram til etablering av rehabiliteringsavdeling som vil gjere det mogeleg å gjennomføre tverrfaglege rehabiliteringsprosessar på system og individ nivå.

Hjelpemiddelformidling:

Samarbeidsavtalen mellom NAV HMS og Jølster Kommune fordeler ansvarsforhold. Det vert jobba systematisk i formidlingsarbeidet slik at brukarane får dei hjelpemiddel dei treng når dei treng det. Formidlingsarbeidet er tidkrevjande, kartlegging, utprøving, oppfølging og opplæring hjå brukar/hjelpar. Tilrettelegging og universal utforming er ein viktig del av rehabiliteringsarbeidet. Den kommunale bustadrådgevingssgruppa gjennomfører kartlegging i ombyggingssaker, gir råd og rettleiing til innbyggjarane ved behov. Rutinar og samarbeid om hjelpemiddelformidling fungerer tilfredsstillande. Tal frå 2014 viser: 389 aktive brukarar, 23 nye brukarar gjennom året, 441 utleverte hjelpemiddel. Samla verdi ca.kr.2.000.000,-.

Helsestasjon/skulehelseteneste:

Vurdering og oppfølging av enkelttiltak etter tilvising frå lege, helsesøster, jordmor eller skule/barnehage. Tilbod om vurdering av barn/unge er eit lågterskeltilbod og har høg prioritet i ventelistesystemet. Omfang av tilmelding er om lag som i 2013. Det er ein jamn auke i saker med samansette problemstillingar. Det har gjennom året vore tiltak i fire barnehagar og begge grunnskulane. Oppfølging av barn og unge er tidkrevjande og krev tett samarbeid med skule/barnehage, foreldre og andre relevante utredningsinstansar. Det er trong for tenlege lokale ved skulane til vurdering og oppfølging av tiltak.

Førebyggjande og helsefremjande arbeid:

Gruppetrening og bassengtrening som tidlegare. Underviser saman med jordmor på foreldreførebuande kurs. Undervisning i valfag fysisk aktivitet og helse.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-90 000	Innsparingsfokus i tenesta gjennom året og fysioterapeut i vikarstilling med lågare løn enn i budsjett

Personellsituasjon

Tenesta har minimumsbemanning og vert sårbar ved vakansar. Høgt arbeidstempo og effektiv arbeidsfordeling mellom terapeutane gjev god ressursutnytting. Det er behov for ergoterapeut i tenesta for å heve kompetansen innan rehabiliteringsarbeid.


Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
1.Utvikle tenesta i tråd med nasjonale føringar og lokale behov	1.1:Vidareutvikle innarbeidde interne og tverrfaglege rutinar 1.2:Vere pådrivar for prioriterte satsingsområder innan re-/habilitering og førebyggjande helsearbeid. 1.3:Delta i prosjektarbeid innan heimerehabilitering, etablere tverrfagleg innsatsteam	Evaluering i tiltaksplan i avd. Deltaking i arbeidsgruppe Ikkje operativ prosjektgruppe i 2014
2.Følgje kommunen sine budsjett og råmer for drift av tenesta. Samordne økonomiplan, verksemdsplan og Kommuneplan-samfunnsdelen(2013-25)	2.1:Organisere og utvikle avdelinga i tråd med Jølster Kommune si verdiplattform og kvalitetssystem 2.2:Vidareutvikle tenesta i tråd med vedtekne planer 2.3:Finne rasjonelle driftsformer to tilbod som samstundes sikrar høg kvalitet. Opprette gruppebaserte tilbod til prioriterte pasientgrupper. Vidareføre gruppetilbod innan reumatologi, nevrologi og bassengtrening	Kvalitetssystemet, generell og spesiell del. Interne styringsverktøy i avd.
3.Sikre koordinering og	3.1:Vere deltakande i det	Statusrapport ved utgangen av året

flyt av tenester etter intensjonane i lov og forskrift	vidare arbeidet i Koordinerende Eining og Individuell Plan 3.2: Vere deltakande i utarbeiding av koordinerte tenester til barn/unge	Statistikk IP
4. Sikre brukarmedverknad og brukarstyring	4.1: Sikre brukarmedverknad gjennom motiverande samtale 4.1: Oppdatere og vidareutvikle nettsider	
5. Langsiktig kompetansestrategi	5.1 Følgje opp kompetanse 5.2 Plan for internundervisning på avdeling og tverrfagleg innan område førebygging og helsefremjande arbeid og rehabilitering/habilitering	Kompetanseplan innan prioriterte områder.

Legetenesta (320)

Organisering



Kommuneoverlegen har hatt det økonomiske, administrative og medisinsk faglege ansvaret for legetenesta.

To legar har jobba i 100% stilling. Ein lege har jobba i 64% stilling.

Vikar har vore tilsett heile året grunna vidareutdanning hjå to av dei faste legane.

Kommunen har hatt tilsett turnuslege i 100% stilling i heile 2014.

Hjelpepersonell har vore tilsett i 2,7 stilling, fordelt på 4 tilsette.

Helsetenestene i Jølster gjekk gjennom ein omorganiseringsprosess i 2014. Dette medførte at kommuneoverlegen tok over som tenesteleiar også for helsestasjons- og fysioterapitenesta. Dette medførte ei stillingsauke frå 40% til 50%, samt auke i hjelpepersonellressurs frå 2,7 til 2,8 årsverk.

Tenester og oppgåver

Legetenesta syter for allmennlegeteneste, herunder fastlegeordning og legevakt. Vidare oppgåver er offentlig helsearbeid som tilsynsfunksjon ved sjukeheimar og helsestasjon, samt førebyggjande helse, smittevern, medisinsk rådgjeving overfor andre tenester osv.

Legetenesta har utført 1. gongsundersøking av bebuarar ved Jølster Asylmottak, og elles fastlegeverksemd for den same pasientgruppa.

Legeskontoret har hatt legevakt på dagtid. På kveld/helg/høgtid har Jølster Kommune delteke i det interkommunale legevaktsamarbeidet SYS-IKL. Dette har fungert godt i 2014. Mykje arbeid har vore lagt i vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet, mellom anna med tanke på styrking av legevaktstilbodet, drift av legevaktsentral, etablering av overgrepsmottak og oppretting av kommunale akuttsenger. Dette arbeidet blir vidareført i 2015, med plan om oppstart av kommunale ØH-døgnsenger og legevaktsentral frå 01.01.16.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
- 406 642	Underskot av fleire årsaker, sjå tekstdel

Legetenesta gjekk 406642,- kroner i underskot i høve til budsjettet i 2014, dvs eit negativt avvik på ca 10,6%. Underskotet har fleire årsaker;

- Omorganisering med auka kostnader til løn/sosiale utgifter
- Rekneskapsteknisk; inntekter for 2014 kjem inn først i 2015
- Investeringar i naudsynt utstyr/inventar
- Auka kostnader i samband med vikar/ekstra personell
- Auka kostnader til Norsk Pasientskadeerstatning

Ein stor kostnad for tenesta (ca 360 000,- kroner) er at ca 1/3 av innbyggjarane i Jølster har fastlege i annan kommune.

Personellsituasjon

Legebemanninga har vore stabil i 2014, og dette har sikra god kvalitet og kontinuitet både i kurativ verksemd og allmennmedisinsk offentleg arbeid.

Mykje offentleg helsearbeid vert framleis utført av turnuslegen, og det er eit mål at dette i framtida kan ivaretaast av fast tilsette legar.

Hjelpepersonellsituasjonen har vore svært stabil, men også denne ressursen kunne med fordel ha vore styrka.

Sjukefråveret var på låge 1,93% innan legetenesta i 2014.


Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Vidareføre det medisinske arbeidet på eit høgt kvalitativt nivå.	Vere ein god og aktiv støttespelar for dei andre einingane i kommunen.	Det blir levert tenester med god kvalitet.
Vere eit godt lågterskeltilbod for alle innbyggjarane i Jølster kommune.	Halde budsjetttråma. Auke talet listepasientar ved Jølster legekontor.	Det er korte ventelister hjå lege og det er god kapasitet i tenesta. Tverrfagleg samarbeid er prioritert og fungerer bra. Underskot i 2014. Årsaker er kartlagt og det er laga plan for korreksjon i 2015. Auke i pasienttalet i 2014.

Legetenesta oppnår i hovudsak både hovud- og delmål. Det vart underskot på budsjettet, årsaker er kartlagt og det er laga plan for korreksjon av dette i 2015.

Psykisk helsevern (340)

Organisering



Tenester og oppgåver

Tenestene består av ambulant teneste, aktivitetssenter og to døgnbemanna bustader. 11,14 årsverk fordelt på 19 tilsette. Det har vore kontakt med 41 brukarar. Av desse har 11 også utfordringar med rusproblem. Tal brukarar av tenesta er stabil med noko utskifting. Kvar medarbeidar følgjer opp sine brukarar i samarbeid med annan tilsett. ROP-retningslinjene set føringar for arbeidet retta mot menneske med rus og psykisk lidning. Ein samarbeider med fastlegar, NAV, Helse Førde, heimesjukepleien, Bergensklinikkane og bedrifter med arbeidsretta aktivitet. Det er auke i etterspurnad av tenestene. Lågterskeltilbod nyttast ved behov. Tenesta yter krisearbeid med tett oppfølging i periodar. Tal brukarar frå asylmottaket aukar.

Ein nytta tilskot på kr. 280 000,- til kommunalt rusarbeid for å styrke arbeidet kring pasientar med ROP-lidingar. Prosjektmidlar frå 2014 og tidlegare år har medverka til styrking av det tverrfaglege samarbeidet internt og eksternt. Tenesta prøvar fortsatt å gje denne brukargruppa nødvendig helsehjelp utover styrkinga av tilskotsmidlar innafor dei 1,5 årsverka ein har totalt i ambulant teneste.

Dagsenteret har opningstid tre dagar i veka. Tal brukarar varierte gjennom året frå 6-11. Dagsenteret vert også nytta som lågterskeltilbod andre dagar med mellom anna lunsjtilbod.

Ved bustader psykisk helsevern vart bemanninga redusert med 1,6 årsverk på dagtid frå 29. september. Nattevakta har hatt ansvaret for 10 bustadar og samarbeidet med heimetenesta vart ytterlegare styrka. Tenesta har to enkelttiltak for ressurskrevjande brukar i døgnbemanna bustad.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-368 825	Innsparingar skuldast for det meste at ein har leigt inn på kortvakter eller unnlåte å leige inn ved sjukefråvære, i tråd med vedtekne innsparingstiltak. Mindre vikarbruk enn budsjetttert og det er nytta fondsavsette midlar. Innsparingar stort sett i ambulant teneste, medan det har vore forseinka innsparingstiltak ved bustadane, noko som har kosta ein del ekstra.

Personellsituasjon

Sjukefråværstal: Dagsenter psykiatri:14,93 %. Bustader psykisk helsevern:12,36 %. Ambulant teneste:16,17%.

Tre tilsette har hatt permisjon frå stillinga si. Det har vore nytta mykje ufaglærte vikarar ved fråvær av fagpersonell. Fleire utan fagutdanning har opparbeidd seg rettar etter fireårs-regelen.

Personalgruppa har vore stabil. I haust var det på plass sjukepleiarvikar ved bustadane som også har vore nytta i den ambulante tenesta. Det er stor interesse for ekstravakter ved bustadane og i tenesta elles, men mangel på tilkallingsvakter med fagkompetanse. Tenesta har hatt fast tilsett vikarsjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid og rettleiing. Personalgruppa strekkjer seg langt for å imøtekomme brukarane sine behov for tenester. Dei er svært fleksible og har hatt akutte utrykkingar ved uventa og akutte hendingar, kveld og helg.

Frå 01.10.15 vart tenesta inkludert i heimetenestene på Vassenden med felles tenesteleiar og tenesteleiar for psykisk helsevern fekk ny rolle som arbeidsleiar med 50 % administrasjon ved psykisk helsevern og 50 % administrasjon ved heimetenesta.


Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk med tilstrekkeleg kvalifiserte personalressursar	Tilsette kjenner lovar, krav og planar og sikrar forsvarleg drift. Gode konkrete vedtak, med informasjon om tenesta. Behalde og rekruttere kvalifisert personell.	Forsvarleg drift innafor tilgjengelege ressursar. Kvalitetsutviklingssystemet vidare utvikla i samarbeid med omsorgssenteret. Ekstern rettleiing for to sjukepleiarar ved psykiatrisk klinikk. Tilsette ved bustader vart rettleia av Helse Førde sitt OP-team. Sjukepleiar med rettleiarkompetanse gav rettleiing til tilsette ved asylmottak og internt. Pasientar med lågterskeltilbod har ikkje vedtak. Det er utarbeidd kriseplanar for brukarar med tunge problemstillingar. Auka samarbeid med pårørande. Kommunen fekk tildelt tilskot til kommunalt rusarbeid på kr. 280 000,- og har styrka personalressursen kring ROP-pasientane. Mange brukarar krev koordinerte tenester og arbeid i ansvarsgrupper. Det er større behov for bustadsosialt arbeid enn det tenesta klarar å innfri. Samarbeid med KIF og fengsel ved behov. Det har ikkje vore høve til å starte opp med KID-kurs som førebyggjande gruppeterapi

		grunna knapt med ressursar. Stabil personalgruppe.
Godt arbeidsmiljø i tilfredsstillande lokale.	Faste personalmøter med heile tenesta og den enkelte avdeling. Medarbeidarsamtaler Følgje opp IA-avtalen God intern kommunikasjon	Det var faste rullerande personalmøter både enkeltvis for bustader, ambulant teneste, og i fellesskap. Det vart ikkje tid til medarbeidarsamtaler. Nokre langtidssjukemeldingar. God oppfølging av sjukemeldte. Tilfredsstillande kontorarbeidsplassar. Betra arbeidsmiljø. «Køyrereglar» for tenesta vart tatt i bruk.
Tett samarbeid med NAV	Månadlege samarbeidsmøter	NAV har koordinatorrolla for LAR-pasientar og kallar inn til ansvarsgruppemøter samt skriv referat. Det er tett samarbeid særleg kring pasientar med omfattande rusrelaterte problem. Frå slutten av året vart faste månadlege samarbeidsmøter sett i system.
God økonomistyring	Drift innafor tildelte råmer	Tenesta er drifta innafor tildelte råmer.

Tenesteeining NAV Jølster (350 og 351)

Organisering



Tenester og oppgåver

Avlasting, støttekontakt, ferietilbod – 23410:

I 2014 har totalt 36 brukarar fått støttekontakt. Tal timar støttekontakt er lagt til to timar pr. brukar, i særskilte tilfelle vert det gjeve fleire timar. Noko utfordrande å få tak i personar som kan tenke seg å vere støttekontakt.

Aktivitetssenteret for funksjonshemma – 23420:

Dagsenteret har hatt ope heile året. I ein periode frå august og ut året vart det brukt mykje vikar i påvente av ny tilsetting. Ingen endring i brukargruppa.

Krisesenteret- 24230:

Jølster kommune kjøper krisesentertjenester av krisesenteret i Sogn og Fjordane. Pris i 2014 var 242 921,- kroner.

Førebyggjande edruskapsarbeid – 24280:

Inntekter på sal og skjenkeløyve i kommunen. Inntektene går til betaling av kontrollør i tillegg kan lag og organisasjonar søkje om midlar. Kroner 42 000,- vart i 2014 fordelt til lag og organisasjonar.

Barnevernstenesta – 24400 – 25100 – 25200:

Barnevernstenesta møter born og foreldre både på dagtid og på kveldstid.

Tilsette held seg juridisk og fagleg oppdaterte gjennom deltaking på kurs og fagmøte. Tenesta samarbeider både med første- og andrelinetenesta, t.d. PPT og Buf-etat.

Fristar i barnevernloven skal haldast. Det er eit pålegg og ein rettstryggleik for born og føresette.

Det er eit tett samarbeid kring born gjennom å møte barnet og foreldre, så dei får medverke aktivt i eiga sak.

Barnevernstenesta i Jølster fekk 23 meldingar i 2014. Desse kjem frå foreldre, folk flest og mest frå offentlege meldarar. Dei vart handsama og undersøkte innan fristane. 5 born var under omsorg av barnevernstenesta. 16 born hadde hjelpetiltak. Alle borna har omsorgsplanar eller tiltaksplanar.

Tenesta arbeider kontinuerleg med å bruke og fornye rutinar vi har for sakshandsaming og internkontroll.

Kvalifiseringsprogrammet – 27600:

Totalt 8 brukarar har vore innom kvalifiseringsprogram i 2014. Det har vore betalt ut kvalifiseringsstønad i totalt 63 månadar. Til å finansiere dette er det brukt 568 000,- kroner av fondsmidlar. Det er hovudsakleg busette flyktningar som har fått tilbod om kvalifiseringsprogrammet. Erfaringane tilseier at dette behovet vil vare ved så lenge kommunen buset flyktningar. To år i introduksjonsprogram er ikkje lang nok tid for å verte kvalifisert til jobb på den norske arbeidsmarknaden.

Sosialhjelp- 28100:

Totalt 74 brukarar fekk sosialhjelpsutbetalingar i 2014. Av desse var 20 busette flyktningar. Hovudtyngda av støtta er supplerings til andre ytingar og trygder.

Total utbetaling av sosialhjelp i 2014 var kroner 1 252 956,-. I 2013 var summen 1 735 578,- kroner.

Flyktingtenesta – 351:

I 2014 busette kommunen 8 flyktningar. Av desse var 4 barn under 18 år. Vi hadde gjennomsnittleg 7,75 flyktningar i introduksjonsprogram. NAV leiger mange private leilegheiter i bygda. Dette er avgjerande for at kommunen skal kunne klare å busette. Det er vanskeleg å få tak i eigna husvære til einslege. Råd og rettleiing føregår hovudsakleg ute i heimane. Flyktingtenesta ser at det er behov for oppfølging over lang tid.

Flyktingtenesta har vore med i prosjektet «mamma forstår ikkje- mamma klarar ikkje» prosjektet er ikkje ferdig evaluert endå, men ein ser at det er utfordrande å få barn av flyktningfamiliar med på fritidsaktivitetar.

Vi kjøper norsk- og samfunnskunskapsundervisning frå Førde norsksenter. Flyktingtenesta ordnar sjølv med språkpraksisar og arbeidspraksisar. Vi har godt samarbeid med dei ulike tenestene i kommunen og andre private arbeidsgjevarar.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
196 000	Innsparing aktivitetssenteret (23420) Ei vakant stilling frå august og ut året, bruk av vikar når dette har vore mogeleg å få.
332 000	Auka behov for støtte og avlastning på sommaren. 140 000 mindre i refusjon frå staten på fosterheimsgodtgjersle. Auka kommunale betalingssatsar.
332 000	Mindre bruk av fondsmidlar enn budsjettert
557 000	Mindre utbetalt i sosialhjelp enn budsjettert
500 000	Flyktingtenesta har gått med overskot som budsjettert.

Personellsituasjon

NAV kontoret har totalt 7,8 stillingar, ein reduksjon på 20% frå 2013. Kontoret har svært stabil arbeidsstokk og det er lite fråvær i form av sjukmeldingar. Vi har kvalifisert personell med lang erfaring.


Arbeidsmiljøundersøkingane viser at det er eit godt arbeidsmiljø på NAV Jølster.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Tilgjengeleg barnevern teneste for samarbeidspartnarar og brukarar.	Alle born med vedtak om hjelpetiltak eller omsorgstiltak skal ha tiltaksplan/omsorgsplan. Bruke og fornye rutinane vi har aktivt i sakshandsaminga	Alle born har tiltaksplanar eller omsorgsplanar. Tenesta har arbeidd aktivt med rutinar og prosederer.
Busetting av flyktningar jf. vedtak kommunestyret 2013	Minimum eit heimebesøk i månaden for dei i introduksjonsprogram. Installere og ta i bruk programmet socio flyktning. Utarbeide og ta i bruk rutinar på flyktningarbeidet.	Heimebesøk vert gjennomført etter plan. Barnefamiliar vert prioritert og får fleire besøk i månaden. Tenesta har installert og teke i bruk nytt dataprogram.
Yte tenester etter lov og forskrifter	Sikre gode brukarmøte ved å bruke motiverande intervju metoden.	Hausten 2014 gjennomførte vi systematisk kollegarettleiing.
Ingen langtidsmottakarar av sosialhjelp som einaste yting.	Alle brukarar med sosialhjelp som einaste økonomisk yting skal kartleggjast og få tilbod om arbeidsretta tiltak. Bruke og følgje opp nye rutinar på sakshandsaming økonomisk sosialhjelp Fokus på økonomisk rettleiing og frivillig og tvungen forvaltning for brukarar med økonomiske utfordringar.	Kommunen har få som berre har sosialhjelp som einaste yting. Desse er kartlagde. Kontoret føl opp nye rutinar og kontrollera at desse vert følt. Vi tilbyr friviljug forvaltning til dei som har behov for det.

Skei heimetenester (371)

Organisering



Ny organisering frå oktober 2014. Heimly bufelleskap og Skei heimetenester er slått saman under felles leiing med 50% tenesteleiar og 50% arbeidsleiar. Det er frå mai 2014 tilsett to sjukepleiarar i 20% stilling kvar i demensteam for heile kommunen.

Tenester og oppgåver

Tabell: 2012 og 2013 er tildelte timar pr. veke heimehjelp og heimesjukepleie, tal personar som mottok tenester pr.31/12. Frå 2014 utførte timar pr. veke snitt av veke 20 og veke 50, tal personar som mottok tjenester frå 01.01.14 til 31.12.14 (tal er henta ifrå cos doc).

	Utførte timar pr.veke	Heime-sjukepleie	Heime-hjelp	Trygg-leiks-alarm	Dag-opphald	Matom-bringing	Omsorgsbustad
2012	190 timar	43 personar	32 personar	27	19	18	16
2013	205 timar	45 personar	30 personar	30	18	18	16
2014	204 timar	49 personar	32 personar	34	15	21	16

Tal brukarar, mengde og kompleksiteten av tenester som vert gitt er ikkje stabil gjennom året.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-1 136 000	Positivt avvik på over 1 mill. Sparetiltak, utsett oppstart av demensteam, utsett oppstart av ekstra ressurs, fordeling av ekstra ressurs til heimetenesta Vassenden tilsaman 430 000. Brukt 300 000 mindre på KLP og arbeidsgjevaravgift enn forventa. Brukt assistent /helsefagarbeidar som vikar for sjukepleiar frå sept. på grunn av at ein ikkje har søkjar på stillinga ca. 150 000. Meir inntekter på brukarbetaling ca.50 000.

Personellsituasjon

Avdelinga har personell med fokus på kvalitet og gode faglege tenester. Det er stor vilje til å vere fleksibel å tileigne seg kunnskap. Det er svært vanskeleg å rekruttere fagpersonar til vikariat. Ferieavviklinga og periodar med høgt fråvær er ei utfordring for avdelinga. Tal søkjarar på vikarstillingar med fagkompetanse samsvarar ikkje med avdelinga sitt behov. Ein har nytta sjukepleiar frå vikarbyrå for å stette dette behovet i hovudferien.

Sjukefråvær: Avdelinga har hatt eit sjukefråvær på 14%. Det er høgt, dobling frå 2013 og snitt for kommunen, men er i liten grad jobbrelatert.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
- Yte gode tenester etter gjeldande lovverk	-Drifte tenesta etter gjeldande lovverk og planar -Ha fagleg forsvarleg drift gjennom heile året -Ha fokus på kvalitet på tenestene -Evaluere enkeltvedtak på tenester og implementere tenestestandardar	Intern evaluering: -Vidarefører bruk av elektroniske meldingar -Opplæring på alt personale på bruk av Veilederen, elektronisk program med lovverk og e-læringskurs -Har brukt vikarbyrå for å sikre sjukepleiarkompetanse i ferieavviklinga -Fokus på opplæring av nytilsette -Har rutiner på bruk av avvik som læring og utvikling -Tilsette på kurs innafor aktuelle fagområder -Ein assistent ferdig med teori innafor helsefag -Ein assistent på deltids studie i vernepleie - Avdelinga har ressursjukepleiar i kreftomsorg -Internundervisning i avdelinga -IPLOS i bruk som kartleggingsverktøy -Har hatt brukarundersøking -Har registrert kvalitetsindikatorar på fall i heimen og tal tenesteytarar -Delteke i KS sitt effektiviseringsnettverk
-Vi vil vere ein god og attraktiv arbeidsplass	-Ha eit godt arbeidsmiljø -Følgje opp IA-avtalen -Ha fokus på kompetanseutvikling -Rekruttere studentar og fagpersonell	Intern evaluering: -Avdelingsmøter kvar 3.veke -Har hatt nokre medarbeidersamtaler -Har hatt medarbeidarundersøking -Felles personalmøter med andre avdelingar -Brukar IA avtalen i oppfølging av personalet ved sjukdom -Har sjukepleiestudentar og helsefagarbeidar i praksis -Ikkje greidd å rekruttere sjukepleiar til vikariat
-Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rårer	-Realistisk budsjett -Rapportere avvik og konsekvensar av avvik	-Leverte rekneskapsrapportar med fokus på avvik -Har drifta innafor tildelte rårer

Demensteam


Oppstart 7.mai (juni, juli og medio august, vakter i avdelingane i ferieavviklinga)

Aktivitetar i teamet: Informasjon til innbyggjarane og samarbeidspartar gjennom møter, stand på «Din Jølster dag», informasjonsfoldar, nettsida. Laga retningslinjer og prosedyrar. Delteke på kurs og møter. Delteke på pårørandeskule. Hatt heimebesøk/kartleggingssamtaler etter tilvising frå lege.

Er ei styrking av tenester til personar med demens og deira pårørande.

Skei Bufellesskap (372)

Organisering



Tenester og oppgåver

Skei bufellesskap består av følgjande avdelingar:

- Skei bufellesskap; 19,8 årsverk fordelt på 40 personar
- Produksjonskjøkken Skei og mottakskjøkken Vassenden; 4,8 årsverk fordelt på 5 personar
- Vaskeri; 1,4 årsverk fordelt på 2 personar, avvikla i oktober.
- Reinhold; 1,2 årsverk fordelt på 2 personar
- Arbeidstova; 0,5 årsverk.
- Merkantil teneste: 1,0 årsverk, teneste overfor bufellesskap, kjøkken, heimeteneste og Heimly.

Politiske føresetnader: Pleie og omsorg var i 2006 gjennom ei omorganisering der sjukeheims plassane vart omheimla til omsorgsbustadar i bufellesskap. Målalet var 23 bebuarar, i løpet av 2014 er det blitt redusert frå 28 til 25 bebuarar. Samhandlingsreforma har ført med seg nye krav om samhandling på tvers av struktur og nivå av helsetenester i Jølster Kommune. Lokal prosess er vedtekten og utbygging av omsorgsenteret vart sett i verk hausten 2014.

Det har vore 36 ulike bebuarar i omsorgsbustad-bufellesskap. 13 personar har vore på 28 avlastnings/korttidsopphald, totalt 322 liggedøyer.

Dagsenteret er open 2 og 3 dagar i veka. I gjennomsnitt var det ca 18 personar frå bygda som nytta seg av dagopphald i 2014.

Kjøkkensjef er mellomleiar for kjøkkent, både på Skei og Vassenden og for vaskeri og reinhald, mottakskjøkkenet på Vassenden, og vaskeriet vart avvikla i oktober, men ein beheldt 40% i vaskeriet ut året til handtering av pasientklede.

I snitt vert det produsert omlag 530 middagar pr. veke ved produksjonskjøkkenet på Skei. Litt over halvparten vert sendt for vidare distribusjon til Vassenden. Matombringning ute på bygdene vert utført i regi av Jølster Frivilligsentral.

Økonomi

Siste åra har pleietyngda auka, med meir komplekse og utfordrande problemstillingar hos den enkelte pasient. Det medfører meir bruk av overtid, ekstrarhjelp og slitasje på fast personell. Ein har lukkast med å få eit overskot i drifta i 2014.

Avvik	Kommentar til avvik
-378 000	Positivt avvik. Nytt kortvakter ved innleige av vikar. Refusjon på langtidssjukmeldingar, ikkje nytta vikar fullt ut. Omlegging og nedbemanning i kjøkkendriftinga. Avvikling av vaskeriet. Avvikling av enkelttiltak. Mindre pensjonsutgifter.

Personalsituasjon

Tenesta har eit stabilt personale med god geriatrikompetanse. 1 sjukepleiar har vidareutdanning i geriatri/demensomsorg. Ei gruppe frå personalet har delteke i Demensomsorgas ABC, eit prosjekt som har gått over fleire år. Dette er med på å auke kunnskapen og kompetansen kring pasientar med demens.

Det er vanskelig å få rekruttert fagpersonar, særskilt til vikariat og ferieavvikling. Dette året har det ikkje vore nytta vikarbyrå til ferieavvikling. Vi har gjennom året hatt ein del ledige helge-stillingar.

2014 har vore utfordrande med omorganisering, utbygging og reduksjon av tenester, som naturleg nok har påverka dei tilsette i avdelingane. Frå oktober gikk ein over til ny organisering i leinga. Tenesteleiar fekk ansvar for Vassenden busenter og Skei bufellesskap, og det vart oppretta arbeidsleiar i 50% administrativ stilling i kvar av einingane.

Kjøkkenet ved Vassenden omsorgssenter vart avvikla i oktober. Dette førte med seg ein del utfordringar. Det vart noko meirarbeid på kjøkkenpersonalet. Ved endring/flytting av ulike oppgåver og rutinar, har dette gått seg til etter kvart.

Sjukefråværstatistikk

372	2011	2012	2013	2014
Avdeling/turnus	9,1	9,87	9,83	16,67
Adm/dagarbeid (ny)				16,46
Kjøkken				12,52
Heile kommunen	6,5	6,74	8,43	7,22


Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Yte forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk.	- Sikre oppdatering jfr samhandlingsreforma og nytt lovverk. - Oppdatere kvalitetsutviklingssystem	- Kostra - Drift og planlegging etter samhandlingsreforma sine krav. - Fokus på opplæring av ny tilsette. - Har rutinar på at ein brukar avvik som

	met. • Sikre fagleg forsvarleg drift.	læring og utvikling - Fokus på prosedyrar og oppdatering av desse.
Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell.	• Godt arbeidsmiljø • Utviklande fagmiljø og kompetanseutvikling • Sikre IA og reduisering av fråvær. • Vernerunde	- Medarbeidarsamtale er gjennomført, men ikkje fullført. - Har avdelingsmøter kvar 3 veke. I tillegg faste sjukepleiemøter - Internundervisning etter gjennomført utdanning/ kurs. - Vernerunde gjennomført og handlingsplan er utforma. - Bruk av IA avtalen ved oppfølging av personalet - Har rekruttert fagpersonell
Drifte tenesta innafor tildelt økonomisk råde	• Realistisk budsjett • Sikre god økonomistyring	- Har levert reknskapsrapportar med fokus på avik - Lukkast å drifte innafor tildelte råde

Heimly bufellesskap (373)

Organisering



Ny organisering frå oktober 2014. Heimly bufellesskap og Skei heimetenester er slått saman under felles leiing med 50% tenesteleiar og 50% arbeidsleiar.

Tenester og oppgåver

Heimly bufellesskap yter teneste til 6 personar, med bemanning heile døgnet. Det er 5 leilegheiter i eit rekkjehus og 1 husvære i Vikja buettslag. Rekkjehusvære er eigd av Heimly bustadstifting, som har ansvar for vedlikehald og drift av eigedomen. Kommunen leiger areal til ein personaldel. Bebuarane har leigeavtale med stiftinga.

Tildelt teneste pr. veke 2014

Heimehjelp	Heimesjukepleie	Praktisk bistand	Dagtilbod Aktivitetssenter	Dagtilbod Mona Vekst/Inn på tunet
141 timar	58 timar	115 timar	110 timar	22 timar

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-264 000	Fråvær av fagutdanna personell, brukt assistent som vikar på grunn av lite tilgang på fagutdanna personell som vikar.

Personellsituasjon

Stabilt personale med lang erfaring, som tøyser seg langt for at brukarane skal ha gode dagar. Sjukefråværet er høgt, men er i liten grad jobbrelatert. På grunn av at tilsette er mykje åleine på jobb, kan det vere vanskeleg å legge til rette med lettare, eller anna arbeid.

Sjukefråvær 2014: Heimly: 8,5%, Bustad 1: 16,9%, Bustad 2: 1,7%. I 2013 vart det etablert eiga bakvaksordning for Heimly, etter krav frå organisasjonane. På grunn av avstand mellom einingane er det 2 nattevakter ved Heimly bufellesskap, 1 vakande og 1 kvilande. Dette er vidareført for 2014 fram til planlagt

ombygging er ferdig, haust 2015. Ein får då samla tenestene og det vil vere tilfredstillande med ei vakande nattevakt.

Ei eining må ha dispensasjon frå arbeidstidsreglementet på grunn av lange vakter i medlevarturnus.

Heimly bufellesskap har framleis dispensasjon frå Lov om helse og omsorgstenester kap.9, tvang. Lova krev minimum vidaregåande helsefagleg utdanning for å bruke tvangsvedtak. Det kan ein i dag ikkje stette. Ein assistent er no under utdanning til vernepleiar.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
- Yte fagleg forsvarlege tenester innanfor økonomisk ramme og gjeldande lovverk	- Ivareta brukarane sine behov og arbeide mot auka funksjonsnivå og sjølvstende	-Utført faste IPLOS registreringar Oppdaterte tiltaks- og pleieplanar Sparetiltak medfører vanskar med å oppfylle ulike vedtak på tenester. Liten del fagutdanna personale medfører større ansvar og meirarbeid for fagpersonar og leiar, i kvalitetssikring av tenesta. Brukarundersøkingar er ikkje gjennomført i år. Målt kvalitetsindikatorar i tenesta. Delteke i KS effektiviseringsnettverk.
- Vere ein attraktiv arbeidsplass	- Arbeide for å styrke kompetansen i einingane - Ha fokus på arbeidsmiljø, personale som ressurs, og IA-avtala - Ha tett samarbeid med verneombod og tillitsvalde -Arbeide for samlokalisering av bustadane	-Tilsett vernepleiar 100% i januar 14. -Tilsett assistent permisjon for deltidsutdanning i vernepleie. -Låg deltaking på kurs. -Fokus på arbeidsmiljø på møter. -Samarbeid med tilsette, NAV, og legar ved langvarig sjukefråvær. -Gjennomført medarbeidarundersøking. -Fast vernerunde med tiltaksplan. Kontakt med verneombod og tillitsvalde ved behov. -Arbeidet er planlagt ferdigstilt haust 2015.
- Drifte tenesta innanfor økonomiske rammer	- Ha oversikt over økonomien i eininga.	-Leverert rekneskap- og tertialrapportar med fokus på avvik. Prognose kan vere vanskeleg å berekne då refusjonar og innbetalingar ikkje alltid er ført når rapport skal leverast.

Inn på tunet


Kommunen har avtale om kjøp av teneste minimum 8 timar i veka med tilbydar Nina Erichsen i Årdalen. Det har variert ein del i timetal, og kven som har kjøpt teneste gjennom året. Bruken har gradvis blitt redusert i tråd med reduserte økonomiske rammer.

Dei som har nytta tilbodet i år er Vassenden barne- og ungdomsskule, Psykisk helsevern, Skei heimeteneste og Heimly.

Det står kr. 22057,33 på fond. Det skal nyttast til møter, kurs, utstyr og utvikling av tilbodet.

Heimetenesta Vassenden (381)

Organisering



Tenester og oppgåver

8,9 %stilling i to delt turnus, fordelt på 14 tilsette. Tenesteleiar i 100% stilling. Heimesjukepleie og heimhjelp har eit tett samarbeid.

Tabell over tal personar som mottok tenester. (Tal henta frå elektronisk pleieprogram)

Pr. 31.12.	Tildelte timar pr. veke	Heime- Sjukepleie	Heimhjelp	Tryggleiks- alarmar	Dag- opphald	Mat om- bringing	Omsorgs- bustad
2014	175,45t (gj.snitt valt frå tilfeldig valte veker.	60 pers.	24pers.	16	8	19	27

I tillegg kjem BPA til ein brukar ca. 11,5 timar i veka.

Timar pr. veke er pasientretta arbeid heime hjå pasient, anna arbeid kjem i tillegg. Det er variasjonar i tenestene ein yter frå månad til månad.

I tillegg til tryggleiksalarmane har vi trådløst alarmsystem i 10 omsorgsbustadar.

Heimetenesta har fått ein auke i oppgåver og utfordringar dei siste åra. Utfordringane er særleg knytt opp til pasientar med samansette problemstillingar og kroniske livsstilssjukdomar som treng teneste frå fleire nivå i helsetenesta og langvarig oppfølging. Tenestetilbod til heimebuande personar med demens er til tider ei utfordring. Demensteam er etablert og jobbar med informasjon, kartlegging og førebygging. Hausten 2013 vart det vedtatt ein plan for dagaktivitetstilbod der det ligg føringar for dagtilbodplassar for personar med demens.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-1 107 000	Hovudårsak til positivt avvik er: Bruk av assistent/fagarbeidar i vakant sjukepleiarstilling og ved sjukefråvær. Lågare vikarutgifter pga nedgang i sjukefråvær frå året før. BPA stilling stått vakant nokre månader. Ikkje brukt omsorgsløn. Godt samarbeid mellom enkelttiltak og heimetenesta om brukarar. Samarbeidet resulterer i at ein til tider slepp innleige ved kortids fråvær. Større inntekter enn budsjettert, m.a. husleige.

Personellsituasjon

Det har vore eit krevjande år for personalgruppa grunna omstilling og omorganisering. Sjukefråværet er redusert frå 13,55% i 2013 til 5,38 i 2014, noko som er positiv utvikling. Enkelttiltak, psykisk helsevern, flytta inn i første etg. i dei «nye» omsorgsbustadane i oktober-13. Dette har resultert i eit betre og fleksibelt samarbeid om personale og pasientar. Psykiatritenesta var lagt under heimetenesta hausten 2014 og ein fekk tilsett arbeidsleiar 50% i psykiatri og 50% i heimetenesta. Ein tenkjer at dette skal føre til endå tettare samarbeid og utvikle tenesta meir effektivt.


Fast personale i avdelinga har etter kvart opparbeida seg god kompetanse i form av vidareutvikling og vidareutdanning. I haust starta ein sjukepleiar på vidareutdanning og 2 sjukepleiarar gjennomfører del tre av studiering i abc demensomsorg.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk	- Sikre ivaretaking av nye lover, krav og planar. - Sikre fagleg forsvarleg drift. - Nytte kvalitetssystemet i det daglege arbeidet. - Implementere tenestestandar inn i vedtaka.	-Nyttar kvalitetssystemet -Oppdatert lovverk ligg tilgjengeleg i avdelinga -Leiar deltar på kurs for å oppdatere seg på lovverk mm. -Tenestestandar er no ferdig, klar til å implementerast inn i vedtaka. -Intern evaluering
- Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell	- Behalde eit godt arbeidsmiljøet. - Følgje opp IA avtalen. - Implementere kompetanse plan når den er på plass. - Sikre god samhandling med vidaregåande skular og høgskulen for å få studentar i praksis	-Faste avd. møter i turnus -Utført medarbeidersamtale med tilsette. -Ved sjukefråvær i avd. har ein følgd IA avtalen. -Avd. har vore med i kommunalt sjukefråværsprosjekt. -Sjukepleiestudentar og helsefag elevlar i praksis. -Ein spl. på vidareutdanning. -Kompetanseplan er under arbeid.
- Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rammer	- Lage realistiske budsjett - Rapportere konsekvensar og avvik.	-Leverert budsjett, rekneskapsrapportar og tertialrapport. - Avviksregistrering kvartalsvis. -Har drifta innanfor tildelte rammer.

Vassenden busenter (382)

Organisering



Tenester og oppgåver

Vassenden busenter har 19 pasientrom. 10 omsorgsbustader i bufellesskap og 9 sjukeheimsplassar. 4 av sjukeheimsplassane er korttids/rehabiliterings plassar. 7 av plassane er i skjerma eining, tilpassa personar med demens. Dagsenteret har 15-18 plassar som vert nytta bebuarar i omsorgsbustad og heimebuande eldre.

Samhandlingsreforma har ført til stor pågang på plassar. Det har i periodar, vore store utfordringar med å finne plass til alle som har behov for korttids plass og rehabilitering etter sjukehusopphald, då desse har vorte nytta til pasientar med behov for langtids plass. Vassenden busenter har i 2014 hatt 5 pasientar på langtidsopphald i sjukeheim og 16 pasientar i bufellesskap. 26 ulike pasientar har hatt korttidsopphald, til saman 1170 døgn. 18 personar har hatt dag-opphald.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
- 806 000	Positivt avvik.128 000 meir inntekt på brukarbetaling. Refusjon for langtidsfråvær hos leiar, ikkje erstatta med vikar. Bruk av kortvakter ved fråvær. God fagdekning i 2014, lite brukt overtid. Mindre utgifter til pensjon.

Personellsituasjon

2014 har vore eit år som har hatt fokus på omlegging og førebuing til samanslåing av institusjonane. Dette har påverka personalet i avdelingane, og det har vore noko usikkerheit og uro i eininga.

Frå september gikk ein over til ny organisering i leiinga. Tenesteleiar fekk ansvar for Vassenden busenter og Skei bufellesskap, og det vart oppretta arbeidsleiar i 50% administrativ stilling i kvar av einingane.

Frå oktober vart kjøkkenet ved Vassenden omsorgssenter avvikla. Dette førte med seg ein del utfordringar. Det vart noko meirarbeid på avdelingspersonalet. Ved endring/flytting av ulike oppgåver og rutinar, og samarbeid med andre einingar, har dette gått seg til etter kvart.

Vassenden busenter har på det jamne hatt god dekning av fagpersonell i 2014. Ein har ikkje alltid fått dekkja opp med fagpersonar i ledige vikariat og ved anna korttidsfråvær. Til ferieavvikling nytta vi 3 veker med sjukepleiar frå vikarbyrå.

Innføring av samhandlingsreforma har medført fleire og dårlegare pasientar raskare ut i kommunane, noko som aukar behovet for sjukepleiarkompetanse i avdelinga. Vassenden busenter har mykje god og relevant kompetanse. 2 sjukepleiarar og 1 hjelpepleiar har etterutdanning i rettleiing. Desse har hovudoppfølginga av studentar og elevar. 2 sjukepleiarar har etterutdanning i lindrande behandling, 2 sjukepleiarar har vidareutdanning i akuttsjukepleie, og ein sjukepleiar med vidareutdanning i geriatri. Ei gruppe frå personalet har delteke i Demensomsorgas ABC, eit prosjekt som har gått over fleire år. Dette er med på å auke kunnskapen og kompetansen kring pasientar med demens.

382	2011	2012	2013	2014
Avdeling/turnus	14,3	8,91	12,91	9,38
Adm/dagarbeid (ny)			25,64	14,39
Heile kommunen	6,5	6,74	8,43	7,22

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk	-Sikre avdelinga sin kjennskap til gjeldande lovverk, og lokale føresetnader -Sikre fagleg forsvarlegheit -Sikre oppdatert kvalitetssystem	Intern evaluering av kvalitetssystemet Tilknytt NOKLUS Samarbeidsavtale med hygienesjukepleiar, helse vest. Har nytta vikarbyrå til ferieavvikling for å dekke behovet for sjukepleiarkompetanse.
Behalde og rekruttere fagpersonell	-Sikre oppfølging av IA avtalen -Behalde eit godt arbeidsmiljø - Jobbe for å få eit tettare samarbeid med heimenesta.	Ei gruppe arbeider med demensomsorgas ABC. 1 spl deltek i nettverk av ressurssjukepleiar i lindrande behandling. Hatt sjukepleiarstudentar i 2 praksisperiodar. Samarbeider med NAV om praksisplass til elevar Har gjennomført medarbeidersamtaler. Har følgd opp tilsette etter IA avtale i samband med sjukefråvær. Samarbeidd med heimenesta om personell, og einskilde brukarar. Samarbeid med fysioterapeut om rehabilitering.
Drifte tenesta innanfor tildelt råde	-Realistisk budsjett -Sikre god økonomistyring	Følgd opp med rekneskapsrapportar Kontinuerlig Intern evaluering Positivt årsrekneskap

Plan og næring felles (400)

Organisering



Til ansvarsområdet er det knytt ei 50 % konsulentstilling med ansvar for mellom anna næringsarbeid og samfunnsutvikling. Denne er frå og med 01.01.2015 flytta til ansvar 610.

Tenester og oppgåver

Til ansvarsområdet 400 (jamfør budsjettoppsettet) ligg rådgjeving og bistand til næringslivet samt utviklingsoppgåver realtert til næringslivet utanom tradisjonelt landbruk.

Næringsarbeid

Sunnfjord Næringsutvikling (SNU) forvaltar næringsfondet til Jølster, Førde, Gaular og Naustdal. Det betyr at handsaminga av søknader om støtte ikkje lenger ligg til kommunen. Vi opplever framleis at ein del tek kontakt for å få hjelp og rådgjeving om korleis dei skal gå fram i konkrete saker, men dei fleste tek direkte kontakt med SNU. I 2014 handsama styret for Næringsfondet 42 saker, 16 av desse var frå Jølster. I tillegg fekk to saker avslag på søknad om støtte. Fondet fekk påfyll med kr. 1.310 379,- og ved årsskiftet 2014/15 sto det att kr. 290 469.

Næringskonsulenten har vore engasjert i arbeidet med kommuneplan, kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, spelemiddelsøknader, lysplan for Skei, samt profileringsarbeid. Ansaret for den årlege Smykkefesten der «nye» Jølstringar får utdelt sin liljekross ligg også til avdelinga. Dialogen med Jølster Næringsforum er god. Vi har dialogmøter vår og haust og drøftar ulike tema.

Økonomi

Budsjett og rekneskap omfattar i hovudsak postar knytt kommunen sitt arbeid med tiltaksarbeidet/næringsarbeidet og prosjektmidlar til kommuneplanen. Tiltaksarbeidet vert finansiert ved bruk av konsesjonsfond.

Rekneskap 2014 - ansvar 400 (kr)					
Ansvarsnr	Ansvar	R2014	B2014	Awik i kr.	Forbruk i %
400	Plan og næring felles	132 832	97 000	35 832	137

Avvik	Kommentar til avvik
35 832	Meirforbruk på kr. 35 832 er i hovudsak som følgje av utbetaling for tiltak ved Astrup sin gravplass på Ålhus

Personellsituasjon

Det har vore mykje arbeid knytt til ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel i 2014. Denne vart vedteken i møte 09.12.14 i KST sak 083/14. Det har og vore arbeid med fleire viktige næringsrelaterte prosjekt mellom anna infrastruktur til Sunnfjord næringspark på Moskog. Kommunen har vore inne i ein periode med store planprosjekt og utbyggingar og dette vil halde fram i økonomiplanperioden. Gjennomføring og oppfølging av desse tiltaka har gjeve og gjev framleis store utfordringar i praktisk gjennomføring med grunnlag i tilgjengelege resursar. For å sikre kvaliteten og ivareta økonomien i prosjekta er det særskild viktig å setje av tid og resursar til oppfølging av prosjekta eventuelt til å leige slik kompetanse.

Bibliotek(510)

Organisering



Jølster bibliotek har to avdelingar, hovudbiblioteket ligg på Skei og kombinasjonsbiblioteket ligg på Vassenden skule. Politisk er biblioteket organisert under Utval for oppvekst, kultur og helse, administrativt under kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Tenester og oppgåver

Biblioteket er forankra i lov om folkebibliotek – som seier at alle i landet skal ha eit gratis bibliotektilbod. Endring i biblioteklova sin formålsparagraf slår fast at biblioteka skal vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentlig samtale og debatt.

Fylkesbiblioteket er vårt service- og utviklingsorgan i Sogn og Fjordane. Det vert lagt stor vekt på samarbeid mellom biblioteka og med aktuelle partar i kommunen. Jølster kommune har inngått ein samarbeidsavtale med biblioteka i indre Sunnfjord.

I 2014 har biblioteka i Jølster hatt opningstid på 24 timar pr. veke, likt fordelt på Skei og Vassenden. Biblioteket har 25 506 registrerte mediar i basen og har hatt 14 706 utlån, 10 096 av desse er til barn og unge og 4610 til vaksne. Dette er ein liten nedgang frå 2013,

Vi samarbeider med: Kulturskulen, Frivilligsentralen, Bis-biblioteka, Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken. Tenestekontoret låner ut bøker utanom opningstid.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
-24 000	Biblioteket er i balanse.

Personellsituasjon


Personellsituasjonen har vore prega av 2 langtidssjukmeldingar og det har i periodar vore utfordrande å ha nok personell til å dekke opningstidene.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Biblioteket som møteplass.	Arrangement. Å lese i sirkel	Vi har hatt 11 bokkafear der vi samarbeider med frivilligsentralen, litt program og triveleg stund med boklån. Samarbeid med Den kulturelle spaserstokken /frivilligsentralen. Lesering for vaksne. Vi har hatt 5 samlingar der vi møtest og snakkar om bøker.
Barn og unge i sentrum.	Sommarles Filial i barnehagen Nynorske bøker til barnehagane Den kulturelle skulesekken Den plutselige scene	Sommarles vart gjennomført, mange las mykje og mange kom på felles avslutningsfest for Skei og Vassenden. Hovudpremien var ein levande forfattar til klassen til dei mestlesande elevane. Vi har 3 barnehage-filialar, Skei, Ålhus og Stardalen der foreldre lånar bøker direkte frå barnehagen. Dei er svært aktive brukarar. Pilot-prosjekt i samarbeid med Nynorsksenteret i Volda. Har søkt og fått eksterne midlar til å vidareutvikle barnehagefilialane med nynorske bøker . «Alt er vatn» Fellesdag i Svidalen for 3.klassane i kommunen. Korleis vart og vert elva og vatnet brukt i Jølster, lesestund og livredning. Scene med musikkutstyr, der ungdom kan vere og øve utanom opningstider. Ventar på nøkkelsystem.
Samlingsutvikling	Lydboksamlinga Norsk bibliotektransport	Vi har utvida lydboksamlinga på Vassenden, Vi har òg fått gaver med lydbøker - desse bøkene vert mykje brukte. Gjer at vi har tilgang på all litteratur i norske bibliotek til fast pris.
Kompetanseheving	Kurs i regi av fylkesbiblioteket Indre Sunnfjordsamarbeidet BIS	Vi har delteke på kurs i litteraturformidling, gjennomgang av kulturfondbøker for barn og vaksne og arbeidsseminar om nye ynskjer og mål for biblioteka i Sogn og Fjordane. Vi har inngått forpliktande avtale med dei andre biblioteka i indre Sunnfjord om drifts og utviklingsoppgåver. Samarbeidet har som mål å fornye og utvikle bibliotektenestene i kommunane og å sikre best mogleg utnytting av felles ressursar til beste for brukarane.

Tenesteeining Plan og Bygg (610) 2013

Organisering



Tenester og oppgåver

Eininga har hovudsakleg ansvar for sakshandsaming etter følgjande lovverk: Plan- og Bygningslov, Brannlov, Matrikkellov, Seksjoneringslov m.fl.

Ansvar for all arealplanlegging i kommunen, byggesaker og delingssaker, medverknad i diverse planarbeid, ROS-analyse, mv. Deltaking i prosjekt, kommunaltekniske anlegg som td vegar og leidningsgrøfter. Oppdatering og ajourhald av kartverk er ei stor oppgåve som er vanskeleg å gje nok merksemd.

Kommuneplan sin arealdel og reguleringsplan for E39 Bjørset-Skei har teke mykje kapasitet, deler av E39 planen har fått ei ny handsamingsrunde grunna store endringar i planfasen. Planavdelinga har og hatt langt meir arbeid med planarkiv enn fyrst anteke. Det er starta opp regulering av to områder, utviding av Helgheim kyrkjegard og revisjon av Hegrenes bustadfelt, i kommunal regi. Private reguleringsplanar som vart avslutta er Brendehaugane og Ålhus sentrum sør/vest. Statens Vegvesen har starta opp regulering/planlegging av lang tunell langs Kjosnesfjorden samt «krabbefelt» opp Lundebotnen. Her er kommunen medverkande. Avdelinga har delteke i arbeidet med ny heimeside. Arbeidet med vegadresse skal ha prioritet i 2015, det har difor vore utført litt «førearbeid» med informasjonsmøte internt med tanke på organisering og arbeidsfordeling. Det går og mykje kapasitet med å yte tenester til andre avdelingar, dette ser vi og i samband med sjukefråvær og vakanse i stillingar i avdelingar som er nær knytt til våre saksfelt. I samband med grunnkjøp til ny parsell E39 er det og oppfølgingsarbeid frå oppmålingsavdelinga med leveranse av måledata og kart til dette.

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
105 000 (mindreforbruk)	Planavdelinga har balanse Byggavdelinga har meirinntekter på byggesaksgebyr Oppmåling har mindreinntekt på oppmålingsgebyr .

På byggavdelinga vart det eit særst godt resultat på gebyr som gjer at sjølv om oppmålingsgebyra vart mindre enn budsjettert vart totalresultatet betre enn vi såg føre oss i løpet av året. I samband med fødselspermisjon i -13 og -14 og litt «overlapp» vart det overforbruk på løn i -13 dette har ført til eit vist «underforbruk» i -14 på planavdelinga pga etterbetalte fødselspengar.

Personellsituasjon

Avdelinga har 2.8 faste stillingsheimlar. I samband med fødselspermisjon og Planregisterprosjektet vart det oppretta ein prosjektstilling for 2 år, frå 01.07.13 til 01.07.15 Dette gjer at avdelinga samla har hatt om lag 3.5 årsverk i 2014. Stabil arbeidsstokk og lite sjukefråvere - ca 2 % - gjer at tenestene stort sett vert produsert i rimeleg tid og med god kvalitet. Avdelinga er svært sårbar med tanke på at kvar enkelt tilsett er «nøkkelpersonell» der arbeidsoppgåvene er spesialiserte slik at det er vanskeleg for andre på avdelinga å overta oppgåver på kort sikt. Dessutan er det lite eller ingen kapasitet til å dekke opp lengre fråver.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Kommuneplan Ferdig 2014	Vedtak på arealdel i 2014	I rute
	Regulering E39 Bjørset – Skei	Plan vedteken, klagehandsaming pågår.
Vegadresse ferdig 2016	Oppstart utsett til 2015	Finansiert frå 2015.
Planregister	Arbeid pågår	Pågår, ferdigstilling i 2015, pga meirarbeid , første versjon er i drift..
Sakshandsamingstid	Halde lova sine krav	Litt etterslep
Geodataplan, løpande revidering	Vurdering av behov jamfør kommuneplan	I rute. Planlagt ortoforto i 2017.

Oppmålingssaker.				
År	Rekvirerte Delingssaker	Saker avslutta med målebrev/ matrikkelbrev	Bustad / næringstomter	Hytter / fritid
2009	30	36	17	10
2010	23	39	22	13
2011	30	24	14	8
2012	32	27	14	11
2013	21	26	7	6
2014	22	23	13	4


Delegerte saker handsama etter Plan- og bygningslova.				
År	Melding driftsbygning	Søknad nye bustader og fritidsbustader	Andre søknader	Sum alle
2010	4	13	56	73
2011	4	14	36	54
2012	4	9	56	69
2013	4	17	70	91
2014	3	14	67	84

I 2014 var det mange søknadar om mindre tiltak til dømes fasadeendring, bakkemurar, utviding av terrasse og veranda og mindre frittstående bygg. 2014 skilde seg såleis lite frå 2013. Fleire av bustadane inneheld fleire bueiningar, slik at det reelle talet på nye bueiningar er litt over 20.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane stadfesta to vedtak, begge knytt til «Vikenhuset».

Drift og kommunalteknikk (620-621)

Organisering



Tenester og oppgåver

Avdelinga har eit variert tenestetilbod innafor områda veg, vatn, avlaup, renovasjon, vedlikehald av kommunale eigedomar, brann og feiarteneste. Avdelinga forvaltar og lover og føreskrifter innafor dei nemnde områda.

Økonomi

Ansvarsområda har hatt fokus på å avgrense kjøp av varer og tenester gjennom året. Det har vore naudsynt å bruke resursar slik at tenestene våre er innafor det ein meiner er akseptabelt. I tertialrapporter har ein meldt inn avvik. Høgre kostnader innafor samferdsle (flaum, ising, frost), veg (maskinformvaltning), vedlikehald bygg og brannvern er hovudårsak til overskridingar.

Ei samla oversikt over rekneskapen med netto drift for tenestene er synt i tabellen under.

Avvik	Kommentar til avvik i ansvarsområde 620
Ansvarsområde 620 Avvik kr . 0,-	- Tenestene innafor dette ansvarsområde skal gå i balanse og regulerast mot fond. - Vatn og avlaup har eit overskot som er ført mot fond. - Feiing og tilsyn har hatt mindre inntekter enn budsjettert. - Gebysatsar for 2015 er oppjustert for å gå i balanse neste år. - Tenestene innafor renovasjon vert gjort opp med SUM og interne kostnader vert justert opp mot ansvarsområde 621.
Ansvarsområde 621 Avvik kr. -275.000,-	Samferdsel har store utfordringar med vedlikehaldsbudsjett generelt. Grusveger må vedlikehaldas for å kunne kjøre dei. Vi skulle spare 500.000,- (ikkje tilsett ingeniør i 2014), men har i steden for brukt ca. 690.000,- meir enn budsjettert på vedlikehald

	av vegar (ca. 120.000,- gjelder ekstra kostnader pga flaum i 2013, kostnader som er meldt på tertialrapport i 2013, men er ført i 2014) <u>Totale meirkostnader samferdsel: kr. 190.000,-</u> • Innafor brannvern har lønnsutgifter, inkludert nye lønnsforhandlingar, påverka underskotet i stor grad. Vi skulle spare 330.000,- (ikkje tilsett brannsjef/brannbefall i 2014), men har i steden for brukt 650.000,- for mye på lønn. <u>Totale meirkostnader brann: kr. 280.000,-</u> • Avdelinga har spart inn så mye som mulig på dei andre området for å få totalt meirforbruket ned til kr. 275.000,-
--	---

Personellsituasjon

Avdelinga generelt

Dei ulike fagområda krev tilstrekkeleg personell for å forvalte oppgåvene på ein akseptabel måte. Eininga opplever at mykje er bra, men har ikkje kapasitet å gjennomføre tiltak i samsvar med krav og forventingar. I år vart spesielt utfordrande på grunn av permisjonen av avdelingsleiaren og vi ikkje har tilsett en vikar i 2014.

Vaktmeistertjenester

Avdelinga har tidlegare fått styrka bemanning på leing og drift av vaktmeistertjenestene, noko vi har god nytte av. Vi hadde 40% stilling ledig til november 2013. Den er brukt for å tilsette en ekstra person som skal (i sommarhalvåret) ivareta vedlikehald av grøntareal.

Samferdsel

Eininga har ca 160% stilling knytt til å ivareta mellom anna kommunale vegar som i dag utgjør om lag 7 mil.

Vatn- Avlaup


Avdelinga har ein driftsoperatør, som drifter vatn- avløpsanlegga i kommunen. Dette er sårbart. Avdelinga nyttar tilsette som jobbar på samferdsel for å hjelpe til når driftsoperatøren ikkje er på jobb.

Brann - feiing

Innafor feiarteneste meiner vi at personellsituasjonen er tilstrekkeleg men sårbar. Administrasjon og førebyggjande arbeid er oppsett med nok personell, men det er utfordrande å prioritere resursane til formålet. Tilgang av brannkonstablar i område Skei og Vassenden kan til tider være vanskeleg. Ved tilsetting av brannkonstabel vil kompetanse, arbeidsplass og bustad nær brannstasjon vere viktige faktorar ein må ta omsyn til.

Næring og miljø (650)

Organisering



Tenester og oppgåver

Eininga skal forvalte verkemiddel- bruken i landbruket, forvalte Jord- og konsesjonslova, skogbrukslova, vilt- og innlandsfiskelova, friluftsløva, lov om motorferdsel i utmark samt ein del særlover retta mot miljøforvaltning i kommunen. I tillegg skal eininga gje uttalar til sentrale myndigheiter i høve arealbruk i Jølster utan for regulert område. Eininga skal og stimulere til ei føremålstenleg utvikling av landbruket i kommune som sikrar og utviklar busetnad og verdiskaping i heile kommunen.

SMIL (tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket):

I 2014 fekk vi tildelt kr. 320 000 i SMIL-midlar i disponibel ramme. I tillegg hadde vi kr. 30 000,- i inndregne midlar. Vi fekk inn 8 søknader innan fristen 1. april, og 6 søknader seinare på hausten. Då vi ikkje hadde brukt opp midlane etter første sakshandsamingsrunde, vart restmidlane annonsert på heimesida. Vi fekk då inn fleire søknader og hadde ikkje nok midlar til å imøtekomme alle. Heile den disponible potten på kr. 350 000,- vart fordelt og brukt opp. Ein stor del av tilskotet vart løyvd til tiltak som gjeld restaurering av verneverdige bygningar i landbruket. Vi har motteke 2 klager på avslag på søknad om midlar; klagen vart handsama i UPU i februar 2015, og sendt vidare til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg avgjerd.

SMIL-ordning	Motteke:	Innvilga:	Avslag:	Tilskot kr:	Løyvt til saman kr:
Søknader:	16	8	5		350 000
Overført frå 2013:	2				
Utsett/overført til 2015:	3				
Tildeling frå FM i 2014:				320 000	
Inndrege tilskot i 2014:				30 000	
Til disposisjon:				350 000	
Rest ubrukt 31.12.14				0	

Tilskot til drenering av jordbruksjord:

Jølster kommune fekk tildelt ei ramme på kr. 140 000,- til drenering. Vi fekk inn i alt 7 søknader på 9 eignedomar og løyvde til saman kr. 70 920,- i tilskot til grøftetiltak.

Produksjonstilskot og avløysartilskot:

Produksjonstilskot/avløysartilskot: tal søknadar handsama i 2014 (2013-tal i parentes):	
Søknadsomgong 20. januar:	132 (139) stk.
Søknadsomgong 20. august:	165 (168) stk.
Til saman handsama i 2014:	297 (307) stk.
Søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom, handsama i 2014:	27 saker, utbetalt tilskot: kr. 583 201,- (762 383,-)

Regionalt miljøprogram: Tilskot utbetalt i 2014, til saman ulike ordningar (2013 i p.):	
Tal søknadar behandla i 2014: 83	Kr. 1 253 765,- (1 419 663,-)
Produksjonstilskot og avløysartilskot, utbetalt i 2014, tils. alle ordningar (2013 i p.):	
Tal søknadar: 01.01.14: 134, 31.07.13: 162	Kr. 36 918 996,- (37.408.801,-)
Til saman utbetalt produksjonstilskot og RMP i jordbruket:	Kr. 38 172 761,-

Regionalt miljøprogram:

Tilskotsordninga Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane omfattar m.a. tilskot til bratt areal, tilskot til ulike spesielle kulturlandskapselement som styvingstre og steingardar, tilskot til freda kulturminne, beitedyr i verneområde, stølsdrift, og til drift av sanke-/beitelag (organisert beitebruk). Første utbetalinga var i mars 2006.

Tal og utvikling for jordbruksproduksjonen i Jølster

<i>Tal frå produksjonstilskotssøknader 1. januar</i>	2014		2013		2012		2011		2010	
Produksjon	Tal brukarar	Dyr e-tal	Tal brukarar	Dyr e-tal	Tal brukarar	Dyr e-tal	Tal brukarar	Dyr e-tal	Tal brukarar	Dyr e-tal
Mjølkekyr	65	149 4	68	158 2	71	159 9	74	157 9	82	156 9
Ammekyr for spesialisert kjøtprod.	4	31	4	32	7	44	8	50	9	40
Anna storfe	82	245 9	83	255 6	85	260 1	86	269 8	94	267 0
Vaksne sauer over eitt år	58	239 7	61	249 8	65	267 8	70	277 9	71	277 5
Sauer under eitt år	57	890	60	890	64	925	68	108 1	69	109 8
Lam slakta, kvalitet 0 eller betre	58	405 7	63	405 8	68	414 4	67	416 1	72	420 7
Lam slakta, kvalitet o-	13	36	11	22	24	87	22	59	25	57
Lam slakta, kvalitet p+ eller dårlegare	10	16	3	7	12	32	8	17	11	26
Mjølkegeiter ¹⁾	4	381	5	592	6	716	7	833	8	903
Ammegeiter for spesialisert kjøtpr.	1	8	3	13	2	14	2	19	2	44
Bukkar og ungdyr, medrekna kje	6	484	8	233	9	324	8	325	9	363
Kje slakta, slaktevekt over 3,5 kg	3	126	2	112	3	108	4	234	6	223

Tal slaktegrisar på teljedato	2	433	2	430	2	410	1	170	2	216
Gris selt, slakt samt livdyr	2	181 9	2	165 9	2	108 8	2	904	4	653
Blårevtisper og sølvrevtisper	2	319	2	309	2	290	2	267	2	199
Vernehøner over 20 veker	7	75	6	54	4	41	5	36	6	56
Hestar 3 år og eldre	6	12	7	12	7	14	8	15	9	16
Hestar under 3 år	1	1	1	1	0	0	1	1	3	3

) Tal mjølkegeitebruk og –geiter er noko missvisande i høve sanering av gamle geitefjøsar gjennom prosjektet friskare geiter. No er alle dei 7 attverande geitebruka i ferd med å slutføre sanering og innkjøp av nye dyr, men tala frå 2014 er altså ikkje «representative» for denne produksjonen.

Skogbruk

Skogkultur kommunevis 2014

Hovedkoder: 002 - 692

1431 - JØLSTER

Tiltak	ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
Totalt 100 FLATERYDDING	0	19	22 155	
Totalt 102 KJEM.BEH. FORARBEID	0	6	1 800	
Totalt 110 PLANTEKJØP	11 100	0	33 100	16 550
Totalt 120 NYPLANTING	11 100	43	31 080	15 540
Totalt 125 ETABL.JULETREPROD.	3 460	6	33 346	
Totalt 131 MEK. ETTERARBEID	0	4	9 000	6 300
Totalt 681 VANSKELIG TERRENG	0	0	0	43 255
Totalt 1431 - JØLSTER			130 481	81 645

Avvirkningsstatistikk

1431 JØLSTER

Virkesgruppe	Privat og kommuneskog	Bygdealmenninger	Statsskog	Sum virkesgruppe	Verdi
1 Gran, industrivirke	9 243	0	0	9 243	3 075 699
7 Juletre	1 100	0	0	1 100	250 000
Sum avvirket	9 243	0	0	9 243	3 075 699
Juletrær	1 100	0	0	1 100	250 000
Pyntegrønt	0	0	0	0	0
Total verdi					3 325 699

Det er avvirka skog for verdi over 3 millionar og seldt juletre for ein verdi av 250 000 kr.

Hjorteforvaltning

Fylke: 14 | Sogn og fjordane
 Kommune: 1431 | Jølster
 Vald: Alle vald
 Jaktfelt: Alle jaktfelt
 Fra år: 2010
 Til år: 2014
 Observasjonsområde: Innmark og Utmark
 Visning: Tabell
 Søk Excel Csv
 Bytt til avansert søk

År	2010	2011	2012	2013	2014	Gj.snitt
Antall jegerdager	2461	2544	2533	2179	2607	2 465
Hannkalv	65	30	29	39	27	38
Hunnkalv	59	25	31	35	37	37
Hann 1 ½ år	55	51	55	67	72	60
Hunn 1 ½ år	91	46	44	57	55	59
Hann 2 ½ år og eldre	114	86	84	88	73	89
Hunn 2 ½ år og eldre	113	60	63	50	59	69
Sum felte hjort	497	298	306	336	323	352
Jaktfelt som har levert skjema	35	39	39	39	36	38

Tabellen er henta frå hjorteviltregisteret

Det kan nå sjå ut som om at vi har nådd det kommunale målet om reduksjon i hjortebestanden, og at denne har stabilisert seg dei siste åra. Det vart felt 323 i 2014, 13 dyr mindre enn året før og fordelinga i prosent er ca. 46 % hanndyr og 36 % hodyr og 18 % kalv.

Viktig arbeid framover blir å følge opp hjorteviltforskriftens mål om reel bestandsforvaltning av hjort.

Fiske

Tabellen under viser fangstar av aure (kg) frå Jølstravatnet i 2008-2013. (tala for 2014 er ikkje klar enno)

Tema	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Aure på flytegarn	9000	9900	8100	11000	9600	13654
Botngarn (estimert)	1500	1500	1500	1500	2500	2000
Sportsfiske (estimert)	2000	2000	2000	2000	2000	2000
Sum	12500	13400	11600	14500	14100	17654

Økonomi

Avvik	Kommentar til avvik
272.872 kr	I budsjettet var det føresett at eininga skulle selje tenester, men det vart ikkje gjort. Det er hovudårsaka til meirforbruket i eininga.

Personalsituasjon

Det har vore eit krevjande år for eininga, med lite resursar i høve til dei måla som er sett for eininga. Solfrid Trå vikarierer i jobben som naturforvaltar. Ho gjekk ut i permisjon i november 2014, og sidan dess har berre 40 % av stilling hennar vore bemanna. Jonny Lofnes er leigd inn 40 % i hennar stilling. Finn Olav Myhren vikarierte som tenesteleiar fram til november. Han slutta då i Jølster kommune. Han hadde elles 3 månaders permisjon i løpet av året. Stillinga som tenesteleiar stod vakant, etter at Myhren slutta.

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Utvikle det tradisjonelle landbruket som basis for all landbruksproduksjon i kommunen	Halde fram arbeidet med fornying av driftsopplegget for all produksjon av mjølk. Betre arrondering gjennom kanalisering, grøfting og aktiv nydyrking Jobbe for at kultur-landskapet skal skjøttast gjennom aktiv beitebruk Oppretthalde naudsynt kvalitet på tilskot-forvaltninga	Det vart handsama, tilrådd og vidaresendt 4 søknadar om finansiering av ombygging/utbygging av driftsbygningar. Innovasjon Norge gav til saman tilsegn på 1.706.000 kr i tilskot til ombygging av sauefjøs (3 søknader) og 792.000 kr til utviding av mjølkefjøs (1 søknad). I tillegg kjem rentestøtte til lån på til saman 4.218.000 kr. Jølster kommunen er elles med og finansierar mjølkeprosjektet i Gloppen og Jølster. Prosjektet driv rådgjeving og rettleiing i høve mjølke- og kjøtproduksjon, både økonomisk rådgjeving og bygningsrådgjeving. Det skjer gjennom møte (fag-, grenda-, mv), studieturar og individuell rettleiing.
Jobbe for å sikre regional næringsindustri tilgang på gode råvarer	Auke produksjonen av mjølk frå 11 – 12 mill liter. Auke produksjonskvotane pr produsent med 10 000 l.	I 2014 vart det utarbeidd 10 ØRT'ar og 2 driftsplanar (+ nokon som er under utarbeiding) for jølstrabønder, gjennom prosjektet.

	Utvikling av sau og geitehaldet – produsentmiljø og nyinvesteringar Utvikle nye landbruks-produksjonar av storfe, svin og egg	Ein ØRT er ein form for produksjonsplan. Ei ØRT-analyse vert brukt til å vurdere kva økonomisk effekt ulike (produksjons-) val medfører, gjennom å analysere og finne forbettringsområde ved ulike driftsalternativ. Driftsplanar vert gjerne utarbeidd i samband med investeringar og syner då korleis det økonomiske resultatet utviklar seg etter at investeringa er gjort.
Utvikle skogbruket for uttak av 10 000 kubikk	Nybygging av 5 km med skogsbilveg Auke årleg utplantning og stimulere til bruk av tilskotssystemet	Ein traktorveg klasse 8 vart godkjent for bygging i 2014. Det vart i 2014 planta ut 11100 plantar og etablert 3460 juletre.
Utvikle sports og næringsfiske	Legge til rette for vidareforedling av auren Legge til rette for god infrastruktur rundt sportsfiske i kommunen Auke sal av fiskekort og andre produkt knytt til fiske	Jølster jakt og fiskelag ønskjer at fritidsfiske aukar, og har innførte i 2014 felles fiskekort i heile Jølster. Dette har ført til auka fiskekortsal i tillegg til at Jølster Aurefest bidrog til ein god del ekstra interesse for fiske i Jølster.
Hjorteforvaltning jfr Kommunalt måldokument	Sikre ei bestandsretta forvaltning Minke skadar og påkøyrleproblematikk	Hjortestamma er redusert og har stabilisert seg dei siste åra (sett hjort-statistikk). Det er mindre påkjørslar og skadar på skog og eng. Prosjekt om bestandsretta forvaltning er godt i gang og Jølster deltar i dette.
Utvikle småkraft-potensialet	Stimulere til etablering av småkraftverk	Prosessar på fleire nyetableringar er i gang.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 017/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/226
---	-------------------------	-------------------------------

Reglement for Jølster kontrollutval med reglement for høyring

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.05.2015	Gjeldande reglement for kontrollutvalet Jølster	2426
13.04.2015	Reglement for Jølster kontrollutval	2104
13.04.2015	Reglement for høyring i Jølster kontrollutval	2105

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Framlegg til reglement for Jølster kontrollutval datert 11.5.2015, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i Jølster kontrollutval datert 11.5.2015, vert vedteke.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat har starta arbeid med gjennomgang av reglementa for kontrollutvala i dei 15 kommunane som vi følg opp. Dette er i hovudsak grunna at mange har gamle reglement, som ikkje er oppdatert i høve til endring i KommuneLOVA frå 1. juli 2013, om at møta i kontrollutvalet skal vere opne. Det vil sei at den alminnelege regelen om møteoffentlegheit i § 31 også gjeld for kontrollutvalet.

Reglement for kontrollutvalet i Jølster vart vedteke av Jølster kommunestyre 13.12.2011, og i reglementet §4 er det teke med at møta er opne.

Jølster kontrollutvalet har teke opp spørsmålet om utvalet bør auke frå 3 til 5 medlemmer, og SEKOM-sekretariatet støttar fullt ut dette innspilet. Dette vil gjere utvalet mindre sårbar og heve statusen til kontrollutvalet. I SEKOM-sekretariat sine 15 medlemskommunar er det 10 kontrollutval som har 5 medlemmer, og 5 kontrollutval som har 3 medlemmer.

SEKOM-sekretariat meiner at det er naturleg å kome med framlegg til nytt reglement for Jølster kontrollutval i samband med at det vert førelått å auke frå 3 til 5 medlemmer i kontrollutvalet.

Nokre kommunar har i samband med nytt reglement også vedteke reglement for høyring i kontrollutvalet. Det er eit reglement som ein truleg ikkje har bruk for ofte, men kan vere greitt å ha dersom det skulle dukke opp sak der høyring vert nytta.

Framlegget som SEKOM-sekretariat har utarbeidd, er ei omsetjing frå bokmål til nynorsk av reglement som ligg i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin «Veileder for høyringer i kontrollutvalgene». Ved sidan av omsetjing, er det gjort små endringar. Her er [lenke til rettleiaren](#) for høyring i kontrollutvala, som FKT har utarbeidd.

I samråd med leiaren for kontrollutvalet, legg vi fram ei samla sak med framlegg til reglement for kontrollutvalet og reglement for høyringar i kontrollutvalet.

Rådmannen har ikkje innvendingar mot at SEKOM-sekretariat førebur sak om reglement for Jølster kontrollutval. Reglementet vert sendt til kommunestyret for endeleg handsaming.

Reglement for kontrollutvalet i Jølster kommune

Lov av 25. september 1902 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Jølster kommune, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 3 medlemer. Det skal veljast tilstrekkeleg med vararepresentantar. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

Ved val av medlemer og varamedlemer skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemer og varamedlemer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jfr. kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørge for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje fråsegn til årsrekneskapen for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggst fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskningar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskningar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemer. Innkallinga vert i tillegg lagt ut på heimesida til kommunen.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggst til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemmane, varamedlemmane, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemmar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som Jølster kommune eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggst til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Vedteke av Jølster kommunestyre 13.12.2011.

Utkast frå SEKOM !

Dato: 11.05.2015
Vår referanse: 15/694
Arkiv: FE-033

Reglement for Jølster kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Kvar av medlemene skal ha eit varamedlem. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørge for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapen for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggjast fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret. Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse, telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen, eller den han utpeikar i kommunen, kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggst til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Utkast frå SEKOM!

Dato: 11.05.2015
Vår referanse: 15/695
Arkiv: FE-033

Reglement for høyring i Jølster kontrollutval

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontroll saker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggst ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelaagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 018/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/294
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av overordna analyse

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Jølster kommune frå KRYSS Revisjon.

.

Saksutgreiing:

Ein viktig del av oppstarten for nytt kontrollutval etter valet, er å starte arbeidet med overordna analyse, som er grunnlag for:

- Plan for forvaltningsrevisjon
- Plan for selskapskontroll

Utarbeiding av overordna analyse har vore ein del av revisor sine oppgåver dei tidlegare åra, og sekretariatet ser på det som ein naturleg arbeidsmåte også denne gongen. Vi har starta drøftingane om korleis analysen kan gjennomførast slik at det ikkje tar unødig lang tid, men samstundes blir ein god reiskap i planarbeidet.

Klipp frå [Kontrollutvalshandboka](#), side 77:

For å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.¹ Planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er i utgangspunktet uavhengige av kvarandre, men det kan vere ein føremon å samordne planarbeidet.²

For å utarbeide gode planar som får fram kva område i kommunen som bør kontrollerast, må det gjennomførast ein overordna analyse av verksemda til kommunen.³ Den overordna analysen skal gje svar på kva område det er knytt størst risiko til, og kva område det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje. Det er viktig at kontrollutvalet er aktivt involvert i prosessen, spesielt når det gjeld vurdering og prioritering av prosjekt som skal gjennomførast i planperioden.

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2015 – 2019, og planen skal vere basert på overordna analyse.

Overordna analyse har som føremål å få fram relevant informasjon om verksemda og eigarinteressene i kommunen, slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og prioritere prosjekt innanfor aktuelle områder. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei gode og nyttige forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte.

SEKOM-sekretariat har dratt i gang samarbeid med Vest Kontroll sekretariat, Kommunerevisjonen i Nordfjord og KRYSS-revisjon, der ein har tinga programmet QuestBack for å bruk til spørjeundersøking i samband med overordna analyse. Det vert elles teke sikte på å bruke same mal for utarbeiding av overordna analyse i alle kommunane.

Tinging av overordna analyse vert lagt fram så tidleg, slik at revisjonen har høve til å innhente synspunkt/erfaringar frå noverande politikarar til utarbeiding av overordna analyse.

SEKOM-sekretariat har avklart med KRYSS Revisjon at dei vil ta på seg arbeidet med overordna analyse.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 019/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/295
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av eigarskapskontroll

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.

1. Har Jølster kommune eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har Jølster kommune rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

.

Saksutgreiing:

Plan for selskapskontroll 2012-2015 vart vedteken av Jølster kommunestyret 5.3.2013 i sak KST-006/13. Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i perioden.

SEKOM-sekretariatet har drøfta med KRYSS Revisjon om det er mogelege prosjekt ein kan sette i gong med parallelt med arbeidet med overordna analyse. Revisor føreslo at det kan gjennomførast ein eigarskapskontroll om korleis kommunen følg opp eigarskapen sin.

Figuren nedanfor viser selskapskontrollen sitt omfang og innhald, henta frå NKRF sin praktisk veileder selskapskontroll



Nokre kommunar har utarbeidd eigarskapsmelding med oversyn over selskap dei er eigar i, og korleis dei skal ivareta og utøve kommunalt eigarskap, medan andre ikkje har dette på plass. Det vil difor vere greitt for kontrollutvalet å få eit oversyn over korleis dette fungerer i kommunen.

SEKOM-sekretariat har sett opp følgjande problemstilling som vi synest er naturleg å ha som spørsmålsformulering i bestillinga av eigarskapskontroll:

1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 020/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/387
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 2-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
04/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	15.2.2010	- Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor om revisjonsarbeidet(finans/generelt)
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsrutinar Plan og Næring	8.5.2013 12.9.2013 20.11.2013 12.9.2014 17.10.2014 4.12.2014 17.12.2014	Sak 013/13 Val av prosjekt Sak 018/13 Tinging Sak 24/13 Prosjektplan Leveringsfrist: september 2014 Sak 016/14 E-post om utsett levering til 1. november E-post frå KRYSS Revisjon om utsett levering til 24. november. KRYSS Revisjon levert forvaltningsrevisjonsrapport. Sak 024/14 vedtak: 1. Kommunestyret tek rapport om revisjon av innkjøpsrutinar for Plan og næring i Jølster kommune til orientering. 2. Kommunestyret viser til konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor. 3. Tiltak skal gjennomførast i samsvar med framlegg

	18.12.2014 10.3.2015	frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik: Oppdatering av økonomireglement innan 1.7.2015. Utarbeide eige innkjøpsreglement innan 1.4.2015. Inngå fleire rammeavtaler gjennom SFFI løpande. Opplæring av tenesteleiarar og bestillarar i innkjøpsreglement og lovverk innan 1.7.2015. 4. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga/framdrifta til kontrollutvalet i møte i mai 2015. Saka sendt Jølster kommune/kommunestyre for handsaming. Handsama av kommunestyret sak 010/15
Forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær	12.9.2014 15.9.2014 26.9.2014 17.12.2014 18.12.2014 22.04.2015	Sak 017/14 vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar, Oppfølging av sjukefråvær, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon. - Formålet er å få kjennskap til om Jølster kommune har system for rapportering av sjukefråvær og oppfølging av sjukemeldte. - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av 2014. - Leveringsfrist 1. mai 2015. 2. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 11. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet. Sendt til KRYSS Revisjon Fått plan frå KRYSS Revisjon Sak 025/14 Prosjektplan vart godkjent. Sendt til KRYSS Revisjon Fått rapporten frå KRYSS Revisjon
003/15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap – Brannalarmanlegg Skei Skule prosjek 2329	26.2.2015 28.4.2015	Vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 21.11.2014. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. Vedtak sendt til Jølster kommune/kommunestyret. Handsama i kommunestyret sak 023/15.
004/15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap Enøk-tiltak 2013 prosjektnr. 2319	26.2.2015 28.4.2015	Vedtak: Kontrollutvalet vil peike på at det burde vore føreteke budsjettjusteringar jamfør revisjonsmeldinga. Med grunnlag i revisjonsuttale datert 10.12.2014 rår kontrollutvalet til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre. Vedtak sendt til Jølster kommune/kommunestyret Handsama i kommunestyret sak 022/15.
005/15 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap gang- og sykkelveg Vassenden prosjekt 1790	26.2.2015 28.4.2015	Vedtak: Kontrollutvalet vil understreke at det har gått for lang tid før rekneskapen for dette prosjektet vart lagt fram. Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 22.12.2014, og rår til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre. Vedtak sendt til Jølster kommune/kommunestyret Handsama i kommunestyret sak 024/15.
006/15 Revisor sin eigen vurdering av uavhengigheit	26.2.2015 10.3.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande. Vedtak sendt som info til Jølster kommune/kommunestyret Referatsak 019/15 i kommunestyret.
008/15 Årsmelding 2014 – Jølster kontrollutval	26.2.2015 10.3.2015	Vedtak: Årsmelding 2014 frå Jølster kontrollutval vert godkjent. Vedtak sendt til Jølster kommune/kommunestyret Handsama av kommunestyret sak 018/15

009/15 Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval	26.2.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 26. februar, 19. mai, 25. august og 9. november. Bestilt møterom for resten av året.
	27.2.2015	
011/15 Eventuelt	26.2.2015	Vedtak: 1. Kontrollutvalet ber rådmannen informere om prosessen for høyringssvar i høve til bu- og driveplikt. Det gjeld m.a. innkalling til arbeidsmøte i komiteen for plan- og utvikling 6.1.2015. 2. SEKOM-sekretariatet førebur sak om nye vedtekter, der ein føreslår auke frå 3 til 5 medlemer, det vert og laga til framlegg til vedtekter for høyring.
	27.2.2015	Sendt vedtak pkt. 1 til Jølster kommune/rådmannen
	3.3.2015	Motteke svarbrev frå Jølster kommune v/rådmannen
FKT sin fagkonferanse 3.-4. juni	6.3.2015	Sendt e-post med invitasjon frå FKT til kontrollutvalet, påmeldingsfrist 10. april.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 19.05.2015	Saksnr 021/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/297
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).